

Vestnorske offerlundar

*Spor etter norrøn kultpraksis i vestnorske
stadnamn*

Krister SK Vasshus

Masteroppgåve i nordisk

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

Hausten 2011



Forord

Å skriva denne masteravhandlinga, er det kjekkaste eg har gjort under den tida eg har vore student ved UiB, og at eg skulle enda opp med å skriva om norrøn religion i stadnamn, er vel noko dei færraste som kjenner meg er overraska over. Som tolvåring fann eg eit oppslagsverk for ulike skapadar frå religion, mytologi og folketru, i kjellaren til ein slektning. Sidan då har eg hatt ei djup fasinasjon av gamle og helst litt kryptiske religionar. Spesielt opptatt blei eg av norrøn religion, og interessa for feltet har blitt sterkare etter som tida har gått, og eg har både fått lese og sett meir om religion (mellom anna gjennom eit årsstudium i religionsvitskap på UiB), samstundes som eg har lært å sjå einskilte ting i samanheng av eit større bilde. Mellom anna har eg brukt mykje tid i Latvia, der den gamle baltiske religionen i nokon grad framleis speglar seg gjennom ei til dels levande folketru og –tradisjon, som eg etter kvart har fått lov å ta del i. I denne folketrua og –tradisjonen, spelar store eiker ei viss rolle, og dette har fått meg til å tenka på gamle kjelder som viser til germansk kultpraksis i samband med holt og lundar.

For de som skal lesa denne teksten, og som ikkje har for vane å lesa akademiske tekstar om onomastikk (namnegransking), vil teksten til tider kunna opplevast som ganske tung. Til dykk vil eg tilråda å ikkje finlesa delkapitla om ‘landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet’, men heller å sjå nøye på kartutsnitta som følgjer med undervegs i teksten. Som heilskap vil eg tru at funna eg har gjort i undersøkinga mi, er like interessante for Ola og Kari som for akademikarar.

Eg har fått mykje støtte og hjelp under arbeidet med dette prosjektet, og eg skylder fleire menneske ein stor takk. Mest av alt vil eg takka venn og rettleiar Ole-Jørgen Johannessen, som har hatt open dør og gitt meg uvurderlig rettleiing frå fyrste dag av. Dette har eg sett umåtelig stor pris på. Av familie, nære venner, og kjenningar, har mange hatt noko å seia for at avhandlinga er det han er i dag. Dei som føler dei har hatt ein finger med i spelet, har nok òg hatt det, og dykk takkar eg for det.

Bergen, november 2011

Krister SK Vasshus

Innhald

Forord	1
1. Innleiing – mål og tema for prosjektet	7
2. Fagtradisjonen	7
2.1. Magnus Olsen.....	7
2.3 Stefan Brink.....	9
2.3. Per Vikstrand.....	10
3. Den heilage lunden.....	11
3.1 Etymologi	12
3.2 Sakrale lund(a/e)-namn i Skandinavia	13
4. Namneledd som opptrer i lokal kontekst.....	14
4.1. Eik	15
4.2. Skeið.....	17
4.3. Leik.....	19
5. Metode.....	21
5.1. Namnemiljøet	21
5.2. Landskyldsmetoden.....	22
5.3. Sentralitet	23
6. Dei einskilde belegga	23
6.1. Lundabrekke, gn. 18 i Selje.....	23
6.1.1 Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet	23
6.1.2. Tolking av namnemiljøet.....	24
6.2. Indre og Ytre Lunde, gn. 40 og 41 i Stryn	25
6.2.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet	25
6.2.2. Tolking av namnemiljøet.....	26
6.3. Lunde, gn. 49 i Stryn.....	27
6.3.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet	27
6.3.2. Tolking av namnemiljøet.....	28
6.4. Lund, gn. 67 i Eid.....	30
6.4.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet	30
6.4.2. Tolking av namnemiljøet.....	31
6.5. Lunde, gn. 32 i Jølster	32
6.5.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet	32
6.5.2. Tolking av namnemiljøet.....	32
6.6. Lundakvammen og Lunde, gn. 104 og 105 i Indre Holmedal	34
6.6.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet	34

6.6.2. Tolking av namnemiljøet.....	35
6.7. Lunde, gn. 20 i Hafslø	36
6.7.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet	36
6.7.2. Tolking av namnemiljøet.....	37
6.8. Hofslund, gn. 15 i Sogndal.....	39
6.9. Lunde, gn. 20 i Balestrand	39
6.9.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet	40
6.9.2. Tolking av namnemiljøet.....	40
6.10. Askelund, gn. 7 i Balestrand	41
6.11. Lund, Lund og Lund, forsvunne gardsnamn i Lærdal.....	41
6.11.1 Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	42
6.11.2. Tolking av namnemiljø.....	43
6.12. Lunde, gn. 65 i Leikanger	44
6.12.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	44
6.12.2. Tolking av namnemiljøet.....	45
6.13. Lundeland, gn. 48 i Hyllestad	46
6.13.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	46
6.13.2. Tolking av namnemiljøet.....	47
6.14. Lund, gn. 42 i Gulen.....	48
6.14.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	48
6.14.2. Tolking av namnemiljøet.....	49
6.15. Lunde, gn. 73 på Vossestrand	50
6.15.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	50
6.15.2. Tolking av namnemiljøet.....	51
6.16. Lund, gn. 47 på Vossestrand	52
6.16.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	52
6.16.2. Tolking av namnemiljøet.....	53
6.17. *Lund, forsvunne gardnamn på Voss.....	54
6.17.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	54
6.17.2. Tolking av namnemiljøet.....	55
6.18. Lunde, gn. 244 på Voss	57
6.18.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	57
6.18.2. Tolking av namnemiljøet.....	59
6.19. Lunde, gn. 70 i Manger	59
6.19.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	60

6.19.2. Tolking av namnemiljøet.....	61
6.20. Lundehaugen, gn. 1,31 på Askøy	63
6.20.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	63
6.20.2. Tolking av namnemiljøet.....	63
6.21. Lundaneset, gn. 42,2 i Vikør	64
6.21.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	64
6.21.2. Tolking av namnemiljøet.....	65
6.22. Lund, gn. 65 Fana.....	67
6.22.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	67
6.22.2. Tolking av namnemiljøet.....	67
6.23. Lund, gn. 24 i Eidfjord	68
6.23.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	68
6.23.2. Tolking av namnemiljøet.....	69
6.24. Lundarvik, gn. 20 i Fusa.....	70
6.24.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	70
6.24.2. Tolking av namnemiljøet.....	71
6.25. Lunde, gn. 45 i Os	72
6.25.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	72
6.25.2. Tolking av namnemiljøet.....	73
6.26. Nedre og Øvre Lunde, gn. 113 og 114 på Tysnesøya	75
6.26.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	76
6.26.2. Tolking av namnemiljøet.....	76
6.27. Lund, gn. 95 i Kvinnherad	79
6.27.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	79
6.27.2. Tolking av namnemiljøet.....	80
6.28. Lundemannsverk og Lunde, gn. 17 og 18 på Stord	81
6.28.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	81
6.28.2. Tolking av namnemiljøet.....	82
6.29. Lunda, gn. 57 i Etne	83
6.29.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	83
6.29.2. Tolking av namnemiljøet.....	83
6.30. Øvre og Nedre Lunde, gn. 109 og 110 i Ølen	85
6.30.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	85
6.30.2. Tolking av namnemiljøet.....	86
6.31. Lunde, gn. 25 i Suldal	88

6.31.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	88
6.31.2. Tolking av namnemiljøet.....	88
6.32. Lundarvoll, gn. 24 i Tysvær	90
6.32.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	90
6.32.2. Tolking av namnemiljøet.....	91
6.33. Lund, gn. 23 på Sjernerøy	92
6.33.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	92
6.33.2. Tolking av namnemiljøet.....	92
6.34. Søndre og Nordre Lunde, gn. 1 og 2 på Åmøy	93
6.34.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	93
6.34.2. Tolking av namnemiljøet.....	94
6.35. Lunde, gn. 4 på Hundvåg.	96
6.35.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	96
6.35.2. Tolking av namnemiljøet.....	96
6.36. Lunde, gn. 47 i Høyland.....	97
6.36.1 Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	97
6.36.2. Tolking av namnemiljøet.....	98
6.37. Lund, gn. 25 i Lund	99
6.37.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	100
6.37.2. Tolking av namnemiljøet.....	100
6.38. Buarlund, gn. 108,2 i Sokndal	101
6.38.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet.....	101
6.38.2. Tolking av namnemiljøet.....	102
6.39. Lunden, ei namneform som vitnar om unge gardar?	102
6.40. Forsvunne namn og nedlagte gardar	103
7. Kommentar til lanskyldsmetoden.....	104
8. Konklusjon	107
Forkortelser og litteratur:	109
Summary	112
Samandrag.....	113

Figuroversikt

Figur 1. Lundabrekke i Selje	25
Figur 2. Lunde og Lunde i Stryn	27
Figur 3. Lund i Eid	32
Figur 4. Lunde i Jølster	34
Figur 5. Lundakvammen og Lunde i Indre Holmedal	36
Figur 6. Lunde i Hafslo	39
Figur 7. Lunde og Askelund i Balestrand	41
Figur 8. Lund, forsvunne gardsnamn i Lærdal	44
Figur 9. Lunde i Leikanger	46
Figur 10. Lundeland I Hyllestad	48
Figur 11. Lund I Gulen	50
Figur 12. Lunde på Vossestrand	51
Figur 13. Lund på Vossestrand	53
Figur 14. *Lund, forsvunne gardnamn på Voss	56
Figur 15. *Lund, forsvunne gardnamn på Voss	57
Figur 16. Lunde på Voss	59
Figur 17. Lunde i Manger	62
Figur 18. Lunde i Manger	62
Figur 19. Lundehaugen på Askøy	64
Figur 20. Lundaneset i Vikør	66
Figur 21. Lund i Fana	68
Figur 22. Lund i Eidfjord	70
Figur 23. Lundarvik i Fusa	72
Figur 24. Lunde på Os	75
Figur 25. Lunde på Tysnesøya	78
Figur 26. Lund i Kvinnherad	80
Figur 27. Lundemannsverk og Lunde på Stord.....	82
Figur 28. Lunda i Etne	85
Figur 29. Lunde i Ølen	87
Figur 30. Lunde i Suldal	89
Figur 31. Lundarvoll i Tysvær.....	91
Figur 32. Lund på Sjernarøy.....	93
Figur 33. Lunde på Åmøy og Lunde på Hundvåg	94
Figur 34. Lunde i Høyland	99
Figur 35. Lund i Lund	101
Figur 36. Buarlund i Sokndal	104

1. Innleiing – mål og tema for prosjektet

I Noreg har me ingen kartlegging av sakrale *lund(a/e)*-namn, slik ein til dømes har i Danmørk (Eggert, 2011), og eg har nytta meg av dette opne terrenget til å avgrensa eit prosjekt som er høvelig stort til ei masteravhandling. Målet mitt var å laga ei framstilling av *lund(a/e)*-gardar på vestlandet, og dela dei opp i sakrale, profane, og usikkert tolka namn. Ei slik kartlegging av sakrale *lund(a/e)*-namn vil vera eit bidrag til å betre forstå utbreiinga og bruk av heilage lundar og offerlundar i førkristen tid i Norden, og skriv seg inn i ein allereie eksisterande fagtradisjon. Etter å ha tråla gjennom Norske gaardnavne (NG) X – XIII, fann eg ei rekke *lund(a/e)*-namn i Rogaland, Hordaland, og Sogn og Fjordane. I Møre og Romsdal finst det berre to usamansette namn, og fem samansette namn av moderne karakter, og eg har derfor valgt å innskrenka undersøkingsområdet til dei tre sørligaste vestlandsfylka.

Namneforma eg bruker på alle gardsnamna i det følgjande, er den moderne namneforma. I dei tilfella eg ikkje kan spora opp moderne namneform på kart, bruker eg den forma som er å finna i NG X – XII. Enkelte gonger vil ein på kart finna ulike namneformer, og då har eg vilkårlig valgt ein av desse namneformene, utan å leggja spesielle krav til kva for ei form eg bør bruka. Karta eg har brukt er frå statkart.no, der rettighetane til kartgrunlaget ligg hos Statens kartverk, Geovekst, og kommunane.

2. Fagtradisjonen

Det viktigaste fundamentet for denne avhandlinga er fagtradisjonen, og arbeid som har blitt gjort tidligare. Utan forskinga som har blitt gjort før meg, ville eg stått utan det nødvendige forarbeidet som utgjer grunnmuren eg har bygd denne avhandlinga på. Derfor skal eg aller fyrst presentera hovudtrekka hos dei viktigaste kjeldene mine, nemlig Magnus Olsen, Stefan Brink, og Per Vikstrand.

2.1. Magnus Olsen

Magnus Olsen er ein av dei mest framtrudande forskarane innanfor runologi, filologi, og namnegransking i Noreg. Arendalitten Olsen byrja si akademiske karriere i ung alder, og blei

amanuensis på Universitetsbiblioteket i 1899 (det året han fylte 21) (Rindal 2003, s. 148). Han var òg ei sær s produktiv forfattar, noko dei 391 verka hans vitner om. Innanfor runologien var han som 24-åring medutgivar av *Norges Indskrifter med de ældre Runer*, saman med Sophus Bugge, og er mellom anna kjent for livlige tolkingar av runeinnskriфта på Eggjasteinen (Marstrander (1949), s. 464 – 465). Innanfor namnegranskinga har han òg sett djupe spor etter seg. Han har gitt ut to bind av NG (Stavanger Amt og Søndre Bergenhus Amt), i tillegg til å vera medforfattar av bindet Finnmarkens Amt. Viktigast for sakralnamnforskinga, er verka *Hedenske kultminder i norske stedsnavne* (1915) og *Ættegård og helligdom* (1927), der han skriv om spor av norrøn religion i norske stadnamn, og om kultsenter i førkristen tid.

Olsen hadde til dels lett for å velja ei sakral tolking i tilfelle der tolkinga var usikker, eller der ein hadde fleire ulike tolkingsforslag, og der ei profan tolking var vel så sannsynlig som ei sakral tolking. Eit døme på dette er det forsvunne namnet Tésal(i)r (Råde i Østfold), som Olsen tolka til å vera ein guddom *Tér < *Tewar, som skal vera nært slekta til Ty. Dette blir skildra av Stefan Brink som ”a philological shot in the dark” (Brink, 2007. s. 119).

I ein artikkel skriv Vikstrand (2009) om Olsen sitt arbeid som sakralnamnegranskar, og ser spesielt på *Hedenske kultminder i norske stedsnavne* og *Ættegård og helligdom*. Eit døme Vikstrand trekk fram for å syna kor ukritisk Olsen ofte kunne vera, er tolkinga han gjorde av namnet Aker i Vang. Olsen identifiserer Aker med *Skjaldarokr*, nemnt i *Morkinskinna*, og tolkar fyrsteleddet til å vera eit tilnamn til Ull/Ullin, **Skjoldr*. Ifølgje Vikstrand, er *skip Ullar* (Ulls skip) ei kjenning for skjold, og Ull er kjend som *skjaldar áss* (skjoldguden), så å sjå **Skjoldr* som eit tilnamn til denne guden er ikkje urimelig. Det er likevel eit problem for Vikstrand at Olsen trekk denne slutninga frå så sparsommelige indikasjonar. Til dømes finst det ingen tilsvarande stadnamn med dette rekonstruerte gudenamnet, og *Skjaldarokr* er nemnt berre denne eine gongen, i *Morkinskinna*.

Men Vikstrand (2009) påpeiker òg at Olsen introduserte eit strukturalistisk tankesett i sakralnamnegranskinga. Dette inneber at det einskilde sakralnamnet ikkje blir tolka isolert sett, men at ein ser både på heile namnemiljøet, og dei generelle språklige strukturane namnet inngår i. Olsen danna grunnlag for over eit hundreår med forskning innanfor sakralnamnegranskinga, og Vikstrand seier at “[s]om inspiratör för generationer av ortnamnsforskare i hela Skandinavien kan hans betydelse heller knappast överskattas”

(Vikstrand 2009, s. 71). For Vikstrand er det likevel viktig å poengtera at Olsen er ein inspirator, og ikkje ein urokkelig autoritet.

Magnus Olsen stod altså for syn som ein kan kalla moderne i høve til dagens forskning. Dette gjeld òg for synet hans på kva samfunns plassering det kultiske hovet har hatt. Han såg hovet for å vera eit slags lokalt samlingspunkt for religionsutøving, og meinte at det høge talet på *hov-gardar* speglar kor alminnelig hovet var rett før religionsskiftet. Etter Olsens meining hadde store og/eller viktige gardar eit hov, og kring hovet hadde ein ei slags forsamling som sokna til dette hovet (men ikkje i same forstand som ein i moderne tid sokner til ei kyrkje).

Han var grunnleggar av tidsskriftet *Maal og Minne*, som han sjølv redigerte i 40 år. Hos Rindal (2003, s. 149) kan ein lesa at han òg var “medlem av Videnskabsakademiet i Kristiania frå 1904, av Det kgl. Norske Videnskabers Selskab i Trondheim og ei rekkje utanlandske vitskaplige akademi”. I 1945 blei han utnemnd kommandør av St. Olavs orden i Noreg, og var i tillegg Storriddar av Falkeordenen på Island, og ridдар av Nordsjöstjärnan i Sverige.

Når ein peiker på deler av Magnus Olsen si forskning, tolkingar, og hypoteser som fantasifulle og livlige, kan ein òg tilføya at det er i ordas positive forstand. Ein viktig del av grunnlaget han la for namnegranskinga i Skandinavia, slik Vikstrand (2009) påpeiker, er desse livlige og fantasifulle tolkingane, fordi dei på den eine sida kan ha vore feilaktige og skapt diskusjon og vidare forskning, og på den andre sida kan ha hatt mykje rett i seg, og vore banebrytande forskning.

2.3 Stefan Brink

Stefan Brink har skriva mykje litteratur om det eldre Skandinavia, og mellom anna har han vore innoom sakrale stadnamn, norrøn religion og det norrøne samfunnet. Til dømes har han diskutert om ein har hatt eit kultisk **al* i Norden (1992), og forsøkt å visa eit bilde over kor ulike guddommar har blitt dyrka i Skandinavia (“How uniform was the old Norse religion?”, 2007). I diskusjonen om eit kultisk **al* har han ytra haldninga om at dei namna som til nå har blitt sett på som samansett med denne namnelekken ikkje er sikre tolkingar, og at ein må sjå på desse namna med nye briller. Utgangspunktet for denne påstanden, er at forskarar på kontinentalgermansk område har sett sine **al*-namn i ein profan samanheng. Men det er òg

påfallande at me her i Skandinavia korkje har skriftlige kjelder om eit kultisk **al*, eller noko tilsvarande dialektord som kan sjåast i samanheng med ordet. I artikkelen “How uniform was the old Norse religion?” (2007), tolkar han òg *Totland* som usikkert sakralt. Dette samsvarer ikkje med Magnus Olsen si tolking av namnet i NG, der *Totland* alltid blir tolka til å vera gamalt **Þórsland*, med teoforisk fyrsteledd. Vidare viser Brink til ein konsentrasjon av teofore namn i det historiske Svíþjóð, og at Ull/Ullin(n) ser ut til å vera den guddommen som er mest representert i Noreg.

2.3. Per Vikstrand

Ei viktig kjelde eg kjem til å bruka for samanlikning og metode er Per Vikstrand si doktoravhandling, *Gudarnats platser – förkristna sakrala ortnamn i Mälardalskapen* (2001). I denne avhandlinga har Vikstrand gått grundig til verks i eit avgrensa område i Sverige, og kartlagt dei sakrale stadnamna han har funne der. Han legg vekt på dnamnemiljøet, noko eg kjem til å ta med meg i mi undersøking i denne teksten.

Lokal kontekst blir nøye gjennomgått hos Vikstrand (2001), og det fyrste kapittelet i avhandlinga heiter *Sakrala ortnamn och det sakrala landskapet*. Her skildrar han ulike typar heilage område, og knyt det opp til arkeologiske funn kringom i Europa. Naturtypar som går igjen som heilage område, til dels over heile verda, er av typen som har ein karakter som skil seg ut. Det kan dreia seg om høgdedrag, klipper, store steinar, grotter, lundar, vassdrag og vasskjelder. Av område som har fått sakral karakter gjennom menneskelig handtverk, trekk han inn fleire ting:

[...] [G]ravar och gravplatser, inhägnader, olika typer av pålar, offerhus, samlings- och festlokaler (för fester med religiös prägel), badstugor för rituala bastubad, tempel, övergivna boplatser, altarliknande konstruksjoner [...].

(Vikstrand, 2001. s. 21).

Men ein stad kan òg bli heilaggjort gjennom den menneskelige aktiviteten som finn, eller har funne stad på den bestemte plassen. Storleiken på det heilage området kan variera frå nokre få kvadratmeter til fleire kvadratkilometer. Som døme på religionsutøving på heilaggjorte område, nemner han den romarske tilbedinga av *genius loci* (stadens vaktar/vaktande ande),

og det som kan sjå ut som eit skifte frå offer i våtmarksområde til kultsentrum på stormennesenes eigeidom i Skandinavia.

Vikstrand poengterer òg at ein plass kan vera sakral utan å vera sentral (Vikstrand, 2011, s. 318), og at det han kallar for *episke namn* (ibid. s. 316) kan ha opphav i mytologiske forteljingar. Denne type namn treng ikkje vera knytt til nokon form for sentralitet. Nettopp dette gjer at det er viktig å kunna lesa topografien kring eit namnemiljø, om ein vil forsøkja å fastslå kva funksjon staden med eit mulig sakralt namn har hatt.

3. Den heilage lunden

Namnegranskarar og religionsvitarar reknar i dag med at ein i førkristen tid brukte lundar som kultplassar, noko som ser ut til å ha vore felles for den germanske folkestammen, så vel som andre indoeuropeiske folkestammer. Verdt å nemna i denne samanhengen er Dianas lund i Nemi, og Zevs' lund i Dodona. I den romerske forfattaren Tacitus sitt verk, *Germania* (1997, s. 88, 89, 91), er det òg fleire gonger skildra heilage lundar. Spesielt ein av desse lundane har vore interessant for namnegranskarar som har sett etter eit mulig kultisk **al* i Norden, men dette kjem eg ikkje nærare inn på i denne avhandlinga.

Me har ingen skriftlege kjelder som fortel om heilage lundar i Noreg, men ifølgje Adam av Bremen hadde dei ein offerlund vigd til Odin i Uppsala. Teofore stadnamn samansett med – *lund(a/e)* taler òg for at ein i norrøn religion har brukt lundar som kultstader, i tillegg til at ein i mytologien finn indikasjonar på at tre og lundar har hatt ei religiøs referens.

I mytologien kan ein visa spesielt til verdstreet Yggdrasil, som mellom anna symboliserer ein *axis mundi*, eit kosmisk og religiøst midtpunkt, og som knytter mennesket både til den fysiske og andelige verda. Yggdrasil ask spreier sine røter til magiske vasskjelder, og varsler Ragnarok når treet visner og rammar saman. Den mest konkrete parallelen er nok likevel myten om Odin, som ofra seg sjølv for å oppnå kunnskap, gjennom å henga seg i Yggdrasil.

Ettersom ein har få kjelder å visa til, er det vanskelig å seia noko om kva bruksmåte den heilage lunden har hatt. Ut ifrå skildringane til Adam av Bremen, var det i alle fall ein offerpraksis knytt til tre, noko som arkeologiske funn òg kan indikera (Vikstrand, 2001. s.

278). I dei tilfella eg definerer eit *lund(a/e)*-namn som sakralt, vil eg ikkje visa til kva kultisk funksjon lundane har hatt, ettersom ein treng arkeologisk grunnlag for å uttala seg om dette.

3.1 Etymologi

Etymologien til ordet *lund* er noko uklart, men Bjorvand og Lindeman (2007, s. 628) ser nulltrinnet **lndho-* av det pregermanske **londho-*, ein avlydsvariant av det indoeuropeiske **lendh-*, som det mest sannsynlige opphavet. Det same opphavet ser Porkorny (1959) og Jóhannesson (1956). Som Bjorvand og Lindeman (2007, s. 684) skriv, må ei tydingsendring i ordet blitt til, og ein ser gjerne føre seg at tydinga har gått frå å vera “åpent fritt land” til “trærne som omgir el. avgrensar det”. Det svenske dialektordet *linda* ‘brakkmark’ blir trekt inn hos Bjorvand og Lindeman (2007) og Vikstrand (2001, s. 273) som ein parallell (altså som avlydsform av **lendh-*).

Vikstrand (ibid.) viser òg til ein definisjon av ordet i norrøn tid. Med referanse til Jan Paul Strid (Kulturlandskapets språklige dimension, 1999), omtalar han *lund* som ein kulturlandskapsterm, ut frå studier av dialektmaterialet. På svensk område har *lund* stort sett ei moderne tyding ‘lauvtredklynge’, men tydingar som “odlad, gräsbevuxen mark, med mer träd än en äng” dukkar òg opp i dialektmaterialet. I Østfold kan *lunde* bli brukt om “skogvokst bergknatt i åker eller eng”, eller “skogvokst haug som ligger for seg sjølv med dyrket jord omkring” (Schmidt, 2007. s. 357). I norske ordbøker (Hellevik (2006), Nynorskordboka (2010), Bokmålsordboka (2010)) er definisjonane i liten grad ulike, og definisjonen “mindre samling av (lauv)tre; holt ospel-” (Nynorskordboka, 2010) representerer gjennomsnittet godt. Det er likevel ikkje alltid definisjonane ekskluderer bartre frå *lund*-omgrepet, noko Vikstrand (2001) viser til at òg gjeld på svensk område. I ekstreme tilfelle kan *lund* òg bli brukt i tydinga “tätt bestånd (av något)”, og sikta til for eksempel ei mengd blomster eller buskar (Vikstrand, s. 273).

I vestnorske stadnamn der *lund* opptrer som simplicia, er namnet helst eintal dativ, Lunde, men nullforma Lund er heller ikkje sjeldan. I compositaer det dei to genitivsformene *lundar-* og *lunds-* som ligg til grunn (Lundabrekke, Lussnes).

3.2 Sakrale lund(a/e)-namn i Skandinavia

Samstundes som det er akseptert at heilage lundar og offerlundar har eksistert i Skandinavia i førkristen tid, er det òg kontroversielt å sjå på alle førekomstar av *lund(a/e)*-namn som sakrale, eller å utan vidare tolka usamansette *lund(a/e)*-namn som sakrale. Om dette skriv både Per Vikstrand (2001, s. 282 – 283) og Birgit Eggert (2011, s. 82 – 83). Namn som inneheld appellativet *lund(a/e)* er ikkje uvanlige i den sørligaste delen av Noreg, og det kan vera vanskelig å avgjera om eit namn som inneheld *lund(a/e)* skal tolkast sakralt eller ikkje. Dette vil utan tvil vera eit problem eg må ta stilling til, både fordi ein del namn tidligare har blitt skildra som usikre, og fordi eg kanskje vil treffa på informasjon som ikkje var tilgjengelig sist gong namnet blei vurdert. Ifølgje Vikstrand (2001, s. 291) er om lag 30% av dei gamle *lund(a)*-namna i hans undersøkingsområde sakrale.

I dei teofore *lund(a)*-namna som inngår i undersøkingsområdet til Vikstrand møter ein oftast på gudenamnet Tor, med ti belegg for Torslunda. Fröslunda finst seks plassar, mens Odenslunda førekjem fire gonger, i tillegg til eitt Odenslunda som har gått ut av bruk. Närlunda finn Vikstrand fire gonger, Fröslunda tre gonger, og Ullunda to stader, i tillegg til to forsvunne Ullunda. Når det gjeld det litt usikre namneleddet **lytir* (**Lytir?*), som kanskje kan vera eit gudenamn, eller kanskje har vore ein term for ein kultfunksjonær, er det samansett i to Lytislunda, og eitt forsvunne Lytislunda. Eg kjem ikkje inn på tolkinga av **lytir* (**Lytir?*) i særleg grad i denne avhandlinga, men det blir gjennomgått av Vikstrand (2001) s. 390 – 393. Til slutt har Vikstrand registrert eitt Vilunda, med kultplasstermen fsv. *vi* (norr. *vé*) som fyrsteledd.

Til saman utgjer dette 36 sakrale *lund(a)*-namn i eit avgrensa område i Sverige. Dei usamansette *lund(a)*-namna blir ikkje gjennomgått enkeltvis hos Vikstrand, men som tidligare nemnt reknar han om lag 30% av gamle *lund(a)*-namn for å vera sakrale.

Ei heilt anna fordeling i prosent av sakrale stadnamn finn ein i Danmark, ifølgje Birgit Eggert (2011, s. 82). Eggert viser til at berre 2,4% av dei danske *lund*-namna er teofore. Gudenamna som finst her er Freja (i to stadnamn), Thor (i tre stadnamn), og Tyr (i eitt stadnamn). Med ein så liten prosentandel teofore namn, meiner Eggert at det ikkje er nokon grunn til å tolka usamansette *lund*-namn som sakrale stadnamn, sjølv i tilfelle der *lund*-namn

har gitt namn til eit kyrkjesokn. Dette grunngir ho med at det er ein forsvinnande liten prosent soknenamn som sikkert kan identifiserast med førkristen kultus, samstundes som det er ei større mengde med sakrale stadnamn som aldri har blitt kyrkjestad (ibid., med vidare referanse til Gunnar Knudsen, 1939).

Birgit Eggert (2011) har teke for seg dei danske *lund*-namna ganske grundig, og samanlikna dei med andre namnetypar som *-torp-*, *-lev-* og *-løse-*namn. I denne undersøkinga fann ho at *lund*-namn utfylte et geografisk område som er tomt for *-torp-*namn, og at *lund*-gardane har vore av beskjedne storleik, og kunne best samanliknast med *-tved-*namn når det gjeld produksjon og landskyld (s. 88). Forskjellar fann ho òg i alderen av ulike *lund*-gardar i ulike område, der dei sjællandske og lolland-falsterske *lund*-gardane generelt er av høgare alder enn dei ein finn på Jylland. Sjølv om det finst sikre sakrale *lund*-namn, gjeld det altså berre 2,4% av kategorien. På grunn av dette, og fordi aldersforskjellen mellom ulike *lund*-namn kan vera stor, oppfattar Eggert kategorien *lund*-namn som heilskap, for å vera heller usikker.

I Noreg har ingen skrive gjennomgåande om *lund(a/e)*-namn på lik linje med det Eggert har gjort i Danmark. Tidligare forskarar har likevel vore innom enkelte av desse namna i sine gjennomgangar av stadnamn av ulike slag. Dei ulike forfattarane bak samleverket NG har naturlegvis gått gjennom dei, og Immanuel Ross har vurdert heile namnemiljøet kring “Halgheim i Os” (1920), for å nemna nokre døme. Heller ikkje avhandlinga mi blir ei gjennomgåande undersøking av heile landet, sidan undersøkingsområdet mitt er avgrensa til Vestlandet.

Det er særst interessant at Eggert og Vikstrand kjem fram til såpass ulike prosent sakrale *lund(a/e)*-namn, ettersom kulturell og geografisk avstand er relativt liten. Når ulikskapen mellom Sverige og Danmark tilsynelatande er så stor, er det vanskelig å spå kva resultatet av mi undersøking blir, og kanskje desto meir interessant å finna ut av.

4. Namneledd som opptrer i lokal kontekst

I det lokale namnemiljøet hender det at ein møter namn eller namneledd som går igjen i nærleiken av sakrale (eller mulig sakrale) namn. Desse namna eller namneledda treng i seg sjølv ikkje vera sakrale, og kan vera vanlige å treffa på i profane namnemiljø over heile

landet. Tydinga til slike namn og namneledd kan vera delte, med både sakral og profan tyding, eller dei kan sikta til bestemte aktiviteter eller fenomen som *kan* sjåast i samanheng med religiøs praksis. I dette kapittelet skal eg ta føre meg desse namna og namneledda, og sjå på kva tyding dei har, og koss ein kan sjå dei i samanheng med norrøn kultus.

4.1. Eik

Stadnamn samansett med *eik*, eller Eik(e) som simplicia, er sær vanlige i sørvestlige delar av Noreg, og desse namna sikter alltid til førekomst av treslaget eik.

I *Gudarnas Platser* (2001) skriv Vikstrand i sitt kapittel 13, “*Lund och eke*”, at *eik*-namn kanskje skal sjåast som hyponym for lundar (s. 288), og han nemner samansette stadnamn der *ek* inngår ilag med tydelig sakrale namneledd, som t.d. Odensicke (sms. med Odhen, Odhin) og Hälke (sms. med **hælghi*) (s. 289). Dei *eik*-namna som anten er teofore, eller sett saman med ledd som på andre vis er knytt til sakralitet, er dei einaste som ein kan slå fast som sikkert sakrale. Av dei *eik*-namna som opptre i nærleiken av *lund(a/e)*-namna i mitt undersøkingsområde, går ingen av dei under denne kategorien. Ifølgje Vikstrand (2001) kan usamansette *Eke* (og variantar av det) tolkast som sakrale eller profane ut ifrå namnemiljøet (s. 275), noko han òg held som gjeldande for usamansette *lund*-namn.

Ettersom treslaget har vore vanlige innslag i lokal fauna i store delar av Skandinavia, ville det vore naturleg om det var eit klart skilje mellom heilage eiker og den resterande eikebestanden (s. 288). Det kan ha vore tabu knytt til dei heilage eikene for å hindra at dei blei brukt på lik måte som den profane delen av bestanden, fordi tømmeret frå treslaget har vore nytta. Eika har heller ikkje vore ein gunstig tresort å ha i innmark og beite, sidan ho drikk mykje vatn slik at jorda blir uttørka, skygger for marka, og har eit lauvverk som bruker lang tid på å brytast ned (ibid.).

Oftast er kanskje leddet *eke* i gamle stadnamn nytta om reindyrka eikeholt som har blitt halde for tømmer eller svinehold, ifølgje Vikstrand (ibid.). Det blir sagt om eiketre at dei bruker 500 år på å leva, og 500 år på å dø, noko som sikter til at eiker av høg alder blir nedbrote veldig sakte, mens dei framleis lever og reproduserer. Denne nedbrytinga gjer at trevirket av gamle eiker er ubrukelig som tømmer, og ifølgje Vikstrand (ibid.) tyder dette at heilagging av

gamle eiker ikkje står i konflikt til tømmerproduksjon. Dette vil ein forstå om ein får sjå ei eik av høg alder, sidan dei ofte morknar innvendig og blir hole.

I indoeuropeisk samanheng er heilaggjorte eiker eller eikelundar ikkje heilt ukjent. Døme på dette er Zevs sin eikelund i Dodona, og den baltiske kultstaden som ifølgje EoR II blir skildra slik i historiske kjelder:

[T]hat the oak-encircled sanctuary was ruled by the Prussian high priest, called *Krive Krivaitis*, and that the Prussians burned one-third of their spoils of war there as a sacrifice to their gods. Located in the center was an evergreen oak, in whose branches were located images of the three main deities.

EoR II, s. 767.

Slavarar har òg nytta eiker på sine kultiske område, slik som skildra i EoR XII:

On his [Helmold of Bosau's] trip with the bishop Gerald to Oldenburg and to the interior between that city and Lubeck in 1156, he saw a grove where an oak tree was enclosed within a courtyard surrounded by a fence of stakes. It was dedicated to the god of that land, Proven, for whom no idol was present. The monk Herbertus describes a sacred grove where a large tarcovered idol stood leaning against a tree (presumably an oak). Most likely, the name *Proven* is a distortion or variant of *Perun*, the name of the Slavic thunder god.

EoR XII, s. 8433.

Etymologien til det baltiske namnet på toreguden *Pēr̃kuns/Perkūnas*, og det slaviske **Perkyn* > *Perun* blir knytt saman med den indoeuropeiske rota *per-/perk-* 'å slå, å spjelka', 'eik, eikeskog', og 'fjelltopp' (EoR XII, s. 8435). Den språklige koplinga mellom gudenamnet og eik blir her brukt til å forklara opphavet til utpeikinga av toreguden som "eikegod". Ordet for dei keltiske prestane, druidane, har sannsynligvis òg samanheng med eiketreet. Ifølgje EoR IV (s. 2491) kan *druide* vera samansett av to keltiske ord som tyder 'eik' og 'å vita' (dette er vel indoeuropeisk **drew-/*derw-*, jf. Bjorvand & Lindeman s. 1184-1185, og **weid-*, jf. Jóhannesson s. 116), og tydinga skulle då vera noko sånt som "those knowledgeable about the (sacred) oak" (EoR IV, s. 2491). Om *eik* skriv Bjorvand & Lindemann (2007) at:

[b]etegnelsen, germ. *aik- f., på dette økonomisk og kultisk så viktige treet mangler bare i gotisk. Særlig berømt er Donareiche “guden Tors eik” [...] ved Geismar (nær Frizlat) i Hessen som Bonifatius, Tysklands apostel, lot felle i året 725.

Bjorvand & Lindeman, 2007, s. 217.

Dette er berre nokre døme på at eika har hatt ein heilt spesiell plass i samanheng med religion og kultpraksis. Likevel er storparten av *eik(e)*-namn (og variantar av det) i undersøkingsområdet mitt rimeligvis profane, og sikter til natur- eller kulturområde kledd med eiketre. Men når *eik(e)*-namn dukkar opp i nærleiken av *lund(a/e)*-namn, er det grunn til å ta med dette i vurderinga av eit mulig sakralt namnemiljø.

I undersøkingsområde opptrer ulike typar *eik*-namn på ulike stader nær *lund(a/e)*-namn. I Sogn og Fjordane finn ein Eikenes i Stryn, Eikåsen i Eid, og Eikelund i Balestrand. I Hordaland finn ein gardane Eik i Kvinnherad og Ekreim i Etne. Ein gard som er del av bruksnummer er Eik i Haus herad, i nærleiken av Lund i Fana, Eikeland i Ølen, og naturnamnet Eikelundsbekken ligg i Fana. I Rogaland finst Eigeland og Eik i Lund, Eik på Sjernarø, og Fosseikeland i Høyland. I tillegg finst naturnamnet Eigerøya i Hetland. Desse namna blir nærare omtalt i samband med dei *lund(a/e)*-namna dei opptrer i nærleiken av.

4.2. Skeið

Gardsnamna Skei(d)(e) treff ein på i nærmiljøet til nokre av *lund(a/e)*-gardane i undersøkingsområdet. Dette gjeld i Jølster, Kvinnherad, Os, Høyland og Hetland, og desse Skei(d)(e)-namna er tolka til å ha opphav i norr. *skeið* ‘område for kappriding’, eller ‘gardsveg mellom åkrar’, jf. NG Forord og Innledning s. 75.

Etymologien til ordet *skeið* går ifølgje Vikstrand (2001, s. 347) tilbake på det urgermanske verbet **skaiðan* ‘skilja, kløyva’. Dette verbet har gitt opphav til fleire ord i skandinaviske dialektar som kan ligga til grunn for tydinga i stadnamn. Nokre av tydingane Vikstrand her nemner er **skedhe* “skiljande terrängformation; höjdsträckning; landtunga mellan vatten”, *skede* “vägstycke; vägsträcka som tillryggaläggs utan avbrott (som kan överblickas på en gång); vägsträcka mellan rastningar”, og *sked* “kluvet trästycke, planka” (ibid.).

I sitt kapittel om *vi*-namn skriv Vikstrand (2001) om slike namn samansett med *skeið*, og det er fyrst og fremst *skeið* i samband med hesteritt som er fokuset. Han nemner mellom anna hestekamp og kappridingstradisjonar som har levd opp til moderne tid i Noreg og på Hebridene, og som har hatt religiøse tilslag, om ikkje nødvendigvis kultiske (s. 353). Den svenske tradisjonen kring *Staffansskedet*, eller *Staffansrittet*, blir kopla til nordisk førkristne tradisjonar knytt til julefeiringa (Vikstrand 2001, s. 351), der hesten har spela ei sentral rolle.

Ynglinge kongen Adils døydde då han ramla av hesten sin då han *reið um dísarsalin* (s. 354). Ifølgje Sundqvist (2002, s. 232) siktar Adils' ritt under diseblotet sannsynligvis til eit kappritt i kultisk samanheng, og han meiner dei nordiske *skeið*-tradisjonane kanskje kan ha hatt samanheng med førkristne hesteseremoniar spesielt knytt til Frøy (ibid.). I Landnámabók treff ein på namna *Þormoðr Skeiðagoði* og *Þórolfr Leikgoði*, som ifølgje Lid (1933, s. 127) har fått tilnamna sine fordi dei hadde med kultisk skeid og kultleikar å gjera.

Ein peikepinn på at *skeið* har vore eit tidlig ord for kappritt med hest, meiner Vikstrand (2001 s. 355) speglar seg i hestenamnet *Skeiðbrimir* frå Grímnismál, og stadnamnet *Dúfunefskeið* på ein plass for kappriding frå Landnámabók. Og at hestar har vore viktige i religiøse samanhengar kan ein sjå i sagalitteraturen, der mellom anna kong Hákon den gode ikkje ville eta hestekjøtt under juleblotet fordi han var kristen, og Ramnkjell Frøysgode som vigde hesten sin *Freyfaxi*, til den elska guden sin Frøy.

Magnus Olsen (1929, s. 63, s. 79) trekk òg ein parallell mellom norrøn kultus og kappriding. Han tolkar gardsnamnet *Skjak*, norr. **Skeiðakr*, til å vera eit av tre kultiske *akr*-namn i sitt undersøkingsområde. Desse kultiske *akr*-namna sikter ifølgje Olsen til heilage åkrar, og *skeið* sikter til aktiviteten som blei utført på denne åkeren.

Ei anna tolking som alltid dukkar opp i utgreiingar om *skeið*-namn, er at dei speglar eit mulig gudinnenamn **Skeðja*. Hjalmar Lindroth (1919) har hatt ein nøye gjennomgang av fyrst og fremst svenske, men òg norske *skeið*-namn, med utgangspunkt i eit belegg '*Skeðiuhofi*' i Hákon Hákonsons saga. Dette gardsnamnet skal visa til ein av fire gardar på Sør-Austlandet. Desse gardane er Skee i Båhuslen, Skjøll i Vestfold, Skjøll i Øvre Eker og Skea i Akershus, og det er uvisst kva for eit av dei som er referert til i saga. Begge Skjøll-gardane og Skea blir i

NG (V s. 261 -262, VI s. 39-40, II s. 248) tolka til å vera ei samansetjing mellom *skeið* ‘bane for kappritt’ og *holf*, *hvolf*, *hvalv* ‘kvelv, noko som er kvelva’.

Når *skeið* finst i samansetjingar med kjente sakrale namneledd (jf. Skedevi, Skäve, Skadevi, Vikstrand 2001, s. 346), og det finst ulike peikepinnar til at hesteritt kan ha vore knytt til kultiske handlingar, vil det vera naturleg for meg å vurdere *skeið*-namn som sakralindikerande, viss dei ligg i nærleiken av andre sakrale namn. Ein kan ikkje gjera rekning med at alle *skeið*-namn har vore knytt til religiøs praksis, og difor vil eg vera varsam med å bruka førekomstar av slike namn til å konkludera om eit *lund(a/e)*-namn er sakralt eller ikkje, men det er ein indikasjon når det opptrer i lag med andre mulige sakrale namn.

4.3. Leik

Som nemnt ovanfor blei *Pórolfr Leikgoði* sett på av Lid (1933, s. 127) som ein person som hadde fått tilnamn fordi han hadde hatt med kultleikane å gjera. Lid skriv òg (ibid.) at garden Skea i Sørum har eit underbruk som heiter Leikvoll, som han meiner må ha vore ein plass for kultleikar i heidensk tid. Wessén (1921, s. 115) meiner Leikvoll er skilt ut frå Skea, og peiker på at ein har eit *leik*-namn og eit *skeið*-namn som ligg tett oppi kvarandre, og at det svarer til *skeivolden* og *leikvolden* i Valle:

Den vanliga tiden för dessa *hesteting* eller *skei* var slutet av augusti (*skeidhelg*). Man samlades då i stora skaror för att bevista dessa skådespel. Längst bibehöll sig seden i Telemarken och i Sätesdalen; i Valle i Sätesdalen avskaffades den först omkring år 1820. Här försiggick leken på två öppna platser i närheten av prästegården. På den ena, *skeidvolden*, hetsades först hingstarna parvis mot varandra och fingo bitas och slåss, så länge de förmådde; ofta stannade den ena, stundom både, kvar på valplatsen. Sedan följde kappritt med de överblivna hästarna på *leikvolden*.

Wessén. 1921, s. 110

I NG forord og innledning (s. 64-65) kan ein lesa om former for leikar, som kan ha hatt kultisk samanheng, utan at det blir nemnt konkret i teksten.

I mange Navne, deriblandt adskillige særdeles gamle, sigter det til Stedets Brug i Fortiden som vanlig Samlingsplads for en Bygdes Befolkning til Lege af forskjellig Art (Boldleg, Bryding

osv.), vistnok ogsaa til andre selskabelige Forlystelser (særlig Hestekamp og Hestevæddeløb). Hvor stor Betydning saadanne Sammenkomster have havt i Fortidens Liv, viser sig ikke mindst i Mængden af de Stedsnavne, som minde derom.

NG forord og Innledning, s. 64-65.

Slike leikar kan ofte jamførast med *skeið*, og det som er sagt om hestekamper og kappritt ovanfor. Når Wessén (1921, s. 111) skriv om *skeið* og tradisjonar kring det, skriv han at ord som *hestavíg ok leikar*, *leikmót ok hestapíng* blir nemnt i samanheng med kvarandre i islendingesoger (Laksdølasaga og Vatnsdølasaga), men avviser samstundes at slike *hestapíng* har hatt noko med islandsk kultus å gjera.

Vidare skriv Wessén om fleire norske tilfelle der *skeið*-namn opptre i nærleiken av *leik*-namn, og som samstundes kan knytast til kyrkje- eller tingplassar. Tre av tilfella han trekk fram her (s. 116-118) inngår i den lokale konteksten til *lund(a/e)*-gardar i mitt undersøkingsområde, og det gjeld Os, Hetland og Høyland. Av dei som ikkje ligg innanfor mitt undersøkingsområde er det fleire av områda som òg har eit *lund(a/e)*-namn i same sokn eller herad. Det gjeld for Skjee, *Skeidhaker* og Løken i Stokke (NG VI, s. 185, 192, 193), Skje og Løken i Romedal (NG III, s. 129, 130, 135), *Skeidsæng* og Løken i Løten (NG III, s. 107, 120), Leikvoll og Løken i Skedsmo (NG II, s. 267, 269, 271), Løken og Skedsmo i Ullensaker (NG II, s. 311, 316, 317), og til sist Løken og Skedsmo i Høland (NG II, s. 187, 188, 191). Eg har ikkje undersøkt kor stor avstand det er mellom *skeið*- og *leik*-namna, eller kor stor avstand det er mellom desse og *lund(a/e)*-namna, ettersom desse gardane ikkje inngår i mitt undersøkingsområde.

Seinare i same tekst trekk Wessén (1921, s.128) fram eksempel på *leik*-namn som opptre i nærleiken av teofore stadnamn, eller stadnamn som inneheld ledd med kultisk tyding. Til dømes viser han til tre tilfelle der *leik*-namn opptre i nærleiken av *Ullin*-namn, tre tilfelle i nærleiken av *Frøy*-namn, og to i nærleiken av *Njord*-namn i Aust-Noreg (s. 130). Grunnen til at *leik*- og *skeið*-namn kan opptre tett oppi einannan, og i nærleiken til teofore namn til ulike guddommar, kan vera fordi leikplassane har vore brukt til meir enn *ein* type kultleik (ibid.).

I tillegg til tydinga 'idrett, konkurranse, spel', er det i NG forord og innleiing (s. 65) òg nemnt tydinga 'fuglespel, parings plass for fugl', jf. *tiurleik*. Stadnamn med denne tydinga er nok ikkje av veldig høg alder, og *leik* kjem ofte òg sist i samansetjinga i slike namn (ibid.).

Det er fem *leik*-namn som ligg i nærleiken av *lund(a/e)*-gardar i undersøkingssområdet, og det er Leikanger i Selje, Lekva i Hyllestad, Lekve på Voss, Lekven i Os, og Leigvom i Høyland. I gjennomgangen av desse områda vil eg sjå om det er mulig å tolka desse namna i retning av kultleikar som kan ha samband med mulige offerlundar. Avstanden frå *leik*-namna og *lund(a/e)*-namna vil vera ein viktig faktor for å kunna avgjera om så er tilfellet.

5. Metode

I Oluf Rygh sitt oppslagsverk NG X – XII, har eg leita fram *lund(a/e)*-namn. Det same har eg bruka Skattematrikkelen frå 1647 X – XII til, der eg har funne enkelte belegg som ikkje var oppførde i NG X – XII. I tillegg har eg saumfart Gjordebok for geistlig gods, nr. 2, 1694 (SAB. Biskopen i Bergen. Avd. IV. Nr. 48), som òg inneheldt belegg dei to andre kjeldene ikkje hadde fått med seg. Til slutt leita eg fram *lund(a/e)*-namn i Jordebok for Bergen Bispedøme ca. 1600 (Johannessen, 2000). Til saman har eg funne 44 *lund(a/e)*-namn, der seks av desse har namneforma Lunden. Av omsyn til både omfanget av avhandlinga, og at bunden form er eit grammatisk trekk som ikkje blei vanlig før etter at kristendommen blei offisiell religion, har eg valt å avgrensa undersøkinga til dei gardane som ikkje har bunden form.

5.1. Namnemiljøet

I dei følgjande underkapitla skal eg sjå på kvart einskild av desse 38 *lund(a/e)*-namna, og avgjera i kva grad dei kan definerast som sakrale eller ikkje. Metoden eg vil leggja hovudvekta på, er å granska namnemiljøet kring dei eninskilte belegga. Dette er ein metode som er brukt før meg av Olsen, Brink, Vikstrand, og mange fleire. T.d. er dette ein metode som blir bruka i NG, saman med arkeologi, eldre skrivemåte, og nærleik til mellomalderkyrkjestad, for å avgjera sakralitet. Dette meiner eg er ein god framgangsmåte å bruka for å avgjera om namnet er sakralt eller ikkje, fordi det ikkje er uvanlig å finna klynger av sakrale namn innanfor eit avgrensa område. Om eit *lund(a/e)*-namn då skulle opptre i lag med andre sakrale (eller mulig sakrale) namn, vil det sannsynleggjera at det er snakk om eit sakralt *lund(a/e)*-namn.

Ettersom det kan vera vanskelig å avgjera kva som er “for langt vekk” og “nær nok”, skal eg slå ein radius kring kvart *lund(a/e)*-namn på tre km, og ein radius på fem km. Slik vil eg vonlig kunna sjå om det finst eit mønster for kor langt vekk ein typisk kan dra før opphopinga av sakrale namn krympar, og på dét viset avgjera kor mange km ei slik ‘nærleiksgrense’ bør vera når ein snakkar om sakrale stadnamn på Vestlandet.

5.2. Landskyldsmetoden

Til å støtta opp om dei funna eg gjer gjennom namnemiljømetoden, vil eg ta i bruk landskyldmetoden. Denne metoden har mellom anna blitt brukt av Jørn Sandnes (1973), og sjølv om framgangsmåten eg bruker er noko ulik den hos Sandnes, er prinsippet framleis det same. Der Sandnes vel seg ut ei viss landskyld som *stor nok* til å vera ein storgard, og ser på prosent av ulike namneklassar innanfor denne mengda storgardar, skal eg sjå på landskylda i kvart einskild namnemiljø. Slik vil eg kunna seia om det er snakk om ein stor gard, ut ifrå gardens relative storleik i forhold gardane i til resten av bygda. Tanken bak dette er at gardar som har vore knytt til religiøs praksis, har vore store gardar med høg produksjon og status. Sandnes (ibid., s. 25) peiker òg på at ein har ein høg prosent sakrale namn i storgardane.

For å fullføra landskyldsmetoden vil eg fyrst og fremst bruka Skattematrikkelen X – XII, men òg andre kjelder i dei tilfella det er nødvendig, til å rekna ut landskyld i smørmerke. I dei tilfella eg får eit godt nok samanlikningsgrunnlag vil eg samanlikna *lund(a/e)*-garden si landskyld med den gjennomsnittlige landskylda for gardane i nærområdet, og opp mot den eller dei gardane i området med høgast landskyld. Dette gjer eg i håp om at gardar med lundar som i førkristen tid har vore heilaggjorte, og viktige for ein offentlig kult, skal bera spor av nettopp dette gjennom å ha ei høg landskyld relativt sett. Dette blir ikkje utan vidare uproblematisk, ettersom teorien om landskyld er ein generell teori, som fyrst og fremst viser skilje mellom namneklassar (t.d. *vin*-namn samanlikna med *heim*- eller *ruð*-namn). Ideelt sett skulle eg derfor òg samanlikna landskylda til *lund(a/e)*-gardar som gruppe med *býr/bær*-, *vin*-, *heim*-, *land*-, *staðir*-, *setr*-, *þveit*-, *ruð*-, og *garð*-namn. Ei slik samanlikning ville likevel ikkje hjelpa meg til å fortelja noko om sakralitet, og ville dessutan blitt for omfattande for prosjektet.

5.3. Sentralitet

Sentralitet vil òg vera viktig for meg å sjå på, ettersom ein tenker seg at kultstader har vore eit sentralt knutepunkt for ei lokal befolkning. Faktorar som avstand frå ferdselsvegar og –fjordar, og plassering i kulturgeografien vil då vera interessante å visa til når eg prøver å seia noko i forbindelse med kvart einskild belegg.

Samanlagt håpar eg namnemiljø, landskyld, og grad av sentralitet avslører nok til at eg kan avgjera om dei einskilde *lund(a/e)*-namna er sakrale eller profane. I nokre tilfelle vil eg òg kunna ta i bruk arkeologi, om det er lagt til rette for det, men av omsyn til omfang har eg ikkje arkeologiske undersøkingar med som fast metode. Trass i bruk av fleire metodar, er eg likevel innstilt på at eg ikkje alltid vil kunna avgjera tilstrekkelig godt om eit namn er anten sakralt eller profant, og derfor vil eg bruka kategorien ‘usikker tolking’ i dei tilfella det gjeld.

6. Dei einskilde belegga

6.1. Lundabrekke, gn. 18 i Selje

I Skattematrikkelen XII står dei fleste gardane som ligg innanfor tre km frå Lundabrekke (gn. 18) i Selje oppført med landskyld. I det følgjande gir eg ei geografisk plassering av desse gardane, i tillegg til å visa til kor mykje landskylda deira utgjer i smørmerke. Eg vil òg visa til gardar som ligg mellom tre og fem km vekk frå Lundabrekke, men desse gardane får ikkje landskylda si utrekna.

6.1.1 Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Nedre Sjøstad (gn. 23), som ligg to km nordvest for Lundabrekke, har ei landskyld på 80 smørmerke, og dette er den høgaste landskylda på gardane innanfor tre km omkrins frå Lundabrekke. Ein km sør for Sjøstad ligg Sande (gn. 21), som skylder 72, og Sandnes (gn. 20), som skylder 54 smørmerke. Lundabrekke sjølv skylder 54 smørmerke, noko som er omtrent lik gjennomsnittet for landskylda i bygda. Under ein km sør for Lundabrekke ligg Fløde (gn. 17), som skylder 36, og to km søraust for Lundabrekke ligg Otneim (gn. 16), med

sine 30 smørmerke i landskyld. Lengst nord i trekilometersona ligg Leikanger (gn. 24), som skylder 36 smørmerke.

Går ein over tre km vil ein finna Stave (gn. 25), som ligg like nord for Leikanger (gn. 24). Fem km nord for Lundabrekke ligg Beitveit (gn. 26), og fire km søraust ligg Sandviksneset (gn. 15) og Nordre Sandvika (gn. 14).

6.1.2. Tolking av namnemiljøet


Namna Leikanger og Stave er interessante fordi dei begge kan innehalda sakrale element. Ved Leikanger ligg ei kyrkje, men denne kyrkja blei fyrst bygd her på 1800-talet, så nokon kultkontinuitet har det altså ikkje vore her. Det einaste som kan vera med på å gjera tolkinga av dette *leik*-namnet sakralt, er nærleiken til *lund(a/e)*-namnet Lundabrekke, i tillegg til ein viss grad av sentralitet. Leikanger er plassert der Vanylvsfjorden og Haugsfjorden møter kvarandre, slik at innbyggjarar i Vanylven passerer Lundabrekke og Leikanger om dei fer med båt. I tillegg går det eit skor i fjellet frå austsida av Stadlandet til vestsida, og i dette skoret ligg Dragseidet (ikkje matrikkelgard), der Olav Tryggvason etter tradisjonen kristna dei fire fylka Firda, Sygna, Sunnmøre og Raumdøla i 997.

Stafr var i norrøn tid eit ord for gudebilde, og ifølgje Andersson (1992, s. 91 – 92) har ein døme på at det finst sakrale *stav*-namn, t.d. *Nærthastaff* og *Stavåker*. Samstundes finst det tydingar av leddet *stav* som ikkje sikter til gudebilde, men til topografiske forhold, og i Noreg er det ofta brukt i fjellnamn. I NG XII er gardsnamnet Stave tolka som usikkert, men eg meiner dette namnet tydelig speiler den bratte fjellsida som står like vest for garden, og at namnet sikter til topografisk tilhøve.

Trass i at dette ikkje ser ut til å ha vore nokon stor eller sentral gard, har Lundabrekke nærleik til eit *leik*-namn, og til ei sentral ferdselsåre mellom Nordfjord og Sunnmøre. Namnemiljøet og sentraliteten gjer at eg ikkje kan utelukka at Lundabrekke kan ha vore stad for kultpraksis, sjølv om dette nok er meir usannsynlig enn det er sannsynlig.

Den gjennomsnittlige landskylda for gardane kring Lundabrekke er 49,8 smørmerke. Lundabrekke skylder 54 smørmerke, og skylder då 108,4% av gjennomsnittet. Sjøstad er

garden med høgast landskyld av dei innanfor tre km, og Lundabrekke si landskyld er 67,5% så stor som den til Sjøstad. Desse prosentane viser at garden er ganske gjennomsnittlig for området, og peiker i retning profanitet. Samanlagt vil eg ikkje seia at desse argumenta peiker sterkt korkje i profan eller sakral lei, og med dei indikasjonane som kjem frå nærleik til ferdselsåre og *leik*-namn, blir mi tolking av Lundabrekke er usikker.



Figur 1. Lundabrekke ligg noko perifert til i forhold til den gamle ferdselsåra over Stad, og den sentralt plasserte leik-garden Leikanger (www.norgeskart.no, lasta ned 28.5.2011).

6.2. Indre og Ytre Lunde, gn. 40 og 41 i Stryn

6.2.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

I undersøkingsområdet mitt er det to Lunde-gardar i Stryn, og ein av desse er namnegarden Lunde (gn. 40 og 41), som ligg sirka tre km aust for Nedstryn kyrkje. Lunde skylder 384 smørmerke, noko ein kan rekna for å vera ei høg landskyld. Aust for Indre og Ytre Lunde ligg Dispen (gn. 38), som skylder 144 smørmerke, og vest for Dispen ligg Mindresunde (gn. 39), som òg skylder 144 smørmerke. Ein km vest for Mindresunde ligg Tenna (gn. 68), som har ei landskyld på 108 smørmerke. Grannegarden vest for Tenna er Bakkeli (gn. 67), som skylder

36, og i underkant av ein km sørvest for denne garden ligg Øvreeide (gn. 65) med sine 144 smørmerke i landskyld. I overkant av ein km vest for Lunde ligg Gjørven (gn. 64), som skylder 314, og under ein km sør for denne garden ligg Stauri (gn. 42) med sine 252 smørmerke i landskyld.

Ingen av desse gardsnamna er i NG XII tolka for å vera sakrale, men strekker ein radiusen kring Lunde til fem km treffer me garden Eikenes med Holmevik (gn. 1). Denne garden ligg like nord for Dispen, og grannegardane til Dispen i aust er Meland (gn. 37) og Berstad (gn. 36). Sørøver i dalføret, i underkant av to km vest for Gjørven ligg Ytreeide (gn. 62), og Sætre (gn. 43) ligg like sør om denne garden. Ein km sørvest for Ytreeide ligg Rise (gn. 61).


6.2.2. Tolking av namnemiljøet

Der kan ialfald ikke nu sees at være noget, som specielt skulde tale for Betydningen ”hellig Lund” (Jfr. Hafslo GN. 35); Kirkestedet (GN. 63) ligger paa den anden Side af Elven, c. 3 ½ Km. længer nede i Dalen.

NG XII s. 521

Skildringa NG XII her gir av namnegarden Lunde og området ikring er noko kort, sjølv om eg er samd i det som blir skrive. Analysen av Dispen tar ikkje med muligheita for at eit **Dís*vin, sms. av *dís* ‘gudinne’, ligg til grunn for namnet. Avstanden mellom Dispen og Lunde er i underkant av tre km i luftlinje, og Lunde ligg mellom denne garden og kyrkjestaden. Avstanden frå det som eventuelt må ha vore sentrum for ein mulig kult i dette området til Dispen er for stor til at ei sakral tolking av Dispen kan sannsynleggjerast. Vidare er Eikenes plassert ugunstig og perifert i forhold til Lunde. Garden ligg på nordsida av Oppstrynsvatnet, like nord for Dispen, og ein må ha kryssa elv eller vatn for å komma seg frå Lunde eller Dispen til Eikenes. Dette igjen gjer at mi tolking av Lunde samanfell med det som er oppført i NG XII.

Landskylda for den gjennomsnittlige garden i området er 190,8 smørmerke. Lunde har nesten dobbelt så høg landskyld som dette, 198,1% av snittet, og er i tillegg garden med høgast landskyld. Dette teller likevel ikkje mykje når ein ikkje har eit namnemiljø som kan sannsynleggjera sakralt opphav.



Figur 2. Kartet viser avstanden mellom dei to lund(a/e)-gardane i Stryn og kyrkjestaden, og det geografiske tilhøvet mellom Lunde (gn. 49), Visnes og Frøholm (www.norgeskart.no, lasta ned 28.5.2011).

6.3. Lunde, gn. 49 i Stryn

6.3.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Den andre Lunde-garden i Stryn er gn. 49, som ligg om lag seks km sørvest for Nedstryn kyrkje. Innanfor tre km for denne garden finn ein ni andre gardar. Visnes (gn. 45), som ligg sirka to km nordaust for Lunde, skylder 256 smørmerke. I underkant av ein km nord for denne garden ligg Tonning (gn. 57), som har 288 smørmerke i landskyld. Namnegarden Berg (gn. 48 og 50) er grannegarden til Lunde, og skylder 384, og Vinsrygg (gn. 47), som ligg nord for Berg, skylder 144 smørmerke. Lunde har sjølv den nest lågaste landskylda av gardane innanfor tre km i omkrins, med sine 72 smørmerke. Svarstad (gn. 71 i Innvik) ligg ein km nordvest for Lunde, og skylder 144, og i underkant av to km vest for Svarstad ligg Faleide (gn. 70 i Innvik) med sine 249,6 smørmerke i landskyld. Vik (gn. 46) skylder 144 smørmerke, og er plassert om lag to km nordaust for Lunde.

På sørsida av Flæidfjorden ligg gardane Frøholm (gn. 41 i Innvik) og Årholen (gn. 40 i Innvik). Frøholm skylder 126, mens Årholen skylder 66 smørmerke.

Innanfor fem km i luftlinje ligg garden Hilde (gn. 42 i Indviken). Denne garden høyrer til bygda Innvik, men han ligg langs ferdselsåra som går inn mot Stryn, Olden og Loen. Ein km søraust for Årholen ligg Agjeld (gn. 39), og under to km aust for denne garden ligg Vangberg (gn. 38). Fyrsteleddet i Vangberg kan ifølgje NG XII (s. 495) vera **vang*, eit namneledd Olsen (1926, s. 217) ser i samanheng med mellom anna Vossevangen, Vangs sokn på Hamar, Ullensvang i Hardanger, og Vangs (eller Haugs) sokn i Norderhov, og som han tolkar som sakrale stadnamn.

Nordaust for Lunde ligg Årheim (gn. 44), og nord for dette ligg namnegarden Bø (gn. 59 og 60). Fem km nordaust for Lunde ligg Rise (gn. 61), som òg ligg innanfor femkilometersgrensa til gn. 40 og 41 (sjå ovanfor). Fem km nordvest for Lunde ligg Dale (gn. 54)

6.3.2. Tolking av namnemiljøet

Når det gjeld fyrsteleddet i gardsnamnet Vangberg, eit mulig *vang*, trekker Olsen (1926, s. 217 – 219) fram ulike døme der *vang*-namn opptre som kyrkjestad, eller i nærleiken av kyrkjestader. Dette kan ikkje gjelda for Vangberg, ettersom det manglar kyrkjestad knytt til garden. NG XII føreslår òg eit mulig *Vagnaberg*, eit namn som ikkje er gitt noko tolkingforslag. Skulle det likevel vera *vang* som er fyrsteleddet i dette gardnamnet, er den topografiske plasseringa av garden usentral og med stor avstand til næraste mulige sakrale namn. Eg ser det derfor som usannsynlig at namnet har ei sakral tyding.

“Hvad der er sagt om Betydningen ved GN 40. 41, gjælder ogsaa her. Gaarden ligger paa den modsatte Side af Fjorden i Forhold til GN. 45” (NG XII s. 523). Som me ser utifrå sitatet frå NG XII blir ikkje plasseringa av Lunde (gn. 49) i nærleiken av Visnes (gn. 45) trekt fram som noko som talar for sakral tyding. Kanskje er dette fordi den geografiske avstanden er slik som han er, eller fordi tolkinga av namnet Visnes er såpass usikker. Visnes har i NG XII (s. 522) følgjande tolkingforslag:

- Av mannsnamnet Vifil, **Vifilsnes*.
- Av vindr ‘vind’, **Vindsnes*.
- Av vé ‘heilagdom’, **Vésnes*.

Ulike argument blir presentert for dei einskilte tolkingsforslaga til Visnes. Forslaget om *Vésnes som opphav er interessant i samband med mi undersøking, og argumentet for denne tolkinga er at fyrsteleddet i namnet blei uttala med lang e, /ve:sne:s/. Men tolkinga av Visnes < *Vifilsnes kan òg vera interessant i sakral samanheng, om ein vurderer namnet som eit tilnamn med tydinga ‘han som vier’, jf. Steinsland (2005, s. 280). Om *Vifil* skal tolkast som personnamn, tilnamn, eller som ein term for kultfunksjonær kan òg vera avgjerande for tolkinga av dette stadnamnet. Det er atypisk at namn på *-nes* er samansett med personnamn, mens ein stundom kan treffa på gudenamn samansett med *-nes* (NG Innledning s. 68). Om ein skal sidestilla termar for kultfunksjonærar og gudenamn i denne samanhengen, eller om slike termar liknar meir på personnamn og/eller tilnamn, kan vera vanskelig å seia noko om. Til samanlikning kan ein visa til måten Vikstrand (2001, s. 390) tolker det som anten kan vera eit personnamn eller term for kultfunksjonær, nemlig **lytir* (**Lytir?*). Då viser han til at personnamn generelt ikkje opptrer i *lund(a)*-namn, og bruker det som argument for at **lytir* (**Lytir?*) i stadnamnet Lytislunda er ein kultfunksjonær, eller kanskje ein guddom – ikkje eit personnamn. Eg kan likevel ikkje utan vidare overføra dette mønsteret til *nes*-namn, fordi *lund(a/e)*-namn i seg sjølv kan vera sakrale, noko som ikkje gjeld for *nes*-namn. Det at **Lytir* òg kan vera eit gudenamn, gjer ei direkte samanlikning mellom Lytislunda og Visnes problematisk.

Frøholm, som ligg på sørsida av fjorden, blir heller ikkje nemnt som mulig sannsynleggjering for ei sakral samanheng. Frøholm kjem frå det norrøne Friðholmr, og det ville vore særst interessant om det viste seg at dette skulle vera eit område som var fredheilaggjort, når ein har eit mulig heilaggjort nes, **Vésnes*, og ein mulig heilag lund som ligg på kvar si side av dette fjordkrysset (sjå figur 3). Det ville då utgjort eit mønster, der kvar side av fjordarmene hadde eit freda og heilaggjort område innanfor ei viss avstand frå kvarandre. Det er likevel slik at plasseringa av desse stadane er ganske spreia, noko som òg gjeld avstanden frå Lunde til kyrkjestaden. Ein kan sjå nærveret av slike stadman i eit namnemiljø som ein indikator på sakralitet, men i dette tilfellet må eg presisera at desse indikatorane er svake, og at dei ikkje kan reknast for sannsynleggjerande for sakralitet. Her er likevel ei viss usikkerheit ikring avgjersla, og kanskje ville arkeologi kunna bidra til sikrere tolking.

Gardane kring Lunde har ei snittskyld på 163,8 smørmerke, og skylda som Lunde sjølv yter er 44% av dette snittet. Visnes har høgast skyld av gardane innanfor tre km frå Lunde, med sine 256 smørmerke. Lunde skylder 28,1% av ei slik sum. Dette taler ikkje for ein sakral tolking av Lunde, men kan brukast som argument i favør av at namnet Visnes kan ha sakralt opphav. Samanlagt gir desse funna ei usikker tolking.

6.4. Lund, gn. 67 i Eid

I gamle Eid herad finst garden Lund, (gn. 67), og frå Skattematrikkelen XII har eg funne dei omkringliggande gardane, og landskylda deira.

6.4.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Landskylda til gardane i dette namnemiljøet er variert. Lengst i aust, tre km frå Lund, ligg Orheim (gn. 72), som skylder 242 smørmerke. I underkant av ein km sørvest for Orheim ligg Ytre Rød (gn. 71), med 60 smørmerke i landskyld. Namnegarden Høyenes (gn. 68 og 69), som ligg like vest for Ytre Rød, og ein km aust for Lund, har ei landskyld på 240 smørmerke. Botnen (gn. 70) ligg like nord for Høyenes, og skylder 36 smørmerke, mens Lund sjølv skylder 126 smørmerke. Namnegarden Raksneset (gn. 48 og 49 i Davik) er grannegarden til Lund, og skylder 288 smørmerke, og Årdalen (gn. 46 i Davik), som ligg i underkant av ein km nord for Raksneset, skylder 180 smørmerke. Ein km vest for Årdalen ligg Hornet (gn. 44 i Davik), som skylder 60 smørmerke, og i overkant av ein km frå denne garden ligg Sundalen (gn. 43 i Davik), med ei landskyld på 216 smørmerke. Homborstad (gn. 47 i Davik), som ligg to km nordvest for Lund, skylder 384, og lengst i vest ligg Kjølaldalen (gn. 38 i Davik), som har 450 smørmerke i landskyld. Gjellhammaren (gn. 37 i Davik) ligg sør for Kjølaldalen, og skylder 72 smørmerke, mens Tømmerstøylen (gn. 47 i Davik), som ligg omkring ein km nord for Lund, skylder 162 smørmerke.


Oreimsbakken (gn. 72), som ligg mellom Ytre Rød og Orheim, er ikkje å finna i Skattematrikkelen XII. Det same gjeld for Buagjerdet (gn. 42 i Davik), som ligg like nord for Sunndalen.

Ser ein på namnemiljøet mellom tre og fem km i radius frå Lund, finn ein dei følgjande gardane. I overkant av tre km nordvest for Lund, finn me garden Eikåsen (gn. 41 i Davik), som grenser til Hatlegjerde (gn. 40 i Davik), mens Berstad (gn. 39 i Davik) er plassert sør for Hatlegjerde. Under fem km nordvest for Lund, ligg Erviksætra (gn. 36 i Davik), som igjen ligg like nord for Ervika (gn. 35 i Davik). I overkant av tre km aust for Lund ligg namnegarden Rafshol (gn. 74 og 75), Stårheimsvik (gn. 76), og Vollen (gn. 77). Sirka fire km nordaust for Lund, ligg Hola (gn. 78), og nord for denne garden er Berget (gn. 79) plassert. Ein km nord for dette, ligg Stårheimssætra (gn. 80). Rett aust for Berget ligg garden Åre (gn. 81), som ligg like nord for Rygg (gn. 82). Omkring fire km aust for Lund er Ståhreim (gn. 83) plassert.

6.4.2. Tolking av namnemiljøet

I NG XII, s. 440, er ikkje Lund i Eid sett i samanheng med norrøn kultus. Eikåsen ligg for langt vekke frå Lund til at ein kan sjå ei mulig heilaggjort eik i samband med ein mulig offerlund eller heilag lund her, og ut ifrå namnemiljøet er det ingenting som peiker i retning av sakralitet.

I Eid skylder gardane kring Lund i gjennomsnitt 192,2 smørmerke kvar. Lund skylder altså 68,7% av snittet. Kjølsdalen har høgast skyld, og landskylda Lund yter ligg på 29,3% av det Kjølsdalen si skyld ligg på. Den låge landskylda indikerer at garden har vore liten og ubetydelig, noko som forsterker den profane tolkinga av namnet. Etter alt å dømma er Lund i Eid eit profant namn.



Figur 3. Lund i Eid opptrer i eit namnemiljø fritt for sakrale namn. Eikåsen ligg for langt vekke til at ein kan sjå samanheng mellom desse to gardsnamna (www.norgeskart.no, lasta ned 28.5.2011).

6.5. Lunde, gn. 32 i Jølster

Innerst i Kjøsnesfjorden i Jølstravatnet, ligg Lunde (gn. 32) i Jølster. Namnemiljøet kring denne garden er lite, som eg skal gå nærare inn på i dei neste avsnitta, samstundes som me skal få sjå at det er andre interessante stadnamn i soknet.

6.5.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Innanfor tre km er det berre tre gardar, inkludert Lunde. Lunde sjølv skylder 48 smørmerke, mens grannegarden i nord, Ripe (gn. 31), skylder 30 smørmerke, og Sygnesand (gn. 33), som ligg under to km vest for Lunde, skylder 108 smørmerke. Dette er dei einaste gardane som ligg kring Lunde, både innanfor tre km og innanfor fem km i radius, og næraste gard etter dette er Sægrov (gn. 34), over seks km nordvest for Lunde.


6.5.2. Tolking av namnemiljøet

Det ligg både eit Helgheim (gn. 6) og eit Skei (gn. 28) i nordre enden av Jølstravatnet, men avstanden frå Lunde til desse er lang – over ei mil. Denne avstanden kan kanskje forklarast

med dei topografiske forholda, som kanskje har sett grenser for kor sentralisert ein har kunna hatt kultstadane sine. Ein namnetopografisk parallell er Lunde på Os (avsnitt 6.25), der ein har gardsnamna Haljem, Skeie, og Lunde, som er tilsvarande Helgheim, Skei og Lunde i Jølster. Sjølv om avstanden mellom gardane i Jølster er mykje større enn mellom dei i Os, er det interessant at det er ein påfallande likskap mellom namna som finst på dei to stadane. Helgheim og Skei ligg begge sentralt, langs nordre enden av Jølstravatnet, og det er sirka tre km mellom dei.

Helgheim er fyrst nemnd i skriftlege kjelder i 1322, og i NG XII er det skriva at “Gaarden er Kirkested, og her har vel allereie i hedensk Tid været en Helligdom, hvortil Navnet sigter” (s. 309). Det er liten tvil om at ein har hatt ein kult i dette området, spørsmålet er om dette kultsoknet har inkludert ein heilag lund innerst i Kjøsnestfjorden. Dette er usannsynlig, ettersom denne staden i ytste grad ligg usentralt til. Ein kunne freista seg på å forklara den lokale konteksten som noko som skil seg ut, men dette er heller ikkje sannsynlig etter mi meining, og eg vil gå ut ifrå at Lunde her er profant.

Når det gjeld landskylda kring Lunde, reknar eg tre gardar som for tynt til å vera eit solid samanlikningsgrunnlag for å sjå på relativ landskyld. Derfor vil eg ikkje rekna prosentar i samanheng med det for dette gardsnamnet, og kan altså ikkje bruka landskylda som eit argument for eller imot sakralitet.



Figur 4. Lunde i Jølster er plassert på ein avsidesliggende stad, men på kartet er to andre sakrale namn i same soknet understreka (www.norgeskart.no, lasta ned 29.8.2011).

6.6. Lundakvammen og Lunde, gn. 104 og 105 i Indre Holmedal

6.6.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Lundakvammen og Lunde (gn. 104 og 105) i Indre Holmedal, ligg langs den moderne ferdssåra E39. Skilbrei (gn. 106), som ligg tre km nordaust for Lunde, har ei landskyld på 120 smørmerke, mens Lunde sjølv skylder 228 smørmerke. Lundakvammen, som er grannegard i nord til Lunde, skylder 120. I overkant av to km nordvest for Lunde, ligg Åse (gn. 102) med sine 258 smørmerke i landskyld, og under ein km sør for denne garden ligg Åmot (gn. 101), som skylder 108. Nos (gn. 103) ligg ein km vest for Lunde, og skylder 144 smørmerke. Tre km sørvest for Lunde, ligg Alvera (gn. 78) og Sygna (gn. 80). Alvera skylder 252, mens Sygna har ei landskyld på 144 smørmerke. Under to km nord for Lundakvammen, ligg Espeland (gn. 110), som skylder 84 smørmerke, og ein km nord for dette, ligg Bringeland (gn. 111) med 96 smørmerke i skyld. I underkant av tre km nordaust for Lunde, ligg Myra (gn. 107), som har ei skyld på 48 smørmerke.


Om ein slår ein radius på fem km kring Lunde og Lundakvammen, finn ein ingen andre sakrale stadnamn. Dei topografiske tilhøva gjer òg at den faktiske gangavstanden blir mykje større enn luftlinjemålingar, og derfor reknar eg ikkje med gardane som ligg mellom tre og fem km frå Lunde og Lundakvammen.

6.6.2. Tolking av namnemiljøet

Lundakvammen i Indre Holmedal har nok fått namnet sitt etter Lunde, som er grannegarden. Det er ingenting i namnemiljøet som tilseier at det skulle vera snakk om nokon heilag lund som ligg bak dette namnet, men i NG XII står ein interessant opplysning: ”Da her stod Kirke i MA., synes der at være Grund til at tænke paa en hellig Lund” (NG XII s. 302). Ifølgje NG XII (s. 307) er denne kyrkja nemnt i Björgynar kalfskinn (BK).

Som Birgit Eggert har påpeikt, skal ein vera varsam med å tolka usamansette *lund(a/e)*-namn som sakrale trass i nærveret av kyrkjestad i mellomalderen. Eg meiner likevel ein ikkje skal oversjå slike mellomalderkyrkjer fullstendig, og sjølv om ein kanskje ikkje kan bruka det til å fastslå namnet som 100% sikker sakralt, er det i alle fall med på å sannsynleggjera ei sakral tolking. Det er ingen sakrale namn i namnemiljøet rundt desse to *lund(a/e)*-gardane, men ettersom det på 1300-talet har vore ei “Lundar kirkia” her, er det ikkje usannsynlig at her har vore ein heilag lund eller offerlund.

Snittet for landskyld på gardane kring Lundakvammen og Lunde ligg på 145,6 smørmerke, og Åse har den høgaste landskylda i området. Skylda til Lunde ligg på 156,6% av snittskylda i området, og 88,4% av det Åse skylder. Den relative landskylda, samanlikna med gardane i området, er høg. Dette kan òg indikera at ein har å gjera med ein fornem gard, og det taler i alle fall ikkje *imot* ei sakral tolking. Samanlagt er mi vurdering at Lundakvammen og Lunde kan spegla ein tidligare heilag lund eller offerlund.



Figur 5. Lundakvammen og Lunde i Indre Holmedal er plassert i eit profant namnemiljø (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.7. Lunde, gn. 20 i Hafslø

Det fyrste *lund(a/e)*-namnet som er skriven om i NG XII er Lunde (gn. 20) i Hafslø. Dette gjer at nettopp dette gardsnamnet ofte blir referert til under skildringa av andre *lund(a/e)*-namn i dette bindet. I det følgjande kjem ei geografisk plassering av gardsnamn i området, og ei utrekning av landskylda frå *Landkomisjonens jordebok, Bergen lagdømme, 1661 – pakke 24. Marifjer og Jostedals schibreder*.

6.7.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

I underkant av tre km nordaust for Lunde, ligg Joranger (gn. 3 og 4), som har ei landskyld på 1483,2 smørmerke. Dette er å rekna for særst høgt, og det er òg den garden med høgast landskyld innanfor det aktuelle området i Hafslø. Ein km nordaust for Lunde, ligg Hjøsvang (gn. 18), som skylder 111,6 smørmerke. Grannegarden til Lunde er prestegarden Fet (gn. 19), som skylder 518,4 smørmerke. Sjølv har Lunde ei landskyld på 349,2 smørmerke. Grannegarden sør for Lunde er Meleim (gn. 21), som har ei landskyld på 681,6 smørmerke,

og sør for denne garden ligg *vin*-garden Sønnesyn (gn. 22), som skylder 338,4 smørmerke. Om lag to km aust for Lunde, ligg garden Oppheimshaugen (gn. 32), som har ei landskyld på 79,2 smørmerke. Sørvest for denne garden, ligg namnegarden Li (gn. 30 og 31), som skylder 356,4 smørmerke. I overkant av to km søraust for Lunde, ligg Morki (gn. 29), som skylder 144 smørmerke, og vest for denne garden er Uglo (gn. 23) plassert, med sine 124,8 smørmerke. Vest for Uglo ligg namnegarden Veo (gn. 24 og 25), som skylder 158,4 smørmerke, og like sør for Uglo ligg Flåten (gn. 28), som har ei landskyld på 24 smørmerke.

Vest for denne garden ligg Oppheim (gn. 5), og like sør ligg Tørvi (gn. 6), og desse gardane er ikkje oppført med landskyld i Skattematrikkelen XII. I overkant av ein km nord for Lunde, ligg garden Høgi (gn. 7), og aust om den ligg Kjølraug (gn. 8). Sviggo (gn. 9) ligg om lag to km nordaust for Lunde. Dalane (gn. 17) er plassert to km nordvest for Lunde. Ingen av desse gardane har registrert landskyld i Skattematrikkelen XII.

Reiser ein lenger vekk en tre km, finn ein eit knippe gardar innanfor fem km radius frå Lunde. Ein snau km sørvest for namnegarden Veo, ligg Falkegjerdet (gn. 26), og sør om denne garden ligg Alvsteigen (gn. 27). Namnegarden Baten (gn. 33 og 34) ligg ein km søraust for Flåten, og like søraust om Baten ligg Eikeberg (gn. 35). Fem km sørvest for Lunde ligg dei tre gardane Solvi (gn. 61), Sterri (gn. 62) og Hildestad (gn. 63). Nord for Lunde ligg garden La (gn. 1), like ved Jordanger, og like nord for denne garden, ligg Marifjøra (gn. 11), som ligg nord for Marheim (gn. 10).

6.7.2. Tolking av nammemiljøet

Naar O. R. siger (Incl. S. 66), at der neppe gives noget saadant Navn, som med Sikkerhed kan antages at sigte til en af den hedenske Tids hellige Lunde, maa det dog bemærkes, at saa mange Gaarde af Navnet Lund, Lunde ligge i umiddelbar Nærhed af et Kirkested, at dette vanskeligt kan være tilfældigt; Grunden maa da vistnok, ialfald ofte, være den, at Stedet før Kirkens Tid var Sæde for hedensk Gudsdyrkelse.


(NG XII s. 35)

Dette står skrive i NG XII om Lunde i Hafslo. I tillegg til denne Lunde-garden, finn ein òg eit mulig sakralt namn i Hjøsvang. Tolkinga av dette *vang*-namnet er ikkje heilt klart, både når det gjeld fyrste- og andreledd, sjølv om det nok er størst grunn til å sjå namnet som eit *vang*-

namn. Fyrsteleddet har tolkingsforslag som går til *hjasi* 'hare' på den eine sida, og *hjarsi* (*hjassi*) 'isse' på den andre. Korleis ein vel å tolka fyrsteleddet er ikkje ubetydelig for denne undersøkinga, då ein vanskelig kan sjå føre seg eit namn på eit heilaggjort område samansett med appellativ frå lokal fauna. Grannegarden til Hjøsvang er uansett kyrkjestaden, og Holmsen (1977) ser desse tre gardane i ein sakral samanheng. Ser ein plasseringa av desse gardane i lys av prinsippet om kultkontinuitet, *kan* dette sjåast som argument for ei sakral tolking av Lunde. Denne kyrkja var fyrst bygd som stavkyrkje, og blir nemnd i kjelder på 1300-talet (Dietrichson, 1892).

Garden Eikeberg ligg for langt vekke frå Lunde til at eg vil sjå dette namnet i samanheng med heilaggjorte eiker, og alt i alt har ein ingen fullsikre indikasjonar på at det her har vore ein heilag lund eller offerlund. Samstundes talar nærleiken til kyrkjestaden og eit *vang*-namn meir for sakralitet enn profanitet.

Snittskylda for gardane i dette området er 364,1 smørmerke. Skylda til Lunde ligg på 95,9% av dette snittet. Høgast landskyld har Joranger, og skylda til Lunde tilsvare 23,5% av dette talet. Når ein *lund(a/e)*-gard har omtrent lik landskyld som snittet i området, kan ikkje landskylda brukast som argument for sakral tolking. Dette endrer likevel ikkje tolkinga namnemijøet talar for, og samanlagt er mi tolking at Lunde har sakralt opphav.



Figur 6. plasseringa av Lunde i nærleiken av mellomalderkyrkjestaden Fet taler for at dette kan ha vore ein heilag lund eller offerlund (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.8. Hofslund, gn. 15 i Sogndal

Namnet Hofslund er interessant, fordi det tilsynelatande er sett saman av to ord som har tilknytning til norrøn kultus. I NG XII kan ein imidlertid lesa at garden er av nyare dato, og namnet er basert på grannegarden Hove. Sjølv om det har vore kyrkjestad sidan mellomalderen på Stedje, like ved Hove og Hofslund, og dette kanskje kan sjåast i kultsamanheng, vil eg ikkje ta dette med inn i undersøkinga mi, ettersom eg utelukkande skal sjå på *lund(a/e)*-namn som kan ha vore sakrale i ein norrøn kultsamanheng. Dette kan ein med sikkerheit seia at ikkje gjeld eit namn som har blitt til i moderne tid.

6.9. Lunde, gn. 20 i Balestrand

I Balestrand ligg ein gard med namnet Lunde (gn. 20). Denne har ei interessant plassering, som eg skal seia meir om i avsnitt 6.9.2., men før det skal eg visa til landskylda gardane i området har, og den geografiske plasseringa desse gardane har i landskapet.

6.9.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Lunde har ei landskyld på 162 smørmerke. Prestegarden Tjugum (gn. 19), som ligg under ein km vest for Lunde, skylder 322,4 smørmerke. Grannegarden til Tjugum i vest er Gjerde (gn. 18), som skylder 136,8, og Grøneng (gn. 17), som ligg vest for Gjerde, skylder 206,4 smørmerke. I overkant av ein km nordvest for Grøneng ligg Kvaleim (gn. 15) med sine 36 smørmerke, og ein km sør for denne garden ligg namnegarden Ese (gn. 12 og 13), som skylder 329,4 smørmerke. Sjøtun (gn. 9) ligg i underkant av to km sørvest for Lunde, og skylder 80 smørmerke. Bala (gn. 10), som ligg like vest for Sjøtun, skylder 468, og grannegarden sør for Bale, Fjerestad (gn. 8), skylder 288 smørmerke. Omlag to km sør, på sørsida av fjorden frå Lunde, ligg Askelund (gn. 7), som ifølgje NG XII har vore fogdegard (s. 138). Dette er nok eit døme på *lund(a/e)*-namn som har blitt tatt i bruk i nyare tid, og som fortel noko om fritidsaktivitet, fj. Frydenlund fleire stader i landet.


Innanfor tre km er det nokre gardar som ikkje er lista opp med landskyld i Skattematrikkelen XII. Dette er Sanden (gn. 6), Hella (gn. 38), Rud (gn. 39), Vestreim (gn. 40), og Eitongjerdet (gn. 41). Sande er plassert i underkant av tre km sørvest for Lunde. To km søraust for Lunde ligg Hella, som ligg ein km sørvest for Rud, og ein km vest for Vestreim. Like aust for Vestreim finn me Eitorngjerdet. Skåseim (gn. 5), og Bruhjell (gn. 4) er plassert i overkant av tre km sørvest for Lunde. Sør for desse to gardane finn me Tue (gn. 3), som ligg ein km nord for Flesjane (gn. 2). Omkring fem km sør for Lunde ligg Tuftedalen (gn. 1), og sirka fire km søraust for Lunde ligg Eitun (gn. 42).

6.9.2. Tolking av namnemiljøet

Denne Lunde-garden ligg rett ved ei gamal kyrkje, og dette kan ein tolka som teikn på kultkontinuitet. At garden ligg i nærleik til kyrkjestad blir òg trukke fram i NG XII. Mellom sju og åtte km sør ligg eit Eikelund, som eg ikkje finn att i NG XII eller Skattematrikkelen XII, og dessutan er avstanden mellom Eikelund og Lunde alt for stor til at ein kan sjå dei i samband med einannan.

Namnemiljøet kring Lunde er fritt frå sakrale namn, men garden er sentralt plassert, og med ein mellomalderkyrkjestad i nærleiken, sannsynleggjer dette ei sakral tolking. Landskylda til Lunde kan derimot ikkje brukast som argument for sakralitet. Den gjennomsnittlige

landskylda for gardane i området her ligg på 225,4 smørmerke, og den største garden innanfor tre km frå Lunde er Bala, som skylder 468 smørmerke. Landskylda til Lunde ligg på av 71,9% snittet, og av 36,6% det Bala skylder. Dette peiker meir mot profanitet enn mot sakralitet, men det veg ikkje nok opp mot dei andre sakralindikerande faktorane til at tolkinga blir profan. Tolkinga mi er at dette er eit mulig sakralt *lund(a/e)*-namn.



Figur 7. Dei to understreka *lund(a/e)*-namna ligg begge innanfor tre km frå Tjugum, men nærleik til kyrkjestad er berre sakralindikerande for Lunde. Askelund er eit yngre namn, og klart profant (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.10. Askelund, gn. 7 i Balestrand

I NG XII står det ikkje anna om Askelund enn at garden blir kalla for Futegarden, og at han har vore fogdegard (sjå ovanfor). Ettersom dette er ein gard som umulig kan ha høg nok alder til å vera av interesse for denne undersøkinga, går eg ikkje nærare inn på dette gardsnamnet her.

6.11. Lund, Lund og Lund, forsvunne gardsnamn i Lærdal.

Hos Johannessen (2000) er det i Lærdal førd opp to øydegardar som begge er lagt under Voll, gn 14 i Lærdal (s. 143 og 150). Den eine av desse gardane er skriven *Lundt i Lerdall* (s. 143).

I Gjordebok for geistlig gods, nr. 2. 1694, er denne garden kalla for Voll i Lærdal, og lista som eigedom av Joranger kyrkje. Det er òg Joranger kyrkje som er oppført som eigar av *Lundt i Lerdall* i Jordebok ca. 1600. Den andre av øydegardane som er lagt under Voll, er *Lund*, som er eigd av “*hoffuid kiercken*”, som er Tønjum kyrkje. I Gjordebok for geistlig gods, nr. 2. 1694, er *Lund* skildra som Lunde øydegard, og tilhøyrande Øvrevoll.

Til Hauge kyrkje, i kyrkjesoknet nord for Tønjum, er det oppført ein øydegard med namnet *Lund*, i Johannessen (2000).

Lund finst ikkje som sjølvstendig gard i 1647 (jamfør Skattematrikelen XII), og heller ikkje i 1661 (jamfør Landkomisjonens jordebok 1661), men i Johannessen (2000) finn me altså spor etter noko som ganske sikkert har vore minst éin *lund(a/e)*-gard i nærleiken av ein gamal kyrkjestad. På statens kartverk (www.norgeskart.no, 19.10.2011) er det merka av eit Lund mellom Grøte og Øvrevoll. Johannessen (2000) har lista opp dei ulike gardane etter kor dei ligg geografisk. Den Lund-garden som er eigd av Tønjum kyrkje, er lista opp mellom *Neste Liuszne* og *Wold* (s. 150), noko som stemmer heilt med plasseringa Lund har på kart. Lund-garden som Hauge kyrkje eig, er lista opp på ein måte som ikkje talar mot det, mellom Rå og Molde (s. 151).

6.11.1 Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

For å finna ut kva landskyld gardane i Lærdal har hatt, har eg måtta sjå igjennom Gjordebok for geistlig gods, nr. 2. 1694, Johannessen (2000), og Landkomisjonens jordebok frå 1661. I tillegg til desse to kjeldene har eg brukt Dybdahl (1976). Dei neste tre avsnitta vil eg bruka på å forklara den geografiske plasseringa dei ulike gardane i området har, i tillegg til å sjå på landskylda til gardane innanfor tre km frå Lund. Tønjum (gn. 16) ligg nord for Lund, og skylder 72 smørmerke. Namnegarden Voll (gn. 14 og 15), som Lund altså nå er ein del av, har ei landskyld på 933 smørmerke. Dei ulike delane av Lund skylder til saman 62,4 smørmerke.

Hos Dybedahl (1976) står dei følgjande gardane lista opp med landskyld. Nord for namnegarden Voll (gn. 14 og 15) ligg Tønjum (gn. 16), som grenser til Øvregard (gn. 17) i aust. Voll skylder her til saman 1203 smørmerke, mens Tønjum skylder 1044, og Øvregard skylder 288 smørmerke. To km nordvest for Voll ligg namnegarden Eri (gn. 19 og 20) med


1704 smørmerke i skyld, og mellom dette og Tønjum er Lærdal Præstegård (gn. 18) plassert. Prestegarden skylder 336 smørmerke, og skatten som Lund-teigen utgjør av dette er 84 smørmerke. To km nord for Voll finn me garden Molde (gn. 21), med 276 smørmerke i skyld, og som grenser til Færestad (gn. 22) i nord. Færestad skylder 90 smørmerke. Grøte (gn. 13) grenser til Voll i søraust, og aust for denne garden ligg Bø (gn. 12). Tre km aust for Voll ligg namnegarden Ljøsne (gn. 9 og 10). Landskylda til Grøte ligg på 699, Bø skylder 636, mens Ljøsne skylder 1727 smørmerke.

I overkant av tre km nord for Voll ligg Hauge (gn. 23), og like nord for dette ligg Skjær (gn. 24) og Hunderi (gn. 26). Over fire km søraust for Voll ligg Rikheim (gn. 8), som grenser til Rå (gn. 7) i søraust.

6.11.2. Tolking av namnemiljø

Snittet for landskyld, med utgangspunkt i Dybdahl (1976), er 735,2 smørmerke per gard. Dette er uvanlig høgt, og skylda til Lund utgjør berre 11,4% av dette talet. Den høgaste landskylda har Ljøsne, med sine 1727 smørmerke, og Lund skylder 4,9% samanlikna med det. Her vel eg å ikkje problematisera skilnaden som ein kan sjå i landskylda i dei ulike kjeldene, og stoler på at Dybdahl har ei truverdig samanrekning av landskylda i sitt materiale.

Det er ikkje nokre stadnamn i miljøet kring desse gardane, som kan tyda på at det her skal vera snakk om ei sakralt namnemiljø. Men det er sjølvst av interesse at denne garden ligg i nærleiken av ei gamal kyrkje, som skal vera bygd om lag år 1200 (Dietrichson, 1892). Ein kan derfor tenka seg at det har vore ein kult som har hatt kontinuitet i den religiøse praksisen frå førkristen tid, fram til kyrkja blei bygd. Det forsvunne gardsnamnet kan reflektera eit språklig spor etter ein heilag lund eller offerlund i samband med den førkristne kulten.



Figur 8. Det forsvunne gardsnamnet Lund, ligg mellom dei understreka namna Ørevoll og Grøte. Nærleiken til kyrkjestaden peiker i sakral lei (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.12. Lunde, gn. 65 i Leikanger

Lunde (gn. 65) i Leikanger ligg i eit område der den generelle landskylda er forholdsvis høg. Dette gjer likevel ikkje at namnemiljøet kring Lunde peiker i retning sakralitet.

6.12.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Rinde (gn. 60) ligg om lag to og ein halv km nord for Lunde, og skylder 262,8 smørmerke. Grannegarden til Rinde er Fedjane (gn. 59), og denne garden har ei landskyld på 848,8 smørmerke, som er den høgaste landskylda i tre km omkrins frå Lunde. Tre km nordvest for Lunde ligg Håane (gn. 75), som skylder 324 smørmerke. Berdal (gn. 74), som ligg sør for Håane, skylder 470,4. Sirka ein km aust for Berdal ligg Dregane (gn. 62), som skylder 273,6, og like sørvest for denne garden ligg Tjørn (gn. 61), som har ei landskyld på 126,6 smørmerke. Om lag ein km vest for Tjørn, ligg Stjernegjerd (gn. 73) og Bergheim (gn. 72). Stjernegjerd skylder 114,6, mens Bergheim skylder 84 smørmerke. Helland (gn. 70), som ligg søraust for Bergheim, og sirka ein og ein halv km vest for Lunde, har ei landskyld på 101,6 smørmerke. Grannegarden Smidjane (gn. 69) skylder 72, og Dale (gn. 64), som er den vestre grannegarden til Lunde, skylder 114 smørmerke. Åfet (gn. 71), som grenser til Bergheim i


vest, skylder 122 smørmerke. Lunde sjølv skylder 86,4, mens Grinddal (gn. 68) skylder 72, og Sætrane (gn. 66) har ei landskyld på 357 smørmerke. Både Grinddal og Sætrane er Lunde sine grannegardar i sør.

I Skattematrikkelen XII finn eg ikkje spor etter Tveiti (gn. 63), som ligg under ein km nordvest for Lunde. Sæterlid (gn. 67), som ligg like sør for Sætre, er heller ikkje til å spora opp her.

Når ein tar eit oversyn over gardane som ligg innanfor fem km, finn ein ikkje sakrale stadnamn. Ut frå den geografiske plasseringa av garden Lunde har det heller ikkje noko føre seg å sjå kva gardar som er innanfor fem km i luftlinje, ettersom fjell og dalar gjer gangavstanden urimelig.

6.12.2. Tolking av namnemiljøet

Snittet for landskyld i dette området ligg på 228,7 smørmerke, og høgast landskyld har Fedjane, med 848,8 smørmerke. Skylda til Lunde ligg på 37,8% av snittet og 10,2% av kva Fedjane skylder. Namnemiljøet kring Lunde i Leikanger tilseier ikkje at dette er ein lund som har blitt brukt i religiøs kultus. Den topografiske plasseringa av garden kan ein ikkje sjå på som sentral, landskylda er sær låg, og den samanlagte vurderinga mi er at dette gardsnamnet er eit profant *lund(a/e)*-namn. Dette er ei vurdering som òg er å finna i NG XII, s.



Figur 9. Kartet viser eit *lund(a/e)*-namn som står aleine i eit namnemiljø fritt for sakrale stadnamn (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.13. Lundeland, gn. 48 i Hyllestad

Lundeland (gn. 48) i Hyllestad ligg ytst i munningen til Sognefjorden, men framleis litt diskret plassert i ein poll bak ei halvøy. Denne halvøya har kanskje vore ein naturleg molo som har danna gode hamnetilhøve. Og dette er, som me skal sjå, ikkje det einaste interessante med miljøet kring dette gardsnamnet.

6.13.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

I underkant av to km søraust for Lundeland ligg Hellem (gn. 53), som skylder 108 smørmerke. Grannegarden til Lundeland i vest er Lekva (gn. 49), og denne garden skylder 72 smørmerke. Hovlandsvågen (gn. 52) ligg like sør for Lundeland og skylder 48, mens Lundeland sjølv skylder 108 smørmerke. Hovland (gn. 47) er grannegarden til Lundeland i vest, mens Risnes (gn. 46) ligg sirka ein km sør for denne garden, og begge desse gardane skylder 216 smørmerke kvar. Lireid (gn. 51), som grenser til Rinde i vest, har 72 smørmerke i skyld. Lundeland er altså halvparten så produktiv som dei to gardane med høgast landskyld, innanfor tre km.


Ytrefjorden (gn. 54) ligg fire km søraust for Lundeland. Om lag ein km aust for denne garden er Kolgrov (gn. 56) plassert, og omkring ein km sør for dette ligg Indrefjorden (gn. 55). I overkant av tre km sør for Lundeland finn me garden Sågnes (gn. 81) og Sætervik (gn. 82).

6.13.2. Tolking av namnemiljøet

Like ved Lundeland i Hyllestad, ligg garden Hovland, som i NG XII blir vurdert som eit sakralt namn. På andre sida av Lundeland, ligg Lekva, som kanskje kan vera eit **Leikvin*, men i NG XII blir **Leikvangr* òg lista som ei mulig tolking. Uansett kva for ein av desse formene namnet kjem ifrå, kan det sjåast i samanheng med ein plass for offentlige kultleikar. Akkurat i dette tilfellet spelar det vel liten rolle for tolkinga om det er snakk om eit *vang*-namn eller ikkje, ettersom *leik*-namn generelt er samansett med ord for ‘open slette, eng, grasmark’, jf. *voll* og *vin*. Det er jo òg nettopp tilknytning til offentlige samlingspunkt, og nærleiken til gamle kultplassar som har gjort at ein ser føre seg at *vang*-namn har sakral referanse.

Snittet for landskyld i området er 120 smørmerke, og dei største gardane er Hovland og Risnes, som begge skylder 216 smørmerke. Landskylda til Lundeland utgjer 90% av snittet og 50% av skylda til Hovland og Risnes.

At Hovland ligg sentralt i bygda, er det einaste som er nemnt om garden i NG XII, s. 231, og noko tilknytning til gamal religion er berre indirekte nemnt gjennom å visa til ein annan Hovland-gard (gn. 3 i Årdal). På same måte som det må ha vore eit hov på Hovland (jf. Magnus Olsen, 1915 s. 160), må det ha vore ein lund på Lundeland. Denne lunden må på eit eller anna vis ha skilt seg ut for å kunna ha gitt namn til ein gard på denne måten. Når eit *leik*-namn og eit *lund(a/e)*-namn er plassert tett opp til eit Hovland, kan ein snakka om eit sakralt namnemiljø. Når dette namnemiljøet i tillegg er sentralt plassert i ei bygd, forsterkar det ei sakral tolking sjølv om landskylda er låg, og eg vil derfor konkludera med at Lundeland godt kan reflektera eit onomastisk spor etter ein heilaggjort lund, eller kanskje ein offerlund.



Figur 10. Ut frå kartet kan me sjå den korte avstanden mellom dei understreka sakrale stadnamna (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.14. Lund, gn. 42 i Gulen

Den sørligaste Lund-garden i Sogn og Fjordane, er Lund (gn. 42) i Gulen, som eg skal presentera her.

6.14.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

I underkant av to km nord for Lund ligg Glossvika (gn. 39), som har ei landskyld på 48 smørmerke. Ein km sørvest for denne garden ligg Klokkeid (gn. 70), som skylder 36. Vedvika (gn. 69), som skylder 48 smørmerke, ligg i overkant av ein km sør for denne Klokkeid. Lund skylder sjølv 72 smørmerke, og grannegarden Berge (gn. 43) skylder 138. Like sør for Berge, ligg Myre (gn. 44) og Kjellevål (gn. 45), som skylder 144 og 216 smørmerke. Ein km aust for Kjellevål, ligg Halland (gn. 47) og Dale (gn. 51). Halland skylder 144, mens Dale skylder 228 smørmerke. Ein km nord for Halland ligg namnegarden Norddal (gn. 48 – 49), som har ei landskyld på 192 smørmerke, og ein km sør for Halland, ligg Vyrkesdal (gn. 52) med sine 84 smørmerke. Molde (gn. 53) er grannegarden til Kjellevål i sør, og skylder 144. lengst i sør ligg Galten (gn. 54), som skylder 60 smørmerke. Mellom Kjellevål og Halland ligg Nærdal (gn. 46), som skylder 96 smørmerke. Like nord for Dale er garden Slengesol (gn. 50) plassert,


med sine 108 smørmerke i skyld, og i underkant av tre km nordvest for Lund finn me Brandsdal (gn. 67), som skylder 48 smørmerke. Av gardane som ligg innanfor tre km frå Lund, er det to gardar som ikkje finst i Skattematrikkelen XII. Dette er Åmdalsvika (gn. 40), som ligg ein km nord for Lund, og Omdal (gn. 41), som er plassert under ein km nordaust for Lund.

I overkant av tre km nordaust for Lund, finn me garden Dyregrov (gn. 38). Namnegarden Oppdal (gn. 34 og 37) ligg like aust om Dyregrov, og fem km aust for Lund kan me finna Krossvoll (gn 36). Under fire km sør for Lund ligg namnegarden Grinde (gn. 55 og 56), og i overkant av ein km sør for dette ligg Knarrvik (gn. 57).

6.14.2. Tolking av nammemiljøet

Dette er ei tolking som blir støtta av landskylds nivået til Lund. Gjennomsnittlig skylder gardane i området 112,9 smørmerke kvar, og den største landskylda har Dale, med 228 smørmerke i skyld. Landskylda Lunde yter svarer til 63,8% av det snittet i området ligg på. Samanliknar ein med Lund med Dale, utgjer skylda til Lund 31,6% av det Dale skylder.

Om Lund i Gulen er det å lesa at “[i]ntet taler for, at Navnet her skulde staa i nogen Forbindelse med hedensk Gudsdyrkelse” (NG XII, s. 203). Ut frå nammemiljøet i nærleiken av Lund, tykkjer eg konklusjonen som er gitt i NG XII er passande. Av dei namna som ligg i nærområdet til Lund, er det ingen som skil seg ut som mulig sakrale stadnamn. Når eit *lund(a/e)*-namn opptrer utan indikatorar på sakralitet, er det heller ingen grunn til å tru at namnet skal vera sakralt, noko som i høgste grad gjeld for Lund i Gulen.



Figur 11. Som vist på kartet, er Lund i Gulen plassert i eit namnemiljø utan sakrale namn, og kan reknast som eit profant stadnamn (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.15. Lunde, gn. 73 på Vossestrand

6.15.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet


Den nordligaste av *lund(a/e)*-gardane i Hordaland er Lunde (gn. 73) på Vossestrand. Om lag tre km nord for Lunde ligg garden Stalheim (gn. 76), som har ei landskyld på 252 smørmerke. Sørøst for denne garden ligg Fyre (gn. 82), som skylder 54 smørmerke. Sørvest for Fyre, omkring ein km frå Lunde, ligg Slæn (gn. 75), med ei landskyld på 94,5 smørmerke, og vest for denne garden ligg Tveito, med ei landskyld på 162 smørmerke. Tveito er grannegarden til Lunde, som skylder 72 smørmerke, og vest for Lunde ligg Giljarhus (gn. 72), med ei landskyld på 90 smørmerke. Vestom denne garden ligg Hauge (gn. 71), som skylder 144, og Rygg (gn. 70), med 180 smørmerke i landskyld. På nordsida av Oppheimsvatnet ligg Kvamme (gn. 69) og Heggland (gn. 67), og vest for dei ligg Løn (gn. 66). Kvamme skylder 204 smørmerke, Heggland 84, mens Løn skylder 295,2.

Om lag fire km vest for Lunde ligg Ure (gn. 65). Sør for denne garden ligg Vetleteig (gn. 64), Berge (gn. 63), namnegarden Oppheim (gn. 61 og 62), og Oppheimsvangen (gn. 60). I

underkant av fire km sørvest for Lunde, på sørsida av Oppheimsvatnet, er Grindaland (gn. 88) plassert. Sørvest for dette ligg Teigen (gn. 89) og namnegarden Hemre (gn. 90 og 91).

6.15.2. Tolking av namnemiljøet

Namnemiljøet kring Lunde er uinteressant med tanke på sakrale stadnamn. Det er ingen andre namn som kan ha mulige sakrale tydingar, med mindre ein reiser ei mil oppover i Nærøydalen, kor me treff på namnet Gudvangen (i soknet Nærøy) i Aurland. Men avstanden mellom Lunde og Gudvangen er for stor til at eg vil setja desse to namna i samanheng med kvarandre. Spørsmålet om sentralitet kunne vore aktuelt, med tanke på Nærøydalen som ei ferdsléare, men Lunde opptrer aleine som mulig sakralt namn på si side av dalen, og eg vil derfor utelukka at det her kan vera snakk om ein heilag lund eller offerlund som har gitt namn på staden. Snittet for landskyld i området er 143,4 smørmerke, og garden med høgast produksjon er Løn, som skylder 295,2 smørmerke. Landskylda til Lunde ligg på 50,2% av snittet og 24,4% av det Løn skylder. Dette støtter ei profan tolking.



Figur 12. Det understreka gardsnamnet Lunde, opptrer i eit namnemiljø utan sakrale namn, noko som indikerer profanitet (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.16. Lund, gn. 47 på Vossestrand

Innanfor fem km frå Vinje kyrkje på Vossestrand, ligg Lund (gn. 47). Men at ein finn ei kyrkje ikkje langt vekke frå dette Lund-namnet, tyder ikkje at ein skal tolka det som eit sakralt namn.

6.16.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Tre km nordaust for Lund, ligg garden Gavle (gn. 27), som har ei landskyld på 60 smørmerke, og Sausjord (gn. 28), som skylder 18 smørmerke. Ein km vest for desse gardane ligg Tveito (gn. 32), som skylder 126 smørmerke, og sør for Tveito ligg namnegarden Høn (gn. 33), med ei landskyld på 201 smørmerke. Like sør for denne garden ligg Haga (gn. 35), som skylder 108 smørmerke. Ein km søraust for Haga ligg Brattholo (gn. 36), som òg skylder 108 smørmerke. Sør for denne garden, ligg Hydningen (gn. 38), namnegarden Meland (gn. 40), og Holo (gn. 41). Hydningen skylder 60 smørmerke, namnegarden Meland skylder 182, og Holo skylder 264 smørmerke. I underkant av to km søraust for Lund ligg Igdetveit (gn. 42), som skylder 72 smørmerke. Sør for Igdetveit ligg Selje (gn. 43), og til nord ligg Arnetveit (gn. 44). Arnetveit skylder òg 72 smørmerke, mens Selje skylder 18. Om lag ein km vest for Lund ligg Fjeli (gn. 46), med 72 smørmerke i landskyld, og Hommedal (gn. 45), som òg skylder 72. Hereim (gn. 29) ligg tre km nordaust for Lund, og har ei skyld på 186 smørmerke. Lund, som ligg lengst vest av alle desse gardane, har ei landskyld på 48 smørmerke.


I Skattematrikkelen XI finn ein ikkje spor etter Gilbakken (gn. 31), Løkje (gn. 48), Njåtveit (gn. 49), Rødno (gn. 50) og Hjellen (gn. 51). Gilbakken grenser til Tveito i sør, mens Løkje ligg mellom Lund og Njåtveit. Rødno ligg sør for Hole, og aust for Rødno ligg Hjellen.

Namnegarden Sundve (gn. 25 og 26) ligg i overkant av tre km nordaust for Lund. Sirka ein km aust for dette ligg Draugsvoll (gn. 7), og like nord for denne garden finn me namnegarden Vinje (gn. 3 – 5). Taulen (gn. 52) er plassert om lag fire km søraust for Lund. Attmed Taulen ligg Skogstad (gn. 53), og nord for dette ligg namnegarden Kvormo (gn. 54 og 55) og Humlabrekke (gn. 56).

6.16.2. Tolking av namnemiljøet

Lik som den andre Lund-garden på Vossestranda, opptrer ikkje Lund (gn 47) i eit sakralt namnemiljø, med mindre ein beveger seg utover tre km. I overkant av fire km i luftlinje, ligg Vinje, som soknet er oppkalla etter, og Draugsvoll. I NG XI (s. 562) vurderer Olsen ei tolking om at folk i bygda har sett føre seg dette området som heimsøkt av gjenferd. På Draugsvoll finst det eit stort gravfelt, noko som kan ha gitt opphav til ei slik førestilling. Som ein kan sjå ut ifrå fig. 13, er Lund plassert nokså perifert i forhold til Vinje og Draugsvoll, og luftlinjeavstanden kan ikkje samanliknast med den reelle gangavstanden. Gangavstanden er såpass stor at ein ikkje kan bruka argumentet om sakrale stadnamn innanfor fem km til inntekt for ei sakral tolking av Lund, og utan andre argument for sakralitet, tolkar eg Lund som profant.

Den gjennomsnittlige landskylda for gardane eg har oppvist landskylda til, er 104,4 smørmerke, og høgast landskyld av alle gardane har Holo, med 264 smørmerke i skyld. Skylda til Lund svarer til 46% av snittet for området, og 18,2% av det Holo skylder, noko som absolutt støtter opp om ei profan tolking av stadnamnet.



Figur 13. Dei understreka stadnamna Vinje og Draugsvoll, har ei nokså stor avstand til Lund (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.17. *Lund, forsvunne gardnamn på Voss.

Til Indre Ringheim (gn. 52) på Voss, er det oppført ein gard skriven *Lundt* i Gjørdebok for geistlig gods. Nr. 2, 1694. Attmed denne garden ligg det eit vatn med namnet Lundarvatnet, og mellom dette vatnet og Ringheim, ligg Lundarhovden. Dette er tydelige spor etter eit gardnamn *Lund, og eg skal derfor sjå nærare på miljøet kring Ringheim som om det skulle ha vore ein matrikkelgard med eit *lund(a/e)*-namn her.

6.17.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Gardane, og landskylda deira, som ligg innanfor tre km har eg rekna ut, og eg presenterer dei på same måte som med andre manmemiljø er presentert i denne teksten. Æn (gn. 62) ligg lengst nord, i underkant av tre km nord for Ringheim, og skylder 216 smørmerke. Sør for denne garden ligg Flatekvål (gn. 61), som skylder 304. Gjerdskvål (gn. 60) ligg like sør for Flatekvål, og skylder 189 smørmerke, og denne garden grenser til Fitjo (gn. 59) og Grevle (gn. 57). Fitjo skylder 72, Grevle skylder 110, mens Skjerpe (gn. 56), som ligg vest for Grevle, skylder 81 smørmerke. Dukstad (gn. 85), som ligg sirka to km nordaust for Ringheim, skylder 288 smørmerke. Det same skylder Øvsthus (gn. 86), som ligg like aust for Dukstad. Skulestad (gn. 58) skylder 72, og ligg sør for Dukstad, mens Lirhus (gn. 88) , som ligg i overkant av ein km nordaust for Ringheim, skylder 258. Trodo (gn. 55) og namnegarden Gjerde (gn. 54) ligg like nord for Ringheim, og Trodo skylder 144 smørmerke, mens Gjerde skylder 334. Lofthus (gn. 87) skylder 204 smørmerke, og er plassert sør om Lirhus. Namnegarden Ringheim (gn. 50 – 53) skylder 737, og *Lund skylder 36 smørmerke.

To km aust for Ringheim ligg Kvåle (gn. 95), som skylder 162 smørmerke, og Melve (gn. 94), som skylder 252 smørmerke. Tvilde (gn. 89) og Gjerdåker (gn. 90) ligg ein km aust for Ringheim, og Tvilde skylder 284 smørmerke, mens Gjerdåker skylder 330. Namnegarden Rykke (gn. 91 og 92), som ligg like sørvest for Melve, skylder 492. Endeve (gn. 93) ligg søraust for Melve, og skylder 180. Like sør om Ringheim ligg Mølster (gn. 46), som har ei landskyld på 292 smørmerke. Raudstad (gn. 41) er plassert om lag ein km sørvest for Mølster, og skylder 204, mens grannegarden i aust, Brekku (gn. 40), skylder 42. Sirka to km sør for Ringheim ligg garden Ronve (gn. 197), som skylder 252 smørmerke. Tre km søraust om Ringheim ligg Rene (gn 188), som grenser til namnegarden Li (gn. 189 og 190) i vest. Rene

skylder 210 smørmerke, og Li skylder 706. Bryn (gn. 191) ligg i overkant av ein km søraust for Ringheim, med ei landskyld på 216 smørmerker.

I Skattematrikkelen XI er det fleire gardar som ikkje er lista opp med landskyld, og dette avsnittet plasserer desse gardane geografisk. Seim (gn. 42) ligg like sør for Brekku, mens Finne (gn. 43) ligg aust for Brekku. Namnegarden Ullestad (gn. 44 og 45) er plassert aust for Brekku, mens Lekve (gn. 47) og prestegarden Vang (gn 48) ligg sør for Mølster. Helleve (gn. 96) ligg mellom Kvåle og Vinjo (gn. 97 og 98), og namnegarden Haugo (gn 192 og 193) ligg i underkant av to km sør for Ringheim. Sør for dette ligg namnegarden Nyre (gn 194 og 195), og mellom denne og Ronve ligg Gjernes med Vossabakken (gn. 196).


Drar ein over tre km frå *Lund finn ein eit vell av gardar. Bauthus (gn. 39), Lydvo (gn. 37), Oppheim (gn. 38), og Kvåle (gn. 36) ligg i overkant av tre km sørvest for Ringheim. Sør for Kvåle ligg Hellesnes (gn. 35). Over tre km nord for Ringheim ligg Nordrekvål (gn. 63), som grenser til Saue i nord. Hegle (gn. 83) ligg under to km aust for Nordekvål, og nord om Hegle finn me Nedkvitno (gn. 82). Nordheim (gn. 105) ligg fem km nordaust for Ringheim. Sør om dette ligg Repål (gn. 102), mens namnegarden Vinjo er plassert i overkant av tre km aust for Ringheim, og grenser til Fjose (gn. 99) i sør og namnegarden Tøn (gn. 100 og 101) i aust. Namnegarden Kyte (gn. 103 og 104) er plassert fem km nordaust for Ringheim. Sonve (gn. 198) ligg over tre km sør for Ringheim, og grenser til namnegarden Rokne (gn. 199 og 200) i sør. Græe (gn. 201) ligg om lag ein km sør for Sonve, mens namnegarden Himle (gn. 202 og 203) er plassert om lag fem km sør for Ringheim. Under ein km aust for Rene, ligg garden Kinne (gn. 187), som ligg attmed namnegarden Takla (gn. 185 og 186). I sør grenser Takla til namnegarden Auro (gn. 182 og 183), og sør for dette, fem km søraust for Ringheim, er Vivås (gn. 181) plassert.

6.17.2. Tolking av nammemiljøet


Den gjennomsnittlige landskylda for desse gardane er tilnærma lik 245,4 smørmerke, og med sine 36 smørmerke i landskyld kan altså ikkje *Lund ha vore ein veldig stor gard. Til gjengjeld har denne garden gått inn i ein annan gard med mykje høgare landskyld. Ringheim skylder over tre gangar gjennomsnittlig landskyld, 737 smørmerke, og trekk snittet for

landskyld i området i stor grad opp. Landskylda *Lund yter svarer til 14,7% av snittet, og 4,9% av kva Ringheim skylder.

Figur 14 er misvisande i den forstand at Lundarvatnet og Lundarheim er avmerka på austsida av vatnet i denne målestokken. Lundarhovden ligg på vestsida av der Lundarvatnet er markert her, mens Lundarosen er elveosen på sørsida av vatnet, som avmerka i fig. 15. Ut frå dei namna ein kan finna på kart ser den forsvunne *Lund-garden ut til å ha vore plassert på sørvestsida av Lundarvatnet. Avstanden frå dette til Vang og Lekve er om lag ein km. Vang har vore kyrkjestad sidan mellomalderen, og har blitt sett på av Olsen (1926, s. 217) i samband med sakrale *vang*-namn. Grannegarden til denne prestegarden er *leik*-garden Lekve, som nok har vore bruka til offentlige leikar, og sannsynligvis kultleikar. Når avstanden mellom ein prestegard, ein *leik*-gard og ein *Lund-gard, er det grunn til å tenka på ein heilag lund eller offerlund. Når denne *Lund-garden har vore viktig nok til at han har gitt sekundære naturnamn i nærområdet, styrker dette ei sakral tolking.



Figur 14. Dei understreka namna som indikerer ein tidligare *Lund-gard, er her registrert på motsett side av Lundarvatnet frå der denne garden må ha vore plassert (www.noregskart.no, lasta ned 29.5.2011).



Figur 15. namnet Lundarhovden, som er understreka her, indikerer ei plassering av *Lund på vestsida av Lundarvatnet (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.18. Lunde, gn. 244 på Voss

På Voss ligg òg eit anna *lund(a/e)*-namn, nemlig garden Lunde (gn. 244), på vestsida av Vangsvatnet. Garden ligg godt plassert i terrenget med tanke på produksjon, men la oss sjå nærare på sjølve namnemiljøet

6.18.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Lengst aust i trekilometerssona ligg Veka (gn. 27), som skylder 234 smørmerke. Byrkjo (gn. 29) og Djukestein (gn. 31) ligg aust for dette, men desse gardane har eg ikkje funne spor av i Skattematrikkelen XI. Roe (gn. 237), som skylder 24 smørmerke, ligg i underkant av tre km søraust for Lunde. Bø (gn. 28) ligg vest for Veka, og skylder 304 smørmerke. Ein km nordvest for Bø, ligg *vin*-namnegardane Røte (gn. 19), Hæve (gn. 21) og Sæve (gn. 20). Røte har ei landskyld på 162, Hæve skylder 210, og Sæve skylder 360 smørmerke. Nord for Sæve

er Giljarhus (gn. 22) plassert, og denne garden har ei landskyld på 180 smørmerke. Sør for Røte ligg Rekve (gn. 16), med sine 624 smørmerke i skyld, og over ein km sør for dette ligg Dagestad (gn. 238), som skylder 180 smørmerke. Om lag ein km sør for Lunde finn me Eimstad (gn. 239), som skylder 162 smørmerke, og denne garden grenser til Mosafinn (gn. 240), som skylder 216 smørmerke. Gardane mellom Mosafinn og Lunde, er Saue (gn. 241) og Grimastad (gn. 243). Begge desse gardane har ei skyld på 144 smørmerke kvar.

Lunde sjølv skylder 288 smørmerke, og nord for Lunde kan ein finna Skjelde (gn. 245) og Liland (gn. 246). Skjelde skylder 252, mens Liland skylder 126 smørmerke. I underkant av to km nordvest for Lunde, ligg *vin*-garden Væte (gn. 10), som har ei landskyld på 288 smørmerke. Flaga (gn. 12), som skylder 270, ligg sørvest for dette, mens Berge (gn. 7), med 450 i landskyld, ligg nordvest for Væte. Tre km nordvest for Lunde ligg Hovda (gn. 5), som skylder 168, og Lissheim (gn. 6), som skylder 156. Om lag to km sør for Lissheim ligg Seim (gn. 247), som skylder 198 smørmerke. Namnegarden Honve (gn. 33 og 34) ligg tre km aust for Lunde, og har ei landskyld på 228 smørmerke, mens Dolve (gn. 25), om lag tre km nordaust for Lunde, skylder 288 smørmerke. Gjerstad (gn. 24), som skylder 432 smørmerke, ligg under tre km nordaust for Lunde.


Blar ein seg fram i Skattematrikkelen XI vil ein sjå at det er fleire gardar som ligg innanfor tre km frå Lunde som ikkje er oppført med landskyld. Gjerme (gn. 26) ligg tre km nordaust for Lunde, og Yksnabjörg (gn. 30) tre km aust for Lunde, like nord for Honve. Vassenden (gn. 14) ligg mellom Rekve og Haga, mens Bergshaugen (gn. 9) er mellom Væte og Berge.

Ser ein på området som ligg i radiusen fem km frå Lunde, er det lite som kan peika i retning norrøn kult. Fire km aust ligg garden Kvåle (gn. 36), og like aust for det ligg Lydvo (gn. 37). Nord for Lydvo er garden Oppheim (gn. 38) plassert. I overkant av tre km søraust for Lunde ligg gardane Vinsand (gn. 236), Midtun (gn. 234) og Nesthus (gn. 234). Om lag fire km søraust for Lunde er Ullestadteigen (gn. 233) plassert, og like aust for dette ligg Finnesteigen (gn. 232).

6.18.2. Tolking av namnemiljøet

Dei gamle skriveformene av Ullestad viser at det heilt klart ikkje er eit *Ull(in)*-namn. I NG XI (s. 533) blir namnet tolka som ei samansetjing med tilnamnet Ulfaldi (som på si side har samanheng med ordet *elefant*). Ein har altså ingen andre mulige sakrale namn i namnemiljøet kring Lunde.

Gjennomsnittet for landskyld for desse gardane er 243,5 smørmerke, så Lunde er altså meir produktiv enn den gjennomsnittlige garden. Den høgaste landskylda av gardane her er Rekve, som skylder 624 smørmerke. Skylda til Lunde svarer til 118,3% av snittet, og 46,2 % av det Rekve skylder. Men når ein ikkje finn sakrale stadnamn i område, sjølv ikkje innanfor fem km frå garden, kan ein ikkje rekna med at det har vore nokon heilag lund eller offerlund i dette området, og mi tolking av dette stadnamnet er profan.



Figur 16. Kartet viser eit namnemiljø fritt for sakrale namn (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.19. Lunde, gn. 70 i Manger

På Radøy, i gamle Manger Herad, ligg Lunde (gn. 70). Denne garden ligg i eit område med mange gardar, så namnemiljøet er omfattande. Som me skal sjå nærare på seinare, dukkar det òg opp eit spennande naturnamn.

6.19.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Tre km nordvest for Lunde, ligg garden Haugstad (gn. 64), som har ei landskyld på 72 smørmerke. I underkant av ein km sørvest for denne garden ligg Halland (gn. 60), som skylder 108 smørmerke. Frotaule (gn. 65), som ligg ein km aust for Halland, skylder 90 smørmerke. Sævdal (gn. 61) ligg i underkant to km nordvest for Lunde, og har ei landskyld på 90 smørmerke, og grannegarden Marås (gn. 63) skylder 45 smørmerke. Sør for Marås, ligg Brattaule (gn. 66), med ei landskyld på 144 smørmerke, og Kolås (gn. 62), som skylder 112,5 smørmerke. Namntveit (gn. 67) skylder 90 smørmerke, og Lunde skylder 108. Vest for Lunde, ligg garden Taule (gn. 71), som har ei landskyld på 162 smørmerke. Grannegarden Vågstaule (gn. 69) skylder 90 smørmerke, og Askeland (gn. 68), som ligg ein km nord, skylder 189 smørmerke. Like sør for Taule, ligg garden Dale (gn. 72), som har ei landskyld på 63 smørmerke. Tolleshaug (gn. 73) ligg i overkant av ein km søraust for Lunde, og skylder 126 smørmerke. Sør for denne garden ligg Olsvoll (gn. 74), med 198 smørmerke i skyld. Vest for Losvoll, ligg Holo (gn. 90), som skylder skylder 108, mens Kvamme (gn. 89), som ligg i overkant to km søraust for Lunde, skylder 216 smørmerke. heilt sør i tre-kilometerssonen, ligg namnegarden Sæbø (gn. 87), som skylder (tilnærma lik, grunna vanskar med omrekning frå skilling til smørmerke) 314,3 smørmerke.

Under to km sørvest for Lunde, ligg garden Kollstad (gn. 52), som skylder 144 smørmerke. Denne garden grenser til namnegarden Morki (gn. 50 og 51), som skylder 225 smørmerke. Ein km sør for dette, ligg Boga (gn. 53), som har 108 smørmerke i landskyld, og like aust ligg Ulvatn (gn. 54), som skylder 117. Sør for Boga, ligg garden Kvitstein (gn. 91), som har ei skyld på 135 smørmerke. Tre km nordvest for Lunde, ligg Sørli (gn. 56), som skylder 58,5 smørmerke. Sør for denne garden, finn me Nøttveit (gn. 49), som har ei landskyld på 198 smørmerke. Nord for Sørli ligg Nordli (gn. 57), som skylder 54 smørmerke, mens Kartveit (gn. 55), som ligg om lag ein km sørvest for Lunde, har ei skyld på 162 smørmerke.

Mellom tre og fem km i radius frå Lunde, finn ein fleire gardar. Namnegarden Solend (gn. 47 og 48) ligg i overkant av tre km nordvest for Lunde, og vest om dette ligg Manger (gn. 46). Mangersneset (gn. 44) er plassert om lag fire km vest for Lunde. Over tre km søraust for Lunde, finn me namnegarden Solheim (gn. 77 og 78), og like sør om denne ligg namnegarden

Tjoro (gn. 79, 80, og 81). Namnegarden Haukland (gn. 83 og 84) ligg i overkant av ein km sør for Tjoro, og mellom desse to gardane ligg Storeim (gn. 82).


6.19.2. Tolking av namnemiljøet

På Radøy ligg garden Lunde i eit namnemiljø som fortel om skogvekst. Asperhaugen er eit bruk under grannegarden i sør, Taule, og Askeland ligg om lag ein km nord for Lunde. Ut frå desse gardsnamna ser det ut til at namnet reflekterer floraen som har vore i området. Men det dukkar opp eit naturnamn, Dishaugen, som gir ei mulig sakral tolking.


- Dishaugen < *Dyshaug – profan tolking, samanheng med steinrøys/gravhaug.
- Dishaugen < *Díshaug – sakral tolking, av kvinnelig guddom
- Dishaugen < *Dishaug – Profan tolking, eit mulig område med mykje skodde

Sannsynligvis går dette namnet tilbake til *Dyshaug, og har fått namn etter ei røys som ligg plassert her. Eg har ikkje fått høve til å undersøka om dette er snakk om ein menneskeskapt haug, eller om det er ein naturleg formasjon. Om det skulle vore gjort arkeologiske funn i denne røysa, vil det kunna bidra til ei klarare tolking, men utan dette er det ingenting som sett Dishaugen i samanheng med Lunde.

I snitt skylder gardane i dette området tilnærma lik 130,7 smørmerke. Høgast landskyld har Sæbø, som skylder 314,3 smørmerke. Skylda til Lunde svarer då til 82,6% av snittet, og 34,3% av det Sæbø skylder, og er ei relativt låg landskyld. Med låg landskyld og eit namnemiljø utan sakrale namn, blir tolkinga av Lunde profan.



Figur 17. Kartet viser eit namnelandskap som ikkje inneheld sakrale gardsnamn (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).



Figur 18. Kartutsnittet viser plasseringa av Dishaugen i forhold til Lunde (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.20. Lundehaugen, gn. 1,31 på Askøy


På Askøy herad ligg eit bruk med namn Lundehaugen (gn. 1,31). Dette bruket ligg under garden Ask, som i si tid var setegarden til Ludvig Rosenkrantz, baronen i Rosendal, og var privilegert gard frå 1630 (NG XI s. 279).

6.20.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Om lag to km nord for Lundehaugen ligg Breidvik (gn. 1,9), som skylder 96 smørmerke. Korkje Ask eller Lundehaugen er lista opp i Skattematrikkelen XI, men i overkant av ein km sør for desse gardane ligg Hop (gn. 3), som skylder 144 smørmerke, og like sør for denne garden ligg Straumsneset (gn. 4), med 45 smørmerke. Sørli (gn. 2), som ligg rett vest for Ask, finst ikkje i Skattematrikkelen XI. Om lag fire km sør for Ask ligg Erdal (gn. 5), som er den einaste garden som ligg mellom tre og fem km vekke frå Lundehaugen.

6.20.2. Tolking av namnemiljøet

Lundehaugen på Askøy er eit bruk som er utskild frå garden Ask (gn. 1), og namnet er rimeligvis ikkje av høg nok alder til at ein kan snakka om ein heilaggjort naturleg formasjon. Namnemiljøet viser heller på profan tyding, med namn som Frugård (gn. 1,26) og Dyrehaven (gn. 1,32), og den einaste rimelige tolkinga av namnet er at det er av namnetypen som me traff på i Askelund i Balestrand (avsnitt 6.10.).



Figur 19. Dei understreka namna viser namneformer som er av yngre dato (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.21. Lundaneset, gn. 42,2 i Vikør

På grannegarden til kyrkjestaden Øystesø i Vikør, ligg eit underbruk som inngår i denne undersøkinga. Dette er Lundaneset (gn. 42,2), og for dette bruksnamnet er det ikkje berre nærleiken til kyrkjestaden som er sakralindikerande.

6.21.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

I overkant av to km aust for Lundaneset ligg Berge (gn. 53), som har ei landskyld på 342 smørmerke. Nordvest for denne garden ligg Laupsa (gn. 51), som skylder 324 smørmerke, og nord for Laupsa ligg Torpe (gn. 50), som skylder 162, og Hellestveit (gn. 49), med 81 smørmerke i landskyld. To km nord for Lundaneset ligg garden Stuve (gn. 40), som har ei landskyld på 54 smørmerke, og sør for denne ligg Øystese (gn. 44), som skylder 1090 smørmerke. Kjosås (gn. 39) skylder 234 smørmerke, og ligg ein km vest for Øystese. Sør for Øystese ligg namnegarden Vik (gn. 42 og 43), som har ei landskyld på 793,5 smørmerke, og like vest for Vik ligg Mo (gn. 41), som skylder 198 smørmerke. Sør for Lundaneset ligg *vin*-garden Børve (gn. 35), som skylder 504 smørmerke, og vest for denne garden ligg Nes (gn. 34), som skylder 36 smørmerke. Vest for Nes ligg Valland (gn. 33), som skylder 466,5, og om

lag ein km nord for denne garden ligg Tolo (gn. 32), med ei landskyld på 432 smørmerke. I underkant av tre km vest for Lundaneset ligg Skålheim (gn. 30), som skylder 162 smørmerke. Århus (gn. 25) ligg fem km vest for Lundaneset, og nordvest for denne garden ligg Nesthus (gn. 26), og begge desse gardane skylder 216 smørmerke kvar. Aust for Nesthus ligg Skutlaberg (gn. 27), og aust for dette ligg Sælset (gn. 28). Sælset skylder 90 smørmerke, mens Skutlabeg skylder 54. Under tre km nord for Lundaneset ligg Tegland (gn. 46), som skylder 83,25 smørmerke, og aust for dette ligg Soldal (gn. 47), som skylder 216 smørmerke. I underkant av tre km aust for Lundaneset ligg Melstveit (gn. 52), og under to km sør for denne garden ligg Bergstø (gn. 54). Melstveit skylder 136,5 smørmerke, mens Bergstø har ei skyld på 81 smørmerke.

I tillegg til desse gardane er det to gardar som ikkje er oppført med landskyld i Skattematrikkelen XI. Sirka tre km nordvest for Lundaneset er garden Åsheim (gn. 29) plassert, og nordaust for dette ligg Djønne (gn. 38).

Ein finn og eit knippe gardar som ligg mellom tre og fem km i radius frå Lundaneset. Over fire km sørvest for Lundaneset ligg Mo (gn. 12), og sirka ein km søraust for denne garden ligg Sandven (gn. 11). Norheim ligg omkring ein km nord for dette, mens Kaldestad (gn. 10) grenser til Sandven i sør. Under fire km søraust for Lundaneset ligg garden Flotve (gn. 56), mens Hovland (gn. 48) er plassert i overkant av tre km nordaust for Lundaneset. Om lag ein km søraust for Melstveit ligg Rykkje (gn. 57).


6.21.2. Tolking av nammemiljøet

Ettersom Lundaneset er part av garden Vik, og ikkje har landskyld, blir det meiningslaust å sjå på gjennomsnittlig landskyld i bygda, og eg lar derfor dette ligga urørt. Eg må forsøka å avgjera ei tolking utelukkande ut ifrå namna i nammemiljøet.

Magnus Olsen skildrar denne garden som mulig sakral i NG XI (s. 499), når han skriv at “[v]ed dette Ord kan her, paa et Nes ligeover det gamle Gudsdrykelsessted Øistesø (se flg. GN.), have været betegnet en hellig Lund”. Øystese blir i NG XI (ibid.) tolka til å gå tilbake på eit **Eist-vés-vin*, der **Eist-* kjem av eldre **Aist-*. Olsen ser **Aist-* i samanheng med det gotiske verbet *aistan* ‘visa ærefrykt’, og det gamalhøgtyske *êrên, êran* ‘heidra, tilbe’, og ser

såleis stadnamnet i samanheng med ein heilagdom der ein har utført blot. Dette tolkingsforslaget er noko usikkert, som poengtert i *Norsk stadnamleksikon* (s. 509), og i NG XI blir eit forslag om at mellomalderforma *Æystusyn* reflekterer ei samansetjing av **aist-* og *hús*, med tydinga ‘gudshus’ presentert.

Eit anna sakralt namn finn me under tre km nord for Øyestesø, der Hovland er plassert. Ifølgje NG XI (s. 500) speglar dette namnet eit gammalt tempel, men her kan ein spørja seg om dette er eit tempel som har hatt samanheng med den mulige kulten i Øystese og på Lundaneset. Sidan avstanden mellom desse gardane ikkje er særlig stor, og det heller ikkje ligg store topografiske barrierar i vegen mellom dei, er det nærliggande å tenka seg at dette kan ha hatt samanheng dersom det faktisk var eit kultstad på Øystese. Om Øystese er sakralt namn eller ikkje, er ikkje noko eg kan avgjera med sikkerheit, ettersom det einaste argumentet ein har for sakralitet er Olsens tolkingsforslag i NG XI. Desse tolkingsforslaga er fantasifulle (i ordets positive forstand), og aller helst skulle eg hatt arkeologisk støtte for å nøyare kunna avgjera om desse tolkingsforslaga er sannsynlige. Samstundes kan eg ikkje avkrefta at tolkingsforslaga i NG XI er mulige, og derfor vurderer eg Lundaneset som eit usikkert namn.



Figur 20. Hovland, Øystese og Lundaneset ser ut til å spegla gamle kultstader (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.22. Lund, gn. 65 Fana

Lund (gn. 65) i Fana er plassert i eit område omgitt av fjell og dalar, og avstandane i luftlinje er ikkje alltid jamførbart med ei faktisk gangavstand.


6.22.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Ein km aust for Lund ligg Hausdal (gn. 66), som skylder 108 smørmerke, og det same skylder Øvstebø (gn. 64), som ligg under ein km nordaust for Lund. Samdal (gn. 67) har 252 smørmerke i landskyld, og ligg i overkant av ein km søraust for Lund, og under ein km sørvest for denne garden ligg Håland (gn. 68), som skylder 72 smørmerke. Lund sjølv skylder 108 smørmerke. Grannegarden i nordvest er Bontveit (gn. 63), som skylder 36 smørmerke. Frotveit (gn. 62) ligg to km sørvest for Lund, og har 144 i skyld, og rett vest for Frotveit finn me Riple (gn. 59), som skylder 126 smørmerke. Namnegarden Totland (gn. 57 og 58), som ikkje ligg innanfor grensa på tre km, skylder 276 smørmerke. Tre km nord for Lund ligg Li (gn. 93 i Haus) og Unneland (gn. 92 i Haus). Li skylder 108 smørmerke, og Unneland skylder 378. Fjelltveit (gn. 69) er ikkje oppført i Skattematrikkelen XI med landskyld. I underkant av fem km sørvest om Lund ligg garden Haugland (gn. 70), og Gimmeland (gn. 61) ligg sirka ein km nordvest for Haugland.

6.22.2. Tolking av namnemiljøet

Garden Lund i Fana opptrer i namnemiljø som i lag med nokre mulige sakrale namn, trass i at avstandane her kan vera ganske store. Sirka tre km søraust for Lund renn det ein bekk med namnet Eikelundsbecken. Det er ikkje nokon gard i området som denne bekken kan ha fått namn frå, og eg går ut frå at dette er eit namn som har blitt til i nyare tid, sannsynligvis ut frå floraen kring vassfaret. Totland blir i NG XI tolka som *Þórslund, av gudenamnet Þórr. Garden Nedre Totland ligg omkring tre km sørvest frå Lund, og mellom desse to gardane ligg Totlandsfjellet (som vist i figur 21). Den faktiske avstanden mellom Lund og Totland er uansett godt over det som kan målast ut ifrå luftlinja. Ein parentes her er bruksnamnet Eik, som er del av Li. Dette namnet er uinteressant fordi fjellet mellom desse gardane er ei fysisk barriere som fullstendig utelukkar kontakt mellom ein mulig heilaggjort lund og ei heilaggjort eik. Om dette *eik*-namnet skulle vera sakralt, så er det i alle fall ikkje i samband med Lund.

Samanlagt taler ikkje dette i stor grad for at Lund har vore ein heilag lund eller offerlund, og om ein ser på landskylda vil ein få bekrefta at garden ikkje har vore ein stor og produktiv gard. Lund skylder 108 smørmerke, mens den gjennomsnittlige landskylda for gardane innanfor tre km er tilnærma lik 156 smørmerke. Dette utgjer 69,2% av snittet, og 39,1% av kva Totland skylder. Konklusjonen om Lund i Fana blir at det er snakk om eit profant *lund(a/e)*-namn.



Figur 21. Av dei understreka namna på kartutsnittet, er det berre sekundærnamnet Totlandsfjellet som er sakralt. Eik, Lund og Eikelundsbekken er topografibeskrivande (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.23. Lund, gn. 24 i Eidfjord

Gn. 24 i Eidfjord er Lund, som ligg på sørsida av Eidfjordsvatnet, eit stykke opp i dalføret frå sjølve fjorden. Garden ligg i eit ganske trangt dalføre som går frå Hardangervidda ned mot Hardangerfjorden.

6.23.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet


Lund skylder sjølv 99,75 smørmerke, mens grannegarden i sør, Sæbø (gn. 8), skylder 535,5. Sør for Sæbø ligg Røyso (gn. 13), som skylder 105,75. Vardberg (gn. 9) skylder 306

smørmerke, Myklatun (gn. 10) skylder 180, Gardatun (gn. 12) skylder 108, mens Litlatun (gn. 11) skylder 94,4 smørmerke. Vardberg ligg sør for Røyso, mens Myklatun, Gardatun og Litlatun ligg vest for Sæbø. Det er verdt å merka seg at Lund i denne bygda er ein av dei minste gardane, og at den generelle landskylda ser ut til å vera relativt låg. Gjennomsnittet blir trekt opp av Sæbø og Vardberg. Kvammen (gn. 6), ligg om lag tre km nordvest for Lund, og skylder 45 smørmerke. I Skattematrikkelen XI finn eg ikkje landskylda til Kvamsdalen (gn. 7), som ligg like sør for Kvammen.

Strekk ein radiusen frå Lund lenger, til fem km, vil ein treffa på ei handfull andre gardar. Tveito (gn. 23) ligg i overkant av tre km aust for Lund, mens Hjøльмо (gn. 14) er plassert om lag fire og ein halv km sør for Lund. Like ved Hjøльмо går ein dal som heiter Vedalsjuvet, og skifter namn til Lægreidsvedal over tregrensa. Knatten som ligg nord for denne dalen heiter Veanuten. Ettersom det ikkje finst eit gardsnamn som kan støtta opp mot eit sakral tolking, er det vel heller rimelig å sjå føre seg desse namna med *Viðdalr eller *Viðardalr (jf. NG XVI s. 24) som opphav. Lægreid (gn. 5) ligg fem km nordvest for Lund.

6.23.2. Tolking av nammemiljøet

På sørsida av Eidfjordvatnet ligg Lund, og området ikring manglar sakrale stadnamn. Men om garden Sæbø, som ligg like ved Lund, kan ein lesa følgjande i NG XI: “Denne Gaard og GN. 10-12 [Myklatun, Litlatun og Gardatun], som ligge sammen ved øvre Ende af Eidfjordvandet, synes alle opr. at have været Parter af en Gaard, hvis Navn nu er tabt” (NG XI s. 470). Dette tapte gardsnamnet *kan* ha vore eit namn med tilknytning til gamal norrøn kultus. Dette er likevel noko eg ikkje på nokon måte kan sannsynleggjera, og andre sakrale stadnamn manglar heilt i dette området. Den gjennomsnittlige landskylda for bygda er 184,3 smørmerke. Snittet blir dratt høgt opp av Sæbø, som har sær s høg landskyld samanlikna med dei andre gardane i området. Landskylda til Lund er 54,1% av snittet i bygda, og ikkje meir enn 18,5% så stor som den til Sæbø. Samanlagt er det ingen grunn til å tolka Lund i Eidfjord på annan måte enn profan.



Figur 22. Lund i Eidfjord er eit profant stadnamn (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.24. Lundarvik, gn. 20 i Fusa

6.24.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Lundarvik (gn. 20) ligg på nordsida, innerst i Eikelandsosen i Fusa, og skylder 144 smørmerke. Tre km aust for dette ligg garden Skjelbreid (gn. 42 i Hålandsdalen), som har ei landskyld på 108 smørmerke. Ein km sørvest for Skjelbreid ligg Rongestveit (gn. 41 i Hålandsdalen), som òg skylder 108 smørmerke. Koldal (gn. 21) ligg ein km søraust for Lundarvik, og skylder 108 smørmerke, og ein km sør for denne garden ligg Eikeland (gn. 22 og 23), som skylder 324 smørmerke. Ein km aust for Eikeland ligg Austestad (gn. 24), som skylder 162 smørmerke, og nord for denne garden ligg Helland (gn. 19), med ei landskyld på 221 smørmerke. Tre km aust for Lundarvik ligg Hafskår (gn. 18), som har 324 smørmerke i landskyld, og sør for denne garden ligg Berge (gn. 25), med 162 smørmerke i landskyld, og Kvåle (gn. 27), som skylder 117 smørmerke.


Omkring fire km søraust for Lundarvik ligg namnegarden Rødo (gn. 43 – 45 i Hålandsdal). Nordaust for desse ligg Holdhus (gn. 48 i Hålandsdal) og Håland (gn. 46 i Hålandsdal). Sør

for desse ligg Tjørn (gn. 51 i Hålandsdal). I underkant av fire km sørvest for Lundarvik ligg Bakke (gn. 28). Matland (gn. 17) ligg fire km nordvest for Lundarvik.

6.24.2. Tolking av namnemiljøet

Namnegarden Eikeland (gn. 22 og 23) og Lundheim ligg begge om lag halv annan til to km frå Lundarvik. Lundheim er korkje oppført i NG XI eller Skattematrikkelen XI, men på kart er området Lundheim ligg på merka av som 23/1, det vil seia skild ut frå gn. 23. Der *lund(a/e)*-namn opptrer i tett nærleik til *eik*-namn, kan det vera grunn til å tenka seg at ein har å gjera med heilage lundar, men dette føreset at det finst andre sakralindikerande faktorar, ettersom både *lund(a/e)*- og *eik*-namn fyrst og fremst er profane. Slike indikatorar, som t.d. andre sakrale stadnamn, er fråverande i dette området. Heradskyrkja Fusa er plassert i underkant av seks km sørvest for Lundarvik. Ein kunne forklart dette med at Fusa var ein meir sentral gard enn garden der den mulige heilage lunden og/eller den heilage eika kan ha vore. Ei slik forklaring ville uansett vore lite til hjelp i å definera Lundarvik og Eikeland som sakrale namn.

Den gjennomsnittlige landskylda for området kring Lundarvik er 177,8 smørmerke, og Lundarvik sjølv skylder 80,9% av dette. Hafskor og Eikeland skylder begge 324 smørmerke, og landskylda til Lundarvik utgjer berre 44,4% av dette. Det kan vera interessant at Eikeland har såpass høg landskyld, men dette aleine er ikkje nok til å tolka namnet som noko anna enn profant. Etter alt å døma er desse namna sikta til floraen i området, utan at namna har nokon sakral referanse. Ei profan tolking faller derfor over Lundarvik.



Figur 23. Lundarvik er ikkje merka av på kartutsnittet, men ligg plassert nordaust for Svaneneset. Kort avstand frå dette, finn me Eikeland og Lundheim, men ingen andre sakrale namn kan stadfesta eit sakralt namnemiljø (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.25. Lunde, gn. 45 i Os

Sør på Os ligg eit av dei namnemiljøa som inneheld fleire sakrale stadnamn. Området kring Haljem (gn. 44) har vore mykje skrive om før i sakral samanheng, og eg skal seia meir om det i neste delkapittel. Med hjelp frå Skattematrikkelen XI har eg funne ut kor mykje gardane kring Lunde (gn. 45) har skyldt i smørmerke.

6.25.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Ferstad (gn. 47), som grenser til Lunde i nord, skylder 216 smørmerke, namnegarden Moberg (gn. 51 og 52) ligg om lag to km nord for Lunde, og skylder 594, mens namnegarden Haugland (gn. 42 og 43), som grenser til Lunde i sør, skylder 504 smørmerke. Den mulige *vin*-namnegarden Tuven (gn. 37 og 38), som ligg i underkant av ein km nordvest for Lunde, har 324 smørmerke i landskyld, og denne garden grenser til *leik*-namnegarden Lekven (gn. 49), som skylder 324 smørmerke. *Heim*-garden Haljem ligg sør om Haugland, og skylder 180 smørmerke. Like ved Lekven ligg Døsa (gn. 35) og Særvoll (gn. 40). Døsa skylder 54, mens skylder Særvoll 162 smørmerke. *Heim*-garden Storom (gn. 39) er plassert vest for desse gardane, og skylder 228, og nord for dette ligg Skeie (gn. 34), med ei landskyld på 216

smørmerke. Hovland (gn. 33) ligg i overkant av tre km nordvest for Lunde, og skylder 66 smørmerke. Grindevoll (gn. 36) er plassert like sør for Storom, og skylder 126, mens Viken (gn. 41) ligg sør for Særvold, og har ei landskyld på 162 smørmerke. Lunde skylder 216 smørmerke, og har då lik landskyld med grannegardane Ferstad og Skeie.

Bjørnen (gn. 46) ligg to km sør for Lunde, men er ikkje oppført i Skattematrikkelen XI. Det same gjeld for prestegarden Os (gn. 55), som ligg i underkant av tre km nord for Lunde.

Innanfor fem km frå Lunde finst eit vell av gardar. I sørvestlig retning ligg dei tre øyane Røtinga (gn. 29), Søre Øyane (gn. 30), og Lepsøy (gn. 31). Fire km nord for Lunde ligg Ulven (gn. 53), og på sørsida av Ulvenvatnet ligg Kuven (gn. 54). Nord for prestegarden Os ligg Hauge (gn. 63), Lyssand (gn. 64), Valla (gn. 62), og Lunden (gn. 59). Nord for Lunden ligg gardane Borgen (gn. 60) og Hjella (gn. 61). Over fire km nordaust for Lunde ligg gardane Molde (gn. 66), Bø (gn. 65), og Klyva (gn. 67).

6.25.2. Tolking av namnemiljøet

Lunde på Os er i NG XI (s. 213) nemnt i skildringa av gardsnamnet Haljem, som ligg i overkant av ein km sørvest for garden. Desse to namna blir då knytt opp mot norrøn kult og heilaggjorte område, sjølv om Haljem har ei litt usikker tolking. Utanom den sakrale tolkinga, har ein òg tolka namnet til at eit adjektiv, *høllugr* 'hellande', til grunn, noko som gir meining ut ifrå topografien. Den sakrale tolkinga, som eg held for å vera den mest sannsynlige, seier seier følgjande:

I Haljem kan a være for-kortet af á, og Hálgr- kan i S sammensætning med heimr (Hálgeimr) være opstaaet af heilagr (jfr. Noreen, Altisl. Gramm.3 S. 42 f.), hvis Hoved-tonen en Tid har ligget paa –heimr.

NG XI, s. 213.

Like ved Lunde ligg Lekven, og ein km nordvest for Lekven ligg Skeie. På desse to gardane har er det nok rimelig å anta at ein har hatt offentlige leikar, og ut frå namnemiljøet er det ikkje usannsynlig at nokre av desse leikane har vore knytt til religiøs praksis. Korkje Skeie

eller Lekven er namn som i seg sjølv er sakrale, men dei er sakralindikerande når dei opptrer i lag med namn som finst i dette namnemiljøet.

Om lag ein km nord for Skeie, ligg Hovland, som i NG XI blir tolka i sakral samanheng. Det spesielle med Hovland er likevel at garden er liten og har låg produksjon, noko me mellom anna kan lesa utifrå landskylda – 66 smørmerke. Namnemiljøet tilseier at dette kan vera eit sakralt namn, men forklarar i liten grad korfor denne *land*-garden er såpass liten som han er. Alle desse gardane ligg innanfor ein radius på sirka 3,5 km. I tillegg ligg Lunde på Os ved sjøen, og ei mil sørover ligg Tysnes (sjå under).


Ifølgje Ross (1920, s. 34) har ein gjort rike arkeologiske funn, med store gravrøyser frå bronsealder i dette området, noko han meiner taler for at området har vore ein viktig plass, og at staden har vore anvendt av fornemme slekter i lange tider. I tillegg til gardane eg har vist til ovanfor, trekk Ross fram Haugland, der ein har funne gravhaugar frå jernalderen, og knyt det opp mot at ein herse og gode har oppretta høvdingsete og heilagdom i området.

Vidare spekulerer Ross i om Vedholmen, namnet på ei øy om lag tre km vest for Haljem, kan vera feilskrive for Veholmen, av norr. *vé*. Ross tenker seg at ‘Veholmen’ kan ha vore tingholme, og trekk fram *vébønd* frå skriftlige kjelder for å underbygga hypotesen. Om Vedholmen kan ein seia at han ligg sentralt plassert i høve til det som har vore båthamna tidligare. Men som Ross òg påpeiker, er det ikkje registrert gamle skrivemåtar av dette øynamnet som kan støtta ei slik tolking, og tolkinga blir med det usikker.

Den gjennomsnittlige landskylda for gardane i området er 240,9 smørmerke, og Lunde skylder 89,7% av denne summen. Til samanlikning er Moberg den garden med høgast landskyld i området, med 594 smørmerke. Lunde si landskyld er 36% av denne summen. Det er òg interessant å merka seg at både Haljem og Hovland begge har lågare landskyld enn Lunde, Lekven og Skeie. Berre Haugland og Moberg skylder meir enn Lekven (og Tuven).

Til saman utgjer namnemiljøet ein sterk indikator på at Lunde skriv seg frå ein heilag lund og/eller offerlund. Til gjengjeld peiker landskylda i retning av at ein slett ikkje har å gjera med eit sakralt *lund(a/e)*-namn. Snarare ser det ut til at Haugland og Moberg har vore herregardane her, og dei omkringliggende bruka har vore satellittgardar. Dette kunne passa

inn med den profane tolkinga av Haljem, som er føreslått i NG XI, men dette skal ein kanskje ikkje vektlegga når namnemiljøet er som det er. Onomastikken vil uansett datera *heim*-namn som generelt eldre enn *land*-namn, og det er jo mulig maktsenteret har flytta seg frå ein gard til den andre ein gang før moderne tid. Til saman fortel desse indikasjonane at det sannsynligvis har vore ein heilag lund og/eller offerlund i førkristen tid.



Figur 24. Innanfor fem km frå Lunde på Os, finn ein gardsnamna Haljem, Lekven, Skeie og Hovland. Samanlagt utgjer dette eit sakralt namnemiljø (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.26. Nedre og Øvre Lunde, gn. 113 og 114 på Tysnesøya

På Tysnesøya finst ein namnegard som ligg plassert i eit mykje omtala sakralt namnemiljø. Dette er namnegarden Nedre og Øvre Lunde (gn. 113 og 114), og i det følgjande skal me sjå på kva samanheng dette namnet kan ha hatt til andre sakrale namn på denne øya

6.26.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøeg

Lengst i aust, om lag tre km søraust for Lunde, ligg Sunde (gn. 123), som skylder 108 smørmerke. Under ein km aust for Lunde, ligg garden Gripne (gn. 119), med ei landskyld på 162, mens Vevatn (gn. 118) ligg i underkant av tre km sør for Lunde, og skylder 144 smørmerke. Grannegarden aust for Lunde er Økland (gn. 117), som skylder 108, og nord for den ligg Kattanes (gn. 120) med ei landskyld på 81 smørmerke. Vest for Lunde ligg garden Bakka (gn. 115), som har ei skyld på 144 smørmerke, mens Grimslund (gn. 111), som er plassert om lag ein km sørvest for dette, skylder 108. Belt (gn. 110) ligg sør for Grimslund, og skylder 126 smørmerke, og vest for dette ligg namnegarden Humlevik (gn. 108 og 109), som skylder 444 smørmerke. Under tre km vest for Lunde ligg garden Kjærefjord (gn. 104), men landskylda til denne garden er ikkje å finna i Skattematrikkelen XI. Det same gjeld for garden Skipevik (gn. 103), som ligg like nord for Kjerfjord. Katteland (gn. 116) ligg like sør for Lunde, og skylder 72. Namnegarden Lunde skylder sjølv 216 smørmerke. Garden som ligg omkring to km nordaust for Lunde, Malkenes (gn. 121), er ikkje å finna i Skattematrikkelen XI. Søraust for Malkenes ligg Korsneset (gn. 122), som heller ikkje har oppført landskyld.

Innanfor fem km frå Lunde, finn me gardane Heggland (gn. 106), som ligg i overkant av tre km sørvest for Lunde, Godøysund (gn. 101), som er plassert over fire km nordvest for Lunde, og namnegarden Godøya (gn. 100 og 102). Søraust for Lunde ligg garden Stussvik (gn. 125).

6.26.2. Tolking av namnemiljøet

Tysnesøya er spesielt i sakral samanheng, både fordi øya er berar av to teofore namn, og fordi det er ein heil del tilsynelatande sakrale stadnamn på øya. Lunde ligg på nordsida av øya, lik som mange andre sakrale stadnamn på Tysnesøya. Sakralnamnet som ligg nærast Lunde er Vevatne. Sjølve innsjøen Vevatnet (som gardsnamnet vel kjem ifrå), ligg om lag 500 meter sør for Lunde, men matrikkelgarden er plassert i underkant av tre km sør. Ifølgje NG XI (s. 173) tyder Vevatne anten *'vatnet ved heilagdommen'* eller *'det heilage vatnet'*. Eg held det siste alternativet for å vera meir sannsynlig enn det fyrste, ettersom det er snakk om formasjonar som opptrer naturleg, både når det gjeld lund og vatn, og Lunde og Vevatnet kan ha blitt heilaggjorte i samband med kvarandre. Skulle det ha vore ein heilagdom, *vé*, på garden Vevatne, kunne ein venta at garden ikkje var kalla opp etter innsjøen, men heller bar eit usamansett namn *Ve*.

Men det finst eit gardsnamn som speglar den norrøne heilagdommen *vé* i gardsnamnet, nemlig namnegarden Ve (gn. 89 og 90), som ligg i nærleiken av garden Tysnes (gn. 99), på nordvestsida av øya. I NG XI (s. 171) står det oppført at ein holme med namnet Helgastein høyrer til namnegarden Ve. Garden Tysnes har gitt namn til øya, og før namnebyttet i mellomalderen, bar øya namnet Njarðarløg. Nordaust for garden Tysnes, og Nordvest for Lunde, ligg øyane Stora og Vetla Godøya, som skriv seg frå det norrøne ordet for guddom, *goð* (NG XI s. 172). Gjennom desse to øyane går det eit sund, Godøysundet, og herifrå har ein utsikt rett mot Helgastein.

Magnus Olsen har gått grundig igjennom dette namnemiljøet i sin artikkel “Det gamle norske ønavn Njaðrarløg” (1905), der han trekk fram ulike argument for å sannsynleggjera at namnet Vevatne speglar ein kultstad for guddommen Njord. I korte trekk går desse argumenta ut på at skildringane Tacitus (1997) gjer av kulten kring den kvinnelige guddomen Nerthus, kan sjåast i samband med ein germansk stamme med tilhald i Danmark, harudane. På eit tidspunkt har denne folkestammen spreia seg kringom i Europa, mellom anna til Hørðafylki i Noreg, der dei er kjende som hørðar. Ettersom namneforma Nerthus er nesten identisk med *Nerþuz < Njørðr, ser Olsen føre seg at Nerthus og Njord er ein og same guddom, og at hordane på Njaðrarløg har vidareført kulten som forfedrane deira i Danmark praktiserte. Forsterkande til ein slik innvandringsteori er det at stadnamn samansett med Tý, med to norske unntak, utelukkande førekjem i Danmark (jf. Brink 2007, s. 121), og aldri i Sverige. Olsen meiner at Tysnes, Ve og Godøy høyrer til ein kult med fokus på Ty, mens Vevatn (og kanskje Hovland (gn. 129), ein gard om lag tre km sør for Vevatne) har vore vigd til Njord.

Korkje hos Olsen (1905) eller i NG XI blir Lunde trukke fram i tilknytting til kult, trass i at Tacitus skildrar ein heilag lund i samband med nerthuskulten (s. 89). Av gardane utanom Vevatn, er det Lunde som er nærast denne innsjøen, som ligg så ugjestmildt plassert i terrenget. Ferdelsvegen frå garden Vevatn har i eldre tider gått over fjellet i aust, og ikkje sør mot Hovland. Mi vurdering er derfor at Hovland ikkje har hatt kultisk samanheng med det som eventuelt har føregått i/ved Vevatnet. Derimot er det kort avstand mellom Lunde og innsjøen, og ein kultisk kontakt kan ha vore mulig her. Men eg vil ikkje sjå Tacitus si skildring av ein heilag lund i samband med nerthuskulten som bevis for at ein på Tysnesøy

har hatt ein heilag lund og eit heilag vatn dedikert til Njord. Det interessante for meg her, er at eit *lund(a/e)*-namn opptrer i nærleiken av eit anna sakralt namn.

Den gjennomsnittlige landskylda i området kring Lunde er 154,8 smørmerke. Lunde skylder 139,5% av dette, og har 48,6% så stor landskyld som den største garden i området, Humlevik. Vevatn har lågare skyld enn Lunde, noko som kanskje kan tolkast i favør til at det er sjølve innsjøen som er heilag, og at heilagdommen ikkje har lege på garden Vevatne.

Det er nok rimelig, som Olsen tenker seg, at ein har hatt to kultsenter på Tysnesøy. Ve, Godøy og Tysnes, med sistnemnte gard som sentrum, har nok vore det religiøse knutepunktet på nordvestsida av øya. På nordaust sida finn me Lund og Vevatnet, som nok har vore heilaggjorte naturlige formasjonar til bruk i kultiske samanhengar, og som *kan* ha hatt samband med Njord og/eller Nerthus (med tanke på øynamnet Njardarløg). Dette held eg for å vera ei rimelig tolking, og held stadnamnet for å vera sakralt. Avstanden mellom Lunde og dei sakrale namna i vest, overskrider tre til fire km. Ein tendens ein kan sjå, er at andre sakrale namn som ligg lenger vekke enn tre til fire km ofte ligg for perifert eller ugunstig plassert til å sjå dei i kultisk samanheng med *lund(a/e)*-namna.



Figur 25. Konsentrasjonen av sakrale stadnamn på Tysnesøya kan delast i to: Tysnes, Godøya og Ve med Helgestein på ei side, og Lunde og Vevatne på andre sida (www.norgeskart.no, lasta ned 18.11.2011).

6.27. Lund, gn. 95 i Kvinnherad

I Rosendal i Kvinnherred ligg garden Lund (gn. 95) eit stykke frå det som er hovudbygda. Dette er eit område med fleire fornemme gardar, og der ein i moderne tid har oppretta eit baroni. Er dette indikatorar på at Lund i Kvinnherad er ein onomastisk rest etter ein heilag lund?


6.27.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Ein km nord for Lund ligg Skeide (gn. 90), som skylder 648 smørmerke. Under ein km sør for denne garden ligg Segleim (gn. 92), som skylder 306 smørmerke, og like sør for Segleim ligg Guddal (gn. 93), som skylder 504 smørmerke. Naterstad (gn. 94) ligg to km nordaust for Lund, og skylder 288 smørmerke, mens Lund sjølv skylder 162 smørmerke. Grannegarden til Lund i søraust er namnegarden Åmvik (gn. 97 og 98), som skylder 432 smørmerke, og om lag ein km sør for Lund ligg Hjelmeland (gn. 100), som har 396 smørmerke i skyld. Like aust ved denne garden ligg Tveito (gn. 99), som skylder 24 smørmerke, mens vest for Hjelmeland ligg Øvre Sandvik (gn. 111), som skylder 108 smørmerke. Det same skylder grannegarden sør for Øvre Sandvik, Ripel (gn. 110). I underkant av ein km sør for Ripel, ligg Fausk (gn. 108), som skylder 207, mens namnegarden Røysland (gn. 106 og 107), som ligg i underkant av tre km sør for Lund, har ei landskyld som svarer til 162 smørmerke. Tre km sør for Lund ligg Myklebust (gn. 123), Bakka (gn. 101) og Stuland (102). Myklebust skylder 166,6, Bakka skylder 108, mens Stuland har ei landskyld på 72 smørmerke. Sør for Stuland er Landa (gn. 103) plassert, og skylder 72 smørmerke. I Skattematrikkelen XI finn eg ikkje spor etter Seim (gn. 91), Setberg (gn. 96), og Rabben (gn. 109). Seim ligg under to km nord for Lund, Setberg er plassert like aust for Lund, mens Rabben ligg mellom Fausk og Ripel.

Garden Ljosnes (gn. 119) ligg i underkant av fire km vest om Lund, og Rød (gn. 121) under to km vest for Ljosnes. Nes (gn. 81) ligg i overkant av fire km nord for Lund, og aust for dette ligg gardane Skåla (gn. 82) og Eik (gn. 86). Sør for Skåla, som er gamal kyrkjestad, ligg Vang (gn. 83). Hatteberg (gn. 87), som altså blei baroni på slutten av 1600-talet, ligg i underkant av fire km nordaust for Lund, like ved Eik, Skåla, og Vang.

6.27.2. Tolking av namnemiljøet

Lund i Kvinnherad blir ikkje rekna for å vera sakralt av Magnus Olsen i NG XI. Garden ligg om lag to kilometer sør for Skeide, som har den vanlige tolkinga 'plass for kappriding', men ein kan nok òg gjera rekning med at ein har hatt kultiske kappritt og hestekampar her, grunna nærleiken til kyrkjestaden og Vang. Kanskje kan Eik òg ha vore stad for ei eller fleire heilage eiker. Den gjennomsnittlige landskylda for gardane innanfor tre km frå Lund er 239,8 smørmerke. Sjølv skylder Lund 67,6% av denne summen, og ikkje meir enn 25% av kva den største garden, Skeide, skylder. I tillegg ligg Lund eit godt stykke vekke frå kjernepunktet i den viktigaste bygda i området, med Skåla og Vang som kultsentrum. Skeide har kortare avstand til desse gardane enn til Lund. Det er ikkje umulig at dette har vore ein heilag lund eller offerlund heilt i utkanten av det ein kan seia er rimelig avstand frå eit kultsenter, men garden ligg såpast perifert at det er usannsynlig. Etter all sannsynlighet har ein her med eit profant gardsnamn Lund å gjera.



Figur 26. Avstanden mellom Lund i Kvinnherad og andre sakrale namn i området, er for stort til å tolka Lund som sakralt (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.11).

6.28. Lundemannsverk og Lunde, gn. 17 og 18 på Stord

På Stord finn ein òg eit *lund(a/e)*-namn. Her gjeld det ein gard som ikkje ligg langt vekk frå hovudbygda på øya, Leirvik.

6.28.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet


Førland (gn. 10) ligg to km nord for Lunde, og skylder 45. Grannegarden til Førland er namnegarden Eskeland (gn. 11 og 12), som skylder 198 smørmerke, og like sør for denne garden er Solhaug (gn. 13) plassert, og skylder 45 smørmerk. Presthaug (gn. 14) skylder òg 45 smørmerke. Kyvik (gn. 19) grenser til Lunde i nord, og skylder 216 smørmerke, mens Haugland (gn 15), som ligg ein km vest for Lunde, har ei landskyld på 45 smørmerke. Sjølv skylder Lunde 216, og det same gjer Lundemannsverk, med sine 216 smørmerke. Namnegarden Rommetveit (gn. 20 og 21) grenser til Lunde i vest, og har ei landskyld på 468 smørmerke. Sør for denne garden ligg Okland (gn. 23), som skylder 252 smørmerke, og vest for Okland finn me Tveita (gn. 16), med sine 144 smørmerke i landskyld. Prestegarden (Tysen) skylder 324 smørmerke, og er plassert i overkant av ein km sørvest for Lunde. Haga (gn. 24) ligg like sør om Okland, og skylder 216, og det same skylder Ådland (gn. 28), som ligg to km sør for Lunde, mens Hysstad (gn. 26), som er plassert om lag ein km sør for Haga, skylder 324 smørmerke. Øvre Økland (gn. 30) ligg i underkant av tre km vest for Lunde, og har ei landskyld på 144 smørmerke. Mellom Haga og Hysstad ligg garden Sævarhagen (gn. 25) som det ikkje finst spor etter i Skattematrikkelen XI. Det same gjeld for Orninggård (gn. 27), som ligg sirka tre km sør for Lunde. To km sørvest for Lunde finn me garden Vatna (gn. 29), som heller ikkje er registrert med landskyld.

Over tre km sørvest for Lunde ligg Løning (gn. 37), og like vest ligg Stuva (gn. 36). I overkant av fire km sør for Lunde er namnegarden Bjelland (gn. 39 og 40) plassert, og over tre km nord for Lunde ligg Grov (gn. 9). Dale (gn. 32) ligg i underkant av tre km sørvest for Lunde, og like aust for Dale er Isdal (gn. 31) plassert. Kaneteig (gn. 35) grenser til Stuva i sørvest.

6.28.2. Tolking av namnemiljøet

Lunde ligg ikkje i umiddelbar nærleik av nokon mulige sakrale gardsnamn, med unntak av grannegarden Lundemannsverk, som nok må seiast å vera utskilt frå Lunde i nyare tid. Av interessante naturnamn er det eit Hovaneset og Tyneset. Men her er nok tydinga av *hov* av den profane sorten, ettersom det er ei høgd yttarst på neset, og om Tyneset skulle vore samansett av gudenamnet Ty, skulle ein venta at genitivsforma var reflektert i namnet, jf. Tysnes.

Snittskylda for gardane kring Lunde er 194,6 smørmerke, og Lunde skylder 111% av denne summen. Garden med størst landskyld er Rommetveit, som skylder 468 smørmerke. Lunde skylder 46,2% av dette talet. Gn. 22, som grenser til Lundemannsverk, er prestegarden. Dette er likevel ikkje ein prestegard som kan visa til kyrkjestad i mellomalderen, og utan andre sakrale stadnamn må tolkinga av Lunde bli profan.



Figur 27. Når eit *lund(a/e)*-namn står i eit namnemiljø utan sakrale namn, og ein elles ikkje har indikatorar på sakralitet, på det tolkast som eit profant namn (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.29. Lunda, gn. 57 i Etne

6.29.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Øyna (gn. 62), tre km nordaust for Lunda, skylder 48 smørmerke (+ 12 våger never), og ein km sør for denne garden, ligg Skjold (gn. 61), som skylder 144. Tveito ligg tett oppi Lunda, og skylder 198, og både Vinja og Frette, som er grannegardar til Lunda, skylder 360 smørmerke kvar. Bjørk (gn. 58) ligg vest for Lunda, og skylder 108, mens Lunda sjølv har ei landskyld på 171 smørmerke. Ein km sør, ligg Flote (gn. 65), som skylder 180. Lussnes (gn. 56) ligg ein km vest for Lunda, og har 126 i landskyld, og det same skylder Tjelmeland (gn. 88 i Skånevik), som ligg i overkant av ein km nordvest for Lunda. Namnegarden Sævareid (gn. 86 og 87) ligg like nord for Tjelmeland, og skylder 396 smørmerke. Ein km sørvest for Lussnes, ligg Øvrenes (gn. 54), som skylder 126, og namnegarden Håland (gn. 52 og 53), som skylder 504 smørmerke. Mellom Lunda og Håland finn me garden Lauareid (gn. 55), med ei landskyld på 180 smørmerke. Håimsnes (gn. 66), som ligg tre km sørvest for Lunda, skylder 108 smørmerke. Rugtveit (gn. 64), som er plassert mellom Frette og Flote, finst ikkje i Skattematrikkelen XI.

Fleire gardar finn ein mellom tre og fem km frå Lunda. Håeim (gn. 67) ligg under fire km sørvest for Lunda, og Kvammen (gn. 68) ligg ein km vest for dette. Flokatveit (gn. 69) er grannegarden til Kvammen i sør, mens Sande (gn. 70) og Ekreim (gn. 71) ligg vest for Flokatveit og Kvammen.

6.29.2. Tolking av namnemiljøet

Når eg her skal rekna ut landskylda til gardane i området, tar eg ikkje med Øyna i samanrekninga, ettersom omrekninga frå never til smørmerke er eit ugreitt arbeid. Lunda skylder 77,6% av den gjennomsnittlige landskylda til gardane i området, som er 220,5 smørmerke. Håland er den mest produktive garden, og skylder 504 smørmerke. Landskylda til Lunda utgjer berre 33,9% av det skylda til Håland gjer.

Denne garden ligg i eit spesielt namnemiljø. Lunda ligg vest for gardane Frette (gn. 63) og Vinja (gn. 59), og vatnet Hellaugvatnet. Lussnes (gn. 56) ligg sørvest for Lunda, langs

Stordalsvatnet. Ifølgje NG XI (s. 75), har innsjønamnet Hellaugsvatnet opphav i *Helgalaug, med tydinga 'det heilage vatnet'. Frå dette vatnet renn det ei lita elv, som renn gjennom garden Frette, før ho munnar ut i Stordalsvatnet. *Frétt* er eit ord som i norrøn religiøs praksis blei bruka om ein type bønn (spørja etter kunnskap, få vita framtida eller gudanes vilje (NG XI s. 76). Olsen ser gardsnamnet Frette i samanheng med dette ordet, og slår fast at både Hellaugsvatnet og Frette fortel om norrøn kultus.

Magnus Olsen har vist at det finst usamansette *vin*-namn i samanheng med kultisk praksis, t.d. i sju soknenamn (Olsen, 1926. s. 210). Noko konkret om denne einskilde Vinja-garden i Etne er ikkje skrivi i NG XI, men tolkinga av Hellaugsvatnet står under dette gardsnamnet.


Lussnes, som ligg sirka ein km sørvest frå Lunda, blir tolka til å vera eit **Lundsnes* i NG XI, og gardsnamnet Lunda blir sett på som opphavet til fyrsteleddet i namnet. Dette gardsnamnet er derfor ikkje sakralindikerande for Lunda. *Eik*-namnet Ekrem, som ligg på motsett side av Stordalsvatnet frå det Lunda gjer, kan heller ikkje sjåast på som eit sakralindikerande namn. Avstanden her er for stor til at ein kan sjå samanheng med kulten kring Lunda.

Ei sakral tolking av Lunda blir ikkje presentert i NG XI. Eg vil likevel seia at namnemiljøet kring dette gardsnamnet tilseier at det her er snakk om ein heilag lund eller offerlund, som har vore brukt i ein norrøn kultpraksis i dette området. I tillegg til eit sakralt namnemiljø, kan ein òg sjå på området som sentralt plasert:

Frette og Hellaug maa siges at have en central Beliggenhed, naar Hensyn tages til, at en kort Fjeldvei fører herfra over til Saude i Ryfylke. Disse gamle Kultsteder kunne saaledes i Beliggenhed sammenlignes med GN. 123-125 i Samnanger, som vistnok ligge i en Udkant af Herredet, men dog lige i den Færselsvei, som fra gammel Tid har gaaet frå Samnanger over Kvamsskogen til Vikør i Hardanger.

(NG XI. S. 77).

Samanlagt gjer sentral plassering og eit sakralt namnemiljø at ein vanskelig kan tolka Lunda på noko anna vis enn som eit sakralt stadnamn. Det ser ut til å vera vanlig for *lund(a/e)*-gardar å ha ei landskyld som ligg litt under gjennomsnittet, sjølv om tolkinga av namna er sakrale. Kanskje kan dette ha å gjera med at den heilage lunden kan ha vore ein form for kultivert utmark, og som ikkje nødvendigvis hadde store landområde knytt opp til seg.



Figur 28. Innenfor eit relativt lite område, finn ein gardane Frette, Vinja, Lussnes og Lunda, i tillegg til naturnamnet Hellaugvatnet (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.30. Øvre og Nedre Lunde, gn. 109 og 110 i Ølen

I Ølen ligg ein namnegard med namn Lunde (gn. 109 og 110). Namnemiljøet kring denne garden er omfattande, og inneheld både sakralindikerande og profanindikerande namn.

6.30.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Om lag tre km aust for Lunde ligg Ryo (gn. 72), som skylder 108 smørmerke. Under ein km sør for Ryo, ligg Dørheim (gn. 80) med sine 432 smørmerke i landskyld, og ein km nord for Rye ligg Roe (gn. 70), som skylder 81 smørmerke. Stangaland (gn. 69) ligg om lag ein km nord for Roa, og skylder 432, mens namnegarden Hamre (gn. 66 og 67), som ligg i underkant av tre km nordaust for Lunde, skylder 279 smørmerke. I underkant av to km søraust for Lunde ligg namnegarden Nerheim (gn. 90 og 91), som skylder 432 smørmerke. Landskylda til Ulvanes (gn. 112), som er plassert under to km nordaust for Lunde, ligg på 81 smørmerke, og ein km nord for Ulvanes ligg Vaka (gn. 113), som skylder 360 smørmerke. Grannegarden til Ulvanes i sør er Kåta (gn. 111), som har ei landskyld på 132 smørmerke, mens namnegarden Lunde skylder 261. Namnegarden Berge (gn. 107 og 108), som grenser til Lunde i vest,

skylder 304, og ein km sør for dette ligg namnegarden Gjerdevika (gn. 92 og 93), som har 216 smørmerke i landskyld. Ørland (gn. 105) ligg ein km sørvest for Lunde, og skylder 144 smørmerke, og namnegarden Vågen (gn. 94 og 95), som er plassert to km sørvest for Lunde, skylder 291. Dueland (gn. 102) grenser til Vågen i nordvest, og har ei landskyld på 72 smørmerke, og sør for dette ligg Hetland, som skylder 144 smørmerke. Kolbeinshaug (gn. 104) skylder 180, Bergsvåg (gn. 106) skylder 26, Kåtabø (gn. 68) 108, Haugen (gn. 71) skylder 342, og namnegarden Eidet (gn. 81 og 82) skylder 432 smørmerke. Kolbeinshaug ligg like sør for Ørland, mens Bergsvåg er plassert nord for Ørland. Kåtabø finn me i overkant av to km nordaust for Lund, og Haugen ligg under to km søraust for Kåtabø. Eidet ligg like aust for Nerheim.

Strekk ein på radiusen frå tre til fem km, vil ein finna fleire namn som er avgjerande for tolkinga av dette Lunde-namnet. Sør for Hetland ligg garden Viland (gn. 99 og 100), og ein km søraust for denne finn me Espeland (gn. 96). Favnebø (gn. 98) ligg like sør for Viland, og ein km søraust for Favnebø er garden Frønsdal (gn. 97). Eikeland (gn. 123 i Vats) ligg ein km sørvest for Frønsdal. Over fire km sør for Lunde ligg Steinsland (gn. 3 i Vikedal).

6.30.2. Tolking av nammemiljøet


Den gjennomsnittlige landskylda for gardane i området kring Lunde er 227,2 smørmerke, og dei største gardane er Dørheim, Nerheim, Eidet og Stangaland, som alle skylder 432 smørmerke kvar. Skylda til Lunde ligg på 114,9% av snittet, og 60,4% av kva dei største gardane skylder. Landskylda ligg så nært gjennomsnittet at han ikkje talar for sakral tolking. I NG XI (s. 95) nemner ikkje Olsen noko om at denne garden kan ha sakralt namn. Dette slår meg som litt merkelig, sidan garden Nerheim ligg på andre sida av fjorden, kort avstand frå Lunde. Namnegarden Nerheim er eit tydelig Njarðheimr, med gudenamnet Njørð, noko kjelder frå 1300-talet bekreftar (jf. NG XI).

Om ein reiser nedover dalen frå Ølen mot Vats, vil ein treffa på ei rekke stadnamn samansett av ulike treslag og *-land*. Fyrst møter me Hetland, tre km sør for Lunde, namnegarden Viland og Espeland i overkant av tre km, deretter Eikeland om lag ei halv mil sør frå Lunde. Sirka ein km sør for Eikeland ligg Børkjeland, Eikedal, og Lundagard med kort avstand frå

kvarandre. Disse tre stadnamna finst ikkje i NG XI, og eg har ikkje funne kjelder til dei i andre kjelder enn kart.

At ein her finner *eik*-namn i nærleiken av *lund(a/e)*-namn, får meg til å tenka på ei mulig heilaggjort eik, men namnemiljøet gjer meg litt skeptisk til å trekka hastige konklusjonar. Disse mulige sakrale *lund(a/e)*- og *eik(e)*-namna opptre i eit namnemiljø der ein finn tydelig profane stadnamn som er knytt til vekstforhold og treslag, nemlig Børkjeland, Viland, Espeland og Hetland. *Land*-stadnamn er av høg alder, og det er rimelig å tenka seg at ein i dette området har gitt namn ut frå topografiske tilhøve i området flora i det tidsrommet ein praktiserte religion mellom anna gjennom offer og kulthandlingar i heilage lundar. Ei profan tolking av *lund(a/e)*- og *eik(e)*-namna i dette området, gir ein større samanheng i eit slik namnegivingsmønster.

Nærleiken til Nerheim gjer likevel at ein ikkje kan avslå ei sakral tolking av Lunde heilt, men samanlagt er tolkinga mi av Lunde framleis usikker. Kanskje kan dette avgjerast nærare med bruk av arkeologisk materiale frå Lunde.



Figur 29. Lunde og Nerheim ligg på motsett side av Ølsvågen frå kvarandre, samstundes som det finst fleire stadnamn som viser til lokal flora i dette området (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.31. Lunde, gn. 25 i Suldal

6.31.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Lunde (gn. 25) si landskyld ligg på 388 smørmerke, og Hovtun (29), som ligg over ein km aust for Lunde, har ei landskyld på 144 smørmerke. Sør for Hovtun, ligg Fisketjørn (gn. 30), med ei landskyld på 288 smørmerke, og sør for Fisketjørn ligg Sørestad (gn. 26), som skylder 252 smørmerke. Tjøsheim (gn. 24) ligg ein km sør for Lunde, og skylder 288 smørmerke. Underbakka (gn. 23) ligg ein km vest for Lunde, og skylder 216 smørmerke, og vest for denne garden ligg Steine (gn. 22), som har ei skyld på 204 smørmerke. I overkant av ein km nordaust for Lunde, ligg Medhus (gn. 28), som skylder 36 smørmerke, og ein km aust for Hovtun kan me finna Stråpa (gn. 31), med sine 108 smørmerke (+ 3 vetter never). Under ein km aust for Stråpa ligg Vik (gn. 33), som skylder 342 smørmerke. Galland (gn. 12) og Bergjord (gn. 11) ligg i underkant av tre km sørvest for Lunde, og Nereim (gn. 10) ligg like sørvest for desse. Galland skylder 96 smørmerke (+ 1 bolle tjære), Bergjord skylder 144, mens Nereim har ei landskyld på 129 smørmerke.

Fire km nordaust for Lunde finn me garden Veke (gn. 34), mens Mork (gn. 21) ligg i overkant av tre km nordvest for Lunde. Vasshus (gn. 14) og Ritland (gn. 13) er plassert over tre km sørvest for Lunde.

6.31.2. Tolking av namnemiljøet


Denne Lunde-garden ligg i overkant av ein km frå prestegarden Vinje (gn. 27), og som eg har nemnt tidligare går usamansette *vin*-namn igjen i sakrale kontekster. I Suldal grenser Vinje til Hovtun, og ut frå denne plasseringa meiner eg Magnus Olsen har rett når han i NG X skriv at Vinje sannsynligvis har teke over rolla som kultsenter frå eit hov på Hovtun (s. 369). Om tolkinga til gardsnamnet Lunde er det ikkje skrive anna i NG X enn ei referanse til Lund i Lund kommune (sjå avsnitt 6.37.).

Fire km frå Hovtun, opp langs Suldalsosen og Suldalsvatnet, ligg Helganes (gn. 37), som i NG X blir tolka som *Helganes, anten '*det heilage neset*' eller samansett med mannsnamnet Helge, og "[s]andsynlig er det første Tilfældet, da *nes* i denne Landsdel sjelden sammensættes

med Personnavne” (NG X, s. 371). Sjølv om dette sannsynligvis har vore eit heilag nes, har eg vanskar for å setja dette i samanheng med kultusen kring med Lunde, Vinje og Hovtun, ettersom avstanden frå desse gardane til Helganes er fire km, og på andre sida av vatnet/elva.

Nereim (gn. 11) ligg tre km sørvest for Lunde, og ifølgje NG X (s. 367) er dette kanskje eit *Njardarheim. Sjølv om luftlinja mellom Lunde og Nereim er tre km, er den faktiske reiseavstanden mellom dei to gardane likevel om lag ein km høgare, ettersom dalføret slynger seg litt. I tillegg ligg garden på motsett side av elva frå Lunde, Vinje og Hovtun. Dette gjer at Nereim ligg noko usentralt i forhold til dei relevante gardane, og det som sannsynligvis var kultusentrumet. Her ser me altså igjen at sakrale stadnamn som finst innanfor fem km, likevel ligg plassert på eit vis som vanskelig kan tolkast i samanheng med det sakrale *lund(a/e)*-namnet.

I utrekninga av landskylda har eg møtt problem av same slaget som i Ølen (avsnitt 6.30.), der eg ikkje kan rekna om never og tjære til smørmerke på ein grei måte. Gardane som dette gjeld, held eg derfor utanfor denne utrekninga. Snittet for landskyld for gardane kring Lunde er 220,3 smørmerke, og Lunde er den garden som yter mest landskyld. Garden har ei landskyld som ligg på 176,1% av snittet. Ifølgje prinsippet om landskyldsmetoden bør dette kunna tala for at garden har vore fornem og viktig, noko som kan støttast opp av det Olsen skriv i NG X.



Figur 30. Avstanden mellom Lunde, kyrkjestaden Vinje og Hovtun er liten, mens avstandane til Nereim og Helganes er for stor til å sjå dei i kultisk samanheng (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.32. Lundarvoll, gn. 24 i Tysvær


6.32.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Garden Lundarvoll (gn. 24) i Tysvær har ei landskyld på 144 smørmerke, og Erland (gn. 23), som ligg like nord for Lundarvoll, skylder 90. I overkant av ein km aust for Lundarvoll, ligg garden Håland (gn. 26), som skylder 144 smørmerke, og like nord for denne garden, finn me Løyning (gn. 27), med sine 63 smørmerke i skatt. Mellom Løyning og Lundarvoll, er Tysvær (gn. 25) plassert, og denne garden skylder 162 smørmerke. I overkant av to km nord for Lundarvoll, ligg Høyvik (gn. 20), som har ei landskyld på 108 smørmerke. Ein km vest for Lundarvoll, ligg Haukås (gn. 4), med ei landskyld på 108 smørmerke, og det same skylder Hetland (gn. 2), som ligg like vest for Haukås. Ådland (gn. 1) ligg tre km sørvest for Lundarvoll, og skylder 72 smørmerke. Sør for Høyvik ligg Gjerde (gn. 21) med ei landskyld på 60 smørmerke. Bringedal (gn. 28) ligg ein km aust for Erland, og skylder 108 smørmerke. Bjørk (gn. 29) kan me finna tre km aust for Lundarvoll, og denne garden skylder 7,5 smørmerke. Mellom Gjerde og Erland ligg Gombedalen (gn. 22), som ikkje er oppført i Skattematrikkelen X.

I overkant av tre km nord for Lundarvoll ligg Apeland (gn. 5), og i underkant av to km nord for dette ligg Ronvik (gn. 6). Klovning (gn. 19) er plassert fire km nord for Lundarvoll. Like nord for Bjørk er Hesja (gn. 30) plassert, og sirka fire km nordaust for Lundarvoll ligg Sætra (gn. 31). Over tre km aust for Lundarvoll er garden Evje (gn. 43) plassert, og ein km sør om denne garden finn me Rabben (gn. 44). Stårhogg (gn. 50) er plassert over tre km søraust for Lundarvoll, og fem km søraust ligg Askeland (gn. 48) og Hersdal (gn. 47).

6.32.2. Tolking av namnemiljøet

Snittskylda for gardane her er 103,5 smørmerke, og høgast landskyld har Tysvær med sine 166 smørmerke. Lundarvoll har ei skyld som svarer til 139,1% av snittet, og 86,7% av det Tysvær skylder. Dette er ei høg landskyld, men når det ikkje finst oppsiktsvekkande stadnamn i namnemiljøet kring Lundarvoll, og det er elles ikkje noko anna som talar for at dette ikkje er eit profant namn.



Figur 31. Kartutsnittet viser eit *lund(a/e)*-namn plassert i eit profant namnemiljø (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.33. Lund, gn. 23 på Sjernarøy

I området kring Lund (gn. 23) på Sjernarøy finn ein stadnamn som er sterkt sakralindikerande, og denne garden er eitt av dei klaraste døma på at koplinga mellom eik og lund i sakrale stadnamn, kan ha noko føre seg.

6.33.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet


Landskylda til gardane innanfor tre km for garden Lund, er forholdsvis høg. Ein km nordaust for Lund kan me finna garden Norheim (gn. 21), som har ei landskyld på 432 smørmerke, og Lund har sjølv like høg landskyld som det Norheim har. Grannegarden Eik (gn. 24) skylder 468 smørmerke, og det same skylder namnegarden Bjerga (gn. 14 og 15), som ligg to km aust for Lund, på Bjergøy. Kvelland (gn. 16), grannegarden til Bjerga, har ei landskyld på 90 smørmerke, og Fure (gn. 19), som ligg under to km aust for Lund, skylder 216 smørmerke. Om lag ein km søraust for Lund, kan me finna garden Audbø (gn. 20), som har ei landskyld på 216 smørmerke. Tjul (gn. 26) ligg i overkant av ein km sør for Lund, og skylder 180 smørmerke. Under tre km nordaust for Lund ligg garden Venja (gn. 18), som ikkje er lista opp i Skattematrikkelen X. Sør for denne garden ligg Neseim (gn. 17), med ei landskyld på 252 smørmerke. Garden Skjelsnes (gn. 13), som skylder 108 smørmerke, ligg like sør om Bjerga, mens Talgje (gn. 27) er plassert omkring tre km sør for Lund, og skylder 288 smørmerke. Omkring tre km søraust for Lund ligg namnegarden Hidle (gn. 11 og 12), som samanlagt har ei landskyld på 504 smørmerke. Tre km sør for Lund ligg øya Helgøy, med garden Helgøy (gn. 28) si landskyld på 300 smørmerke.

6.33.2. Tolking av namnemiljøet

På Sjernarøy ligg Lund omtrent midt på øya, og grannegarden sørvest heiter Eik. I NG X er både Lund og Eik tolka til å ha samband med norrøn religion og kultus. To km sør for desse to gardane, ligg øya Helgøy. I NG kan ein lesa dette om Helgøy:

Den ældste Skriftform antyder mulig et opr. *Helgiøy*, sms. Med *helgi* f., Hellighed, Ukrænkelighed (jfr. *Helgistaðr* m., helligt Sted), formelt forskjellig frå Helg(a)øy, sms. Med Adj. *Heilagr*, hellig.

Denne religiøst freda øya ha nok hatt kultisk samanheng med ein heilag lund på Lund og ei eller fleire heilage eiker på Eik. Ut frå det eg kan tolka av namnemiljøet vil eg sjå desse gardane som sakrale, og at det her altså er snakk om eit sakralt *lund(a/e)*-namn. Både Lund og Eik har høg landskyld, lik fleire gardar i dette området. Snittet for landskyld er 309,7 smørmerke, og landskylda til Lund ligg på 139,5% av denne summen. Høgast landskyld har Hidle, som skylder 504 smørmerke. Lund si landskyld er på 85,7% av dette talet.



Figur 32. Lund og Eik opptre i nærleiken av det sakrale øynamnet Helgøy (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.34. Søndre og Nordre Lunde, gn. 1 og 2 på Åmøy

6.34.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Namnegarden Lunde (gn. 1 og 2) på Åmøy har 468 smørmerke i landskyld, og grannegarden Meling (gn. 3) skylder 306 smørmerke. Rossnes (gn. 1 i Mosterøy herad) ligg i underkant av ein km nord for Meling, og har ei landskyld på 72 smørmerke. Dette er dei einaste gardane innanfor tre km, og det er ikkje nokon sakrale namn innanfor det gamle skipreidet som har

omfatta Åmøy. Den næraste garden, om ein ser vekk frå grannegardane Meling og Rossnes, er Lunde (gn. 4) på Hundvåg. Avstanden mellom desse to Lunde-gardane er omkring fire km. På Hundvåg finn me òg garden Skeie (gn. 5) og Husebø (gn. 6) innanfor ei grense på fem km. Vardaberg (gn. 2 i Mosterøy herad) ligg i overkant av fire km vest for Lunde. Nord for denne garden ligg Hegraberg (gn. 3 i Mosterøy herad).

6.34.2. Tolking av namnemiljøet

Søndre og Nordre Lunde ligg på Åmøy. Det finst fleire interessante stadnamn spreia kringom i området. Seks km nord for Lunde, på Rennesøy, ligg Ullanes (gn. 34 på Rennesøy), som i NG X s. 264 blir tolka som eit gammalt *Ullarnes, samansett med gudenamnet Ull. Ullanes ligg på austsida av Rennesøy, omtrent tre km nord for det sørligaste punktet på øya. Dette gjer at eg ikkje vil sjå Ullanes i samanheng med ein mulig kult på Lunde på Åmøy. Om tolkinga av garden Lunde er det i NG X ikkje skrive noko anna enn eit peik mot Lund i Lund kommune, som er tolka som mulig sakralt.

Omkring fire km sør for Lunde på Åmøy, ligg Lunde på Hundvåg (sjå under), og to km aust for Hundvåg ligg Eigerøya. Litt over to km søraust frå Eigerøya ligg holmen Horge, i Horgefjorden. Sirka tre km vest for Lunde (gn. 1 og 2) ligg Gotun på øya Hidle. Korkje Eigerøya, Horge, eller Gotun finst oppført i NG X, ettersom det ikkje finst gardar som har fått desse namna. Horge er rimeligvis eit profant namn, med tydinga 'bergknaus', og Horgefjorden, som ligg mellom Horge, Hidle, Eigerøya og Åmøy, har fått namn etter den lett synlige holmen. Dei topografiske forholda i dette miljøet er litt spesielle, met to Lunde-namn innanfor nokså kort avstand. Eg vil derfor prøva å avklara nærare om det kan vera snakk om to heilage lundar som har hatt kultisk samband med kvarandre, eller om ein må tolka namna på anna vis. Etter råd frå rettleiar Ole-Jørgen Johannessen, går eg til Skattematrikkelen X for å sjå om dei to gardane høyrde til ulike skipreide. Om ein tenker seg, slik Magnus Olsen gjorde, at kvar kultstad var senter for eit eget "sokn", og det viser seg at begge Lunde-gardane ligg i det same skipreidet, kan ein sjå dei to gardane i kultisk samanheng. Skulle dei visa seg å vera frå to ulike skipreide, kan ein heller sjå føre seg at dei to gardane har vore kultsenter for kvart sit "sokn", dersom namnemiljøet skulle indikera det.

I Skattematrikkelen X, er S. Lunde og N. Lunde (gn 1 og 2) ført opp under Ask skippreide, mens Lunde (gn. 4) er lista opp under Goa skippreide. I Ask skippreide finst der ikkje andre mulige sakrale stadnamn, og ein kan då vanskelig sjå føre seg at dette skal vera snakk om eit sakralt stadnamn. Goa skippreide strekker seg over eit stort område, fyrst og fremst på fastlandet nord for Stavanger, der hovudvekta av jordbruk nok har lege i fortida. Innanfor Goa skippreide finn me òg garden Tasta, som går inn i rekke av jærseke gardsnamn med høg alder, og som me ikkje er heilt sikre på kva tyder. Men heller ikkje i dette skippreidet finst det mulige sakrale namn, utanom Lunde og Skeie på Hundvåg.

Lunde på Åmøy ser altså ut til å vera eit profant namn. Ettersom Meling, Rossnes, og Lunde er dei einaste gardane innanfor tre km, blir det meiningslaust å rekna prosent av landskylda, så ein kan ikkje henta ut andre indikasjonar på den måten.



Figur 33. Namnemiljøet kring Lunde på Åmøy og Lunde på Hundvåg er sakralindikerande for berre Lunde på Hundvåg (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.35. Lunde, gn. 4 på Hundvåg.

Som allereie nemnt, finst ein gard med namn Lunde (gn. 4) på Hundvåg, i gamle Hetland herad. Plasseringa av denne garden er sentral, og jordbrukshistoria kring denne garden strekk seg langt tilbake i tid. Og korleis ser namnemiljøet ut?

6.35.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Lunde har ei landskyld på 216 smørmerke, mens grannegarden Skeie skylder 144 smørmerke. Sør for Skeie, ligg Austbø (gn. 7), som skylder 432 smørmerke, og det same skylder Husebø, som ligg ein km sørvest for Austbø. Tre km søraust for Lunde, ligg namnegarden Tasta (gn. 28 og 29), som skylder 684 smørmerke. Fem km vest for Lunde finn me gardane Rygg (gn. 47) og Grødem (gn. 48). I overkant av fire km sørvest for Lunde ligg Høye (gn. 3), som grenser til Finnestad (gn. 31) i vest.

6.35.2. Tolking av namnemiljøet

Lunde på Hundvåg ligg, som nemnt ovanfor, i eit område med mulige sakrale namn spreia utover. Det er likevel problematisk at desse namna ligg såpass spreia, og dei fleste av desse namna kan ikkje med sikkerheit brukast som argument for sakralitet. Derfor har eg ikkje vektlagt dei i vurderinga mi. Men andre peikepinnar har me, som t.d. at Lunde grenser til garden Skeie. I NG X s. 196 blir Skeie tolka til å ha vore ein forhistorisk travbane, og følgjer altså mønsteret for tolking av *skeið*-namn i NG X – XII. Når det gjeld denne Lunde-garden, er det ikkje skrive noko konkret om tilknytning til kultus, men det er vist til Lunde (gn 1 og 2 i Hetland) på Åmøy.

Inge Særheim (2011, s. 306 med visning til Myhre (1984), Meling (2001) og Sandvik (2003)) påpeiker at Husebø og Austbø speglar ein utgamal sentralgard *Bø, med spor etter korndyrking 4500 år tilbake i tid, spor etter bustadar frå lang tid tilbake, og med den høgaste landskylda i heradet (om ein slår landskylda til dei to gardane saman). Dette utgjer 864 smørmerke, og landskylda til Lunde ligg på 25% av dette talet. Den gjennomsnittlige landskylda for området er 381,6 smørmerke, og Lunde si landskyld tilsvare 56,6% av ein slik sum.

Lunde ser altså ut til å ha ei sentral plassering, med ein gamal og viktig gard innanfor kort avstand. Når ein i tillegg finn eit *skeið*-namn på grannegarden, er det ikkje vanskelig å gi ei sakral tolking av namnet. Ein kan sjå føre seg at folket med tilhald på *Bø, hadde ein heilag lund eller offerlund på nordsida av øya, og at dei òg hadde ein plass for offentlige kappritt og hestekampar, som til tider blei brukt i kultisk samanheng. Eg gir derfor Lunde ei sakral tolking.

6.36. Lunde, gn. 47 i Høyland

Ein av dei sikraste sakrale namna i denne undersøkinga, er Lunde (gn. 47) i Høyland. Sakrale stadnamn er strødd som rosiner på grauten i nærleiken av Lunde, og eg vil seia at dette namnemiljøet er eit mønstereksempel på kva eg leiter etter i dette avhandlingsprosjektet.

6.36.1 Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

Åse (gn. 46) ligg vest for Lunde, og skylder 288 smørmerke, og nord for denne garden ligg Skei (gn. 43), med 90 smørmerke. Lunde skylder 252. Hove (gn. 44), som ligg rett nord for Lunde, skylder 228. Nord for Skei ligg Sandve (gn. 42), som har ei landskyld på 44 smørmerke. Tre km nord for Lunde ligg Stangeland (gn. 62), med ei landskyld på 216 smørmerke. Sirka to km nordaust ligg Austrått (gn. 39), som skylder 252 smørmerke. Tre km nordaust for Lunde ligg Hana (gn. 38), som i Skattematrikkelen X er oppført saman med Asseim (gn. 61), og skylder 324. Grannegarden nord for Lunde, Sørbø (gn. 45), skylder 252 smørmerke. Under to km sør for Lunde ligg Vagle (gn. 51), med ei landskyld på 144 smørmerke. Fosseikeland (gn. 50) ligg tre km søraust for Lunde, og skylder 144 smørmerke. Ein km vest for Lunde ligg Todneim (gn. 60), som har ei landskyld på 252 smørmerke. Ein km vest for denne garden ligg Lea (gn. 53), som skylder 144 smørmerke. Auestad (gn. 35) ligg om lag tre km nordaust for Lunde, og skylder 216 smørmerke. Skaret (gn. 34) er plassert sørvest for Auestad, og har 108 smørmerke, mens Brueland (gn. 41) like nord for Sandve er lista opp med 48 smørmerke i Skattematrikkelen X.

Fleire av gardane i området er ikkje å finna i Skattematrikkelen X. Dette gjeld Skeiene (gn. 40), som ligg nord for Skei. Prestegarden Høyland (gn. 33) ligg like aust for Lunde, og er

heller ikkje lista opp med landskyld. NG X s. 170 er kjeldene for eldre skrivemåtar for Høyland lista opp, og ei av desse er "H. med Leegwold". Vidare blir det vist til same avsnittet som blir trekt fram under Leigvom (gn. 13):

Leikvangr, legevolden, fordi her engang har været Samlingsplads til Lege og lignende Forlystelser; jfr. Indl S. 64 f. under *leikr*. Dette Namn er i senere Tid alm. Gaaet over til Leikvam eller lignende Former (Leigvam, Høiland GN. 13; Lekvam, Strand GN. 23).

NG X s. 26.

Like sør for Lunde ligg garden Kvål (gn. 48), og aust om dette finn me garden Stokkaland. Skjeveland (gn. 52) ligg vest for Lunde. Om lag to km nordvest for Lunde ligg Raustad (gn. 58), og Folkvord (gn. 59) ligg sirka ein km nord for Raustad. Ingen av desse gardane er ført opp med landskyld i Skattematrikkelen X.


Sirka fire km nordaust for Lunde ligg Vatne (gn. 37), og om lag ein km aust for denne garden ligg Kylllevik (gn. 36). I overkant av tre km søraust for Lunde er garden Bråstein (gn. 32) plassert. I sørvest grenser Bråstein til Møgedal (gn. 31), og vest for denne garden ligg Gilja (gn. 30). Over tre km nordvest for Lunde finn me garden Heigre (gn. 54), og nord for dette ligg Jutland (gn. 55). Jutland grenser til Kjellingland (gn. 56) i nord, og Malmeim (gn. 57) i søraust. Austvoll (gn. 63) og Årsvoll (gn. 64) ligg omtrent fire km nord for Lunde, og aust for Austvoll finn me Soma (gn. 65). Tre km sørvest for Lunde, finn me Stangeland (gn. 6 på Klepp), og søraust for dette ligg namnegarden Øksnavad (gn. 7 og 8 på Klepp). I overkant av tre km sør for Lunde er Orsdag (gn. 9 på Klepp) plassert. Om lag fem km sørvest, på Klepp kommune (Klepp herred i NG X), finn me garden Gruda (gn. 3 på Klepp). Sør for denne garden er Håland (gn. 2 på Klepp) plassert. Storhaug (gn. 4 på Klepp) og Meland (gn. 5 på Klepp) ligg sirka fire km sørvest for Lunde.

6.36.2. Tolking av nammemiljøet

I NG X blir Lunde i Høyland kopla saman med norrøn kultus, og det meiner eg er rett og rimelig ut ifrå nammemiljøet Lunde ligg i. Nord for Lunde ligg Sørbo (jf. Særheim, 2011, s. 307), Hove, Skei, og Skeiane. Eg meiner dette taler klart for eit kultisk knutepunkt. Wessén (1921, s. 118) skreiv at garden Leigvom (gn. 13) (< *Leikvangr) ligg i same soknet, men denne garden ligg perifert i forhold til dei gardane som er nemnt ovanfor, heile åtte km i

luftline frå Lunde. Eg må likevel ta det med i vurderinga, ettersom det på eit tidspunkt har vore knytt til kyrkja.

I området rundt Lunde er den gjennomsnittlige landskylda 196,6 smørmerke. Høgast landskyld har Austrått, med sine 558 smørmerke. Landskylda til Lunde er 128,2% av snittet, og 45,2% av det Austrått skylder. Dette er ikkje ei direkte høg landskyld, men det ligg i alle fall over gjennomsnittet, noko som kan indikera sentralitet og sakralitet. Men tolkinga av Lunde som sakralt namn er fyrst og fremst på grunnlag av namnemiljøet.



Figur 34. Kring Lunde i Høyland finn me innanfor ei særst kort avstand gardane Sørbo, Hove, Skei og Skeiane, som alle kan tolkast som sakrale stadnamn (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.37. Lund, gn. 25 i Lund

Prestegarden Lund (gn. 25) i Lund kommune er eit døme på ein gamal kyrkjestad som er ikleidd eit *lund(a/e)*-namn. Men finst det andre indikatorar på sakralitet enn kyrkjestaden?


6.37.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

To km nord for Lund, ligg Haukland (gn. 24), som har ei landskyld på 216 smørmerke. Dette er den høgaste landskylda innanfor tre km. Ein km søraust for denne garden, ligg Moi (gn. 27), som skylder 108 smørmerke. Rett vest for Lund ligg Skor (gn. 22), Lindland (gn. 21) og Hamre (gn. 20). Skor og Lindland skylder 72 smørmerke kvar, mens Hamre skylder 108 smørmerke. Både Lund og grannegarden Eigeland har ei landskyld på 72 smørmerke. Tre km søraust for Lund, ligg garden Tronvik (gn. 19), og tre km sør for Lund, kan me finna Gursli (gn. 16), som begge skylder 72 smørmerke. Like nord for Gursli ligg garden Skåland (gn. 17), som skylder 153 smørmerke. Bringedal (gn. 18) er plassert om lag ein km nordaust for Tronvik, og skylder 18 smørmerke. Audeland (gn. 23), som skylder 72 smørmerke, ligg like nord for Skår. Omkring fem km nord for Lund er Skjeggestad (gn. 29) plassert, som ikkje er oppført med landskyld i Skattematrikkelen X, men i overkant av ein km sør for dette ligg garden Osen (gn. 28), med 48 smørmerke i skyld. Fem km sør for Lund ligg Litlehei (gn. 14), med 9 smørmerke.

6.37.2. Tolking av namnemiljøet

Snittet for landskyld ligg på 83,1 smørmerke i dette området, og den største garden er Haukland, som skylder 216 smørmerke. Landskylda til Lund utgjer 86,6% av snittet, og er 33,3% så stor som landskylda til Haukland.

Lund kommune i Rogaland har fått namn etter garden Lund, som altså er ein prestegard. Om lag seks km nord ligg Hove (gn. 32) og Eig (gn. 35) (og Lundheia, som ikkje er matrikkelgard), som neppe har hatt kultisk samanheng med det som nå er prestegarden Lund. Men grannegarden til Lund er Eigeland, eit stadnamn som kanskje siktar til ei eller fleire heilaggjort eiker, og som har hatt direkte kultisk samanheng med ein heilag lund eller offerlund på Lund. Landskyldnivået til Eigeland er likt som det til Lund, og dei to gardane kan derfor jamførast i produksjon og storleik. Eigeland er i NG X ikkje tolka til å ha samanheng med ein norrøn kultus, men om Lund står det at “[h]vor dette Gaardnavn, som her, har givet et Sogn Navn, tør det vel antages at sigte til en af den hedenske Tids hellige Lunde” (NG X s. 33). Dette er vel òg den rimeligaste tolkinga, trass i at ein ikkje kan visa til andre sakrale namn enn Eigeland. Etter mitt syn speglar Eigeland og Lund eit kultområde som har hatt kultkontinuitet fram til våre dagar, gjennom kyrkjestaden.



Figur 35. Når ein lund(a/e)-gard òg er prestegard, og eit eik-namn er å finna på grannegarden, styrker det ei sakral tolking av gardsnamnet Lund (www.norgeskart.no. lasta ned 29.5.2011).

6.38. Buarlund, gn. 108,2 i Sokndal

6.38.1. Landskyld og geografisk plassering av namnemiljøet

I NG X er det uttalen av namnet det einaste som blir omtalt om Buarlund: “Ifølge Lærer Anton J. Barstad Feil for Beiarlund (udt. Bei’arlónn)” (NG X s. 25). Buarlund ligg under garden Refsland (gn. 108), og det er ikkje noko i namnemiljøet som tilseier at dette lund(a/e)-namnet sikter til ein heilag lund.

Storleiken på garden er vanskelig å seia noko om, ettersom det ikkje finst spor av han i Skattematrikkelen X, men Refsland skylder 25,2 smørmerke, så det kan ikkje vera snakk om nokon stor gard. Tre km aust for Buarlund og Refsland ligg namnegarden Evja (gn. 102 og 103), som har ei landskyld på 150 smørmerke. Ein km sørvest for Evja ligg garden Netland (gn. 100), med sine 36 smørmerke. Om lag ein km sør for Netland kan me finna garden Svinland, som òg skylder 36 smørmerke. Produksjonen på gardane i dette området har altså ikkje vore stor.

6.38.2. Tolking av namnemiljøet

I NG X er det ikkje oppført noko tolkingforslag til fyrsteleddet i namnet, og usikkerheita kring uttalen av namnet kan vera grunnen. Ettersom Refsland er ein såpass liten gard, vil eg tru det har lite for seg å sjå namnet i samband med nokon form for religiøs praksis. Ei profan tolking blir forsterka av at området i høgste grad ligg usentralt plassert. Utan å vita landskylda til Buarlund, kan eg heller ikkje seia noko om den relative landskylda samanlikna med resten av området. Alt i alt er mi tolking av Buarlund profan.



Figur 36. Namnemiljøet kring Buarlund er profant (www.norgeskart.no, lasta ned 29.5.2011).

6.39. Lunden, ei namneform som vitnar om unge gardar?

Fleire gardar med *lund(a/e)*-namn er simplicia i bunden form. Dette gjeld gardane som er lista opp under.

- Lunden, gn 35,3 på Jelsa
- Lunden, gn 16,7 på Strand
- Lunden, gn 90,4 i Sokndal
- Lunden, gn 29,4 i Sokndal
- Lunden, gn 59 på Os

- Lunden, gn 47,1 i Etne

Fleirtalet av desse gardane er underbruk, noko som kan tyda at det er utskilde gardar som har fått si grammatiske form fordi dei har blitt til tidligast i sein mellomalder. Men det kan òg henda at det er snakk om bruksnamn som har blitt lagt under hovudbruket, med ein namnekultur som strekker seg tilbake til tida før kristendommen blei offisiell religion. Om det skulle vera tilfellet må den bundne forma ha blitt til fordi namnet ikkje lenger har vore eit viktig namn, og at det til dels har gått ut av bruk (men ikkje nok til at namnet har forsvunne heilt).

6.40. Forsvunne namn og nedlagte gardar

I tillegg til gardane eg har gått igjennom i denne avhandlinga, lister NG XII og X opp to forsvunne *lund(a/e)*-namn. Desse har eg ikkje undersøkt nærare, ettersom det krev meir tid enn kva eg kunne disponera innanfor den tidsramma som er sett for masteravhandlingar.

Det eine namnet er Berckelund, eit forsvunne gardsnamn i Hornindalen (NG XII, s.454). Det andre er eit namn som går inn under prestegarden på Finnøy, og som blir nemnt i NG X s. 256:

Paa Vestbø's Guld SØ. for Hesby findes en stor, kugleformet løs Sten, kaldet rø'rstein. Den er vel kjendt, da man, naar man kom med Lig til Kirken, pleiede at hvile her. Der skal være Sagn om, at Stenen i visse Tilfælde har rørt sig; deraf Navnet. - Hagen mellem Rørstein og Hesby heder *ló'nnarhagen*, efter en Plads under Præstegaarden, "Lunden", udt. *lō'n*. Dette Navn kan her ved Kirkestedet have Hensyn til et ældre, hedensk Gudsdyrkelsessted i en hellig Lund; jfr Lund GN. 25.

Desse namna ligg opne til vidare undersøkingar, og som me ser i sitatet frå NG X, er det mulig ein har å gjera med minst eitt sakralt *lund(a/e)*-namn.

7. Kommentar til landskyldsmetoden

I dette kapittelet vil eg seia noko kring bruk av landskyldsmetoden til den type undersøking eg har gjort i dette området. Eg sett her opp to tabellar som eg håper skal kunna gi ei god oversikt over prosentane i landskyldsfordelinga eg har funne. I den eine tabellen viser eg prosentane i forhold til den gjennomsnittlige landskylda i nærområdet, og i den andre lister eg opp prosentane i forhold til garden med høgast landskyld i nærområdet. Dei tre kolumnene inneheld sannsynlig sakrale *lund(a/e)*-namn, profane *lund(a/e)*-namn, og usikkert tolka *lund(a/e)*-namn. Målet med ei slik oppdeling var å prøva å spora opp eit mønster for landskyld for sakrale *lund(a/e)*-namn på den eine sida, og profane *lund(a/e)*-namn på den andre sida, for slik å lettare kunna avgjera om ein har å gjera med sakrale eller profane namn.

Samanlagt kan ein sjå tendensar til forskjellar i dei ulike kategoriane. Sakrale gardar skyldar i snitt 95,3% av den gjennomsnittlige landskylda til gardane innanfor undersøkingssona, profane *lund(a/e)*-gardar skylder 84,8%, mens usikkert tolka gardar skylder 89,1% (sjå tabell 1). I forhold til den største garden i området skylder dei sakrale gardane som gruppe 44%. Dei profane gardane skylder 39,6%, mens dei usikkert tolka garane skylder 52% (sjå tabell 2). Når ein sett desse nummera opp mot kvarandre vil ein sjå tendensar til eit mønster som ville kunna støtta bruk av landskyldsmetoden for å avgjera sakralitet, sjølv om eg på ingen måte vil seia at dette er avgjerande forskjellar. Ut frå desse tala kan eg seia at *lund(a/e)*-gardar i gjennomsnitt har ei litt lågare landskyld enn gardane innanfor tre km, men ikkje at sakrale *lund(a/e)*-gardar har høgare skyld enn profane eller usikkert tolka *lund(a/e)*-gardar – til dét er skilnadane i tala for små. Mønsteret blir òg brutt når ein ser på landskylda til dei tre gruppene i forhold til garden med høgast landskyld innanfor 3 km. Usikkert tolka namn har høgast prosent her, mens sakrale kjem som nr to, og profane som nr tre. Dette er ein peikepinn mot at ein har irregularitetar i målingane, og eg tolker dette som at eg ikkje kan stola på at det er eit mønster som kan brukast som metode for å avgjera sakralitet. Det skulle likevel ha vore interessant å sjå om dette er ein tendens som går igjen i *lund(a/e)*-gardar i andre delar av landet, og i Skandinavia.

Sandnes (1973) kunne visa til at sakrale stadnamn var hyppig representert i kategorien *storgardar*, som han opererte med. Eg hadde forventa at sakrale *lund(a/e)*-gardar skulle ha høgare landskyld enn profane *lund(a/e)*-namn, og andre profane namn i namnemiljøa, men

dette er ein fordom eg nå må tilbakevisa. Dette er eit uventa funn, og eg har vanskar med å forklara det. Den mest nærliggande tanken, er kanskje at heilage lundar og offerlundar har vore viktige stader, men at dei ikkje har vore knytt til nokon jordbruksproduksjon. Det kan ha vore kultiverte utmarksområde, med spesifikke brukstradisjonar utan større innmarksområde knytt til lunden. Samstundes finst det døme på at *lund(a/e)*-gardar kan vera store, med høg produksjon relativt sett, og eg har ikkje anna enn spekulasjonar som forklaring på dette.

Tabell 1. Prosentforholdet mellom landskylda til *lund(a/e)*-gardane og den gjennomsnittlige landskylda i nærområdet, der gjennomsnittsskylda er 100%.

Sakrale		Profane		Usikre	
Gn. 104 og 104 i Indre Holmedal	156,6%	Gn. 40 og 41 i Stryn	198,1%	Gn. 18 i Selje	108,4%
Gn. 20 i Hafslo	95,9%	Gn. 67 i Eid	68,7%	Gn. 49 i Stryn	44%
Gn. 20 i Balestrand	71,9%	Gn. 37 i Jølster	-	Gn. 42,2 i Vikør	-
Lund i Lærdal	11,4%	Gn. 15 i Sogndal	-	Gn. 109 og 110 i Ølen	114,9%
Gn. 48 i Hyllestad	90%	Gn. 7 i Balestrand	-		
Lund på Voss	14,7%	Gn. 65 i Leikanger	37,8%		
Gn. 45 i Os	89,7%	Gn. 42 i Gulen	63,8%		
Gn. 113 og 114 på Tysnes	139,5%	Gn. 73 på Vossestrand	50,2%		
Gn. 57 i Etne	77,6%	Gn. 47 på Vossestrand	46%		
Gn. 25 i Suldal	176,1%	Gn. 244 på Voss	118,3%		
Gn. 23 på Sjernerøy	139,5%	Gn. 70 i Manger	82,6%		
Gn. 4 i Hetland	56,6%	Gn. 1,31 på Askøy	-		
Gn. 47 i Høyland	128,2%	Gn. 65 i Fana	69,2%		
Gn. 25 i Lund	86,6%	Gn. 24 i Eidfjord	54,1%		
		Gn. 20 i Fusa	80,9%		
		Gn. 95 i Kvinnherad	67,6%		
		Gn. 18 på Stord	111%		

		Gn. 24 på Tysvær	139,1%		
		Gn. 1 og 2 i Hetland	-		
		Gn. 108,2 i Sokndal	-		

Tabell 2. Prosentforholdet mellom landskylda til *lund(a/e)*-gardane og den landskylda til den største garden i nærområdet, der landskylda til største gard er 100%.

Sakrale		Profane		Usikre	
Gn. 104 og 104 i Indre Holmedal	88,4%	Gn. 40 og 41 i Stryn	100%	Gn. 18 i Selje	67,5%
Gn. 20 i Hafslo	23,5%	Gn. 67 i Eid	29,3%	Gn. 49 i Stryn	28,1%
Gn. 20 i Balestrand	36,6%	Gn. 37 i Jølster	-		
Lund i Lærdal	4,9%	Gn. 15 i Sogndal	-	Gn. 42,2 i Vikør	-
Gn. 48 i Hyllestad	50%	Gn. 7 i Balestrand	-	Gn. 109 og 110 i Ølen	60,4%
Lund på Voss	4,9%	Gn. 65 i Leikanger	10,2%		
Gn. 45 i Os	36%	Gn. 42 i Gulen	31,6%		
Gn. 113 og 114 på Tysnes	48,6%	Gn. 73 på Vossestrand	24,4%		
Gn. 57 i Etne	33,9%	Gn. 47 på Vossestrand	18,2%		
Gn. 25 i Suldal	100%	Gn. 244 på Voss	46,2 %		
Gn. 23 på Sjernerøy	85,7%	Gn. 70 i Manger	34,3%		
Gn. 4 i Hetland	25%	Gn. 1,31 på Askøy	-		
Gn. 47 i Høyland	45,2%	Gn. 65 i Fana	39,1%		
Gn. 25 i Lund	33,3%	Gn. 24 i Eidfjord	18,5%		
		Gn. 20 i Fusa	44,4%		
		Gn. 95 i Kvinnherad	25%		
		Gn. 18 på Stord	46,2%		
		Gn. 24 på Tysvær	86,7%		

		Gn. 1 og 2 i Hetland	-		
		Gn. 108,2 i Sokndal	-		

8. Konklusjon

I laupet av denne teksten har eg greid ut om, og plassert 38 vestnorske *lund(a/e)*-namn i kategoriane 'sakrale', 'profane' og 'usikkert tolka' namn. Dette er inndelingar eg har kompt til gjennom å studera namnemiljøet desse namna opptrer i nøye, og i dei tilfella slike namn opptrer i lag med andre sakrale, mulig sakrale eller sakralindikerande namn, har eg vurdert om desse stadnamna reflekterer fenomen som i norrøn tid har hatt kultisk samanheng. Fleire stader har det vore vanskelig å avgjera om namnet er sakralt eller ikkje, og ingen av tolkingane eg har kompt med kan reknast for å vera 100% sikre. Eg meiner likevel den inndelinga av namna eg har gjort er sannsynlig nok til å rekna han for å vera ei riktig inndeling. Enkeltelte namnemiljø har likevel vore tydelige nok til at eg tør påstå ein kan halda fram med å tolka *lund(a/e)*-namn som sakrale eller ikkje gjennom analyse av namnemiljøet, slik som er vanlig praksis i namnegranskinga i dag. I arbeidet har det vist seg å vera ein tendens til at sakrale *lund(a/e)*-namn sjeldan kan sjåast i kultisk samanheng med sakrale namn som ligg lenger vekke enn tre til fire km. Om ein skal sjå denne avstanden for å vera ei absolutt grense, er heller tvilsomt, ettersom topografien på Vestlandet kan variera stort ifrå topografi andre stader i Skandinavia. For vestnorske sakrale stadnamn er nok dette likevel ei realistisk nærleiksgrense.

Av dei 38 *lund(a/e)*-namna i undersøkingsområdet mitt, har eg klassifisert 20 av dei som 'profane'. Dette er rett over halvparten av alle belegga, og inkluderer åtte gardar frå Sogn og Fjordane, ni frå Hordaland, og tre frå Rogaland. Den andre halvdelen av belegga er altså inndelt i dei to gruppene 'sakrale' og 'usikkert tolka' *lund(a/e)*-namn. Av namn med usikker tolking inngår fire av gardane, to frå Sogn og Fjordane, og to frå Hordaland. Dei resterande 14 namna har eg definert som sakrale. Fem av desse er frå Sogn og Fjordane, fire er frå Hordaland, og fem frå Rogaland. Dette vil seia at ein i Vest-Noreg har ei prosentfordeling på minst 36% sakrale *lund(a/e)*-namn, og jamfører ein dette med funna til Vikstrand (2001) og Eggert (2011), ser me at funna eg har gjort ligg ganske tett opp til dei 30% sakrale *lund(a)*-

namna Vikstrand fant i Mälärlandskapet, og ganske langt vekke frå dei 2,4% Eggert fann i Danmørk.

Ser ein på den geografiske fordelinga i undersøkingsområdet mitt, ser ein at det er flest *lund(a/e)*-namn i Sogn og Fjordane og i Hordaland, med 15 namn i kvart fylke, slik at hovudvekta av denne namnegruppa ligg i dei to midterste vestlandsfylka. Prosentmessig er det likevel flest sakrale *lund(a/e)*-namn i Rogaland, der over halvparten av namna er sakrale. Men sidan det tilnerma lik ikkje er nokon forskjell mellom talet på sakrale namn i dei tre fylka eg har gjennomgått, er det vanskelig å peika på Rogaland som spesielt vekta når det gjeld sakrale *lund(a/e)*-namn. Samstundes finst det ikkje gardsnamn i Rogaland som har vore problematiske nok for meg å definera som sakrale eller profane til at eg har måtta plassera dei i kategorien med usikre tolkingar. Dette kjem fyrst og fremst av at namnemiljøa kring *lund(a/e)*-namna i Rogaland er tydelige, anten sakrale eller profane. Kanskje har den kultiske lunden hatt ein litt annan funksjon i Rogaland enn i fylka nordover, eller kanskje har rygjane fyrst og fremst hatt ei sakral bruk av appellativet *lund*. Dette er spørsmål som vanskelig kan svarast på gjennom å visa til funna eg har gjort, og det ville vore interessant å sjå om ei større undersøking av andre norske *lund(a/e)*-namn kan avgjera slike spørsmål nøyare.

Som eg tidligare òg har vist til, ville arkeologiske undersøkingar av område kring *lund(a/e)*-namn kunna bidra mykje til å avgjera om namna er sakrale. Dette ville og kunna avdekka meir om kultpraksisen som har foregått i lundane, om dei har vore offerplassar, eller om dei har vore stad for andre kultiske handlingar. Kva type offer ein finn rester av skulle òg vera interessant å sjå på, men desse funna ville nok fyrst og fremst vore nyttige for religionsvitarar, og ikkje i like stor grad for namnegranskarar.

Forkortelser og litteratur:

- Andersson, Thorsten. (1992) Kultplatsbeteckningar i nordiska ortnamn. ? I: Fellows-Jensen, Gillian & Bente Holmberg red. *Sakrale navne – Rapporter fra NORNAs sekstende symposium i Gilleleje 30. 11.-2.12. 1990*. Uppsala, NORNA-förlaget, s 77 – 106.
- Bjorvand, Harald & Lindeman, Fredrik Otto. (2007) *Våre arveord – etymologisk ordbok*. Oslo, Novus Forlag.
- Bokmålsordboka (2010). Bokmålsordboka [Internett]. Tilgjengelig frå: <http://www.nobordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=lund&bokmaal=+&ordbok=begge> [lasta ned 4.10.2011].
- Brink, Stefan. (1992) Har vi haft et kultisk *al i Norden? I: Fellows-Jensen, Gillian & Bente Holmberg red. *Sakrale navne – Rapporter fra NORNAs sekstende symposium i Gilleleje 30. 11.-2.12. 1990*. Uppsala, NORNA-förlaget, s. 23-33.
- Brink, Stefan. (2007) How uniform was the old Norse religion? I: Quinn, Heslop & Wills red. *Learning and understanding the old Norse world*. Turnhout, Brepolis publishers n.v., s. 105 – 136.
- Dietrichson, Lorentz. (1892) *De norske Stavkirker – Studie over deres System Opringelse og historiske Udvikling*. Kristiania & Kjøbenhavn, Alb. Cammermeyers Forlag.
- Dybdahl, Audun. (1976) *Agrarkrisen I Indre Sogn – Bosetningsmessige forhold i Årdal, Lærdal og Borgund ca 1200 – 1600: Punktanalyse for Det nordiske ødegårdsprosjekt*. Delmanuskript, februar.
- Eggert, Birgit. (2011) Danske stednavne på –lund. I: Christensen, Lisbeth Eilersgaard & Bent Jørgensen red. *Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid. Rapport fra NORNAs 38. symposium i Ryslinge 12.-15.5.2009*. Uppsala, NORNA-förlaget, s. 75 – 115.
- EoR II = Jones, Lindsay. (2005) *Encyclopedia of Religion. Attributes of God – Butler, Joseph*. 2. utgåva, bind II. Detroit, Macmillan/Thomson Gale.
- EoR IV = Jones, Lindsay. (2005) *Encyclopedia of Religion. Dacian Riders – Esther*. 2. utgåva, bind IV. Detroit, Macmillan/Thomson Gale.
- EoR XII = Jones, Lindsay. (2005) *Encyclopedia of religion. Rnying Ma Pa School – Soul*. 2. utgåva, bind XII. Detroit, Macmillan/Thomson Gale.
- Gjordebok for geistlig gods, nr. 2. 1694. SAB. Biskopen i Bergen. Avd IV. Nr 48.
- Hellevik, Alf. (2006) *Nynorsk ordliste*. Oslo, Det Norske Samlaget.
- Johannessen, Ole-Jørgen. (2000) *Jordebok for Bergen Bispedømme ca. 1600 – Med jordebok for hospitalet i Bergen ca. 1617-21*. Oslo, Riksarkivet.
- Jóhannesson, Alexander. (1956) *Isländisches etymologisches Wörterbuch*. Bern. A. Francke AG Verlag.
- Landkomisjonens jordebok, Bergen lagdømme, 1661. Pakke 24. Marifjer og Jostedals schibreider.
- Lid, Nils. (1933) *Jolesveinar og grøderikdomsgudar*. Oslo, Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo.
- Lindroth, Hjalmar. (1919) En nordisk gudagestalt i ny belysning genom ortnamnen. *Antikvarisk tidskrift för Sverige*. 20 (4). s. 1 – 75.
- Marstrander, Carl. (1949) Olsen, Magnus. *Norsk biografisk leksikon*. 1. utgåva. s. 463 – 467. Oslo, Kunnskapsforlaget.
- NG Forord og innledning = Rygh, Oluf. (1999) [1898] *Norske Gaardnavne – Forord og Indledning*. Oslo, Bjørn Ringstrøms antikvariat A/S.

- NG II = Rygh, Oluf. (1989) *Gaardnavne i Akershus Amt*. Kristiania, W. C. Fabritius & Sønners Bogtrykkeri.
- NG III = Rygh, Oluf. (1900) *Gaardnavne i Hedemarkens Amt*. Kristiania, W. C. Fabritius & Sønner, Aktieselskab.
- NG V = Falk, Hjalmar. (1909) *Gaardnavne i Buskeruds Amt*. Kristiania, W.C. Fabritius & Sønner A/S.
- NG VI = Kjær, Albert. (1907) *Gaardnavne i Jarlsberg og Larviks Amt*. Kristiania, W.C. Fabritius & Sønner A/S.
- NG X = Olsen, Magnus. (1915) *Gaardnavne i Stavanger Amt*. W.C. Fabritius & Sønner A/S.
- NG XI = Olsen, Magnus. (1910) *Gaardnavne i Søndre Bergenhus Amt*. Kristiania, W.C. Fabritius & Sønner A/S.
- NG XII = Kjær, Albert. (1919) *Gaardnavne i Nordre Bergenhus Amt*. Kristiania, W.C. Fabritius & Sønner A/S.
- NG XVI = Rygh, Karl. (1905) *Gaardnavne i Nordlands Amt*. Kristiania, W.C. Fabritius & Sønner A/S.
- Norgeskart.no (2009) Statens kartverk [Internett]. Tilgjengelig frå: <http://www.norgeskart.no/adaptive2/default.aspx?gui=1&lang=2> [lasta ned 18.11.2011].
- Nynorskordboka (2010). Nynorskordboka [Internett]. Tilgjengelig frå: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&nynorsk=S%C3%B8k%20i%20Nynorskordboka&ordbok=bokmaal&alfabet=n&renset=j&> [lasta ned 4.10.2010].
- Olsen, Magnus. (1905) Det gamle norske ønavn Njardarløg. *Forhandlinger i videnskabs-selskabet i Christiania*. Christiania, A. W. Brøggers bogtrykkeri. 47 (1) s. 1 – 29.
- Olsen, Magnus. (1915) *Hedenske kultminder i norske stedsnavne*. Kristiania, A. W. Brøggers Boktrykkeri A-S.
- Olsen, Magnus. (1926) *Ættegård og helligdom*. Oslo, H. Aschehoug & co (W. Nygaard).
- Olsen, Magnus. (1929) *Stedsnavn og gudeminner i Land*. Oslo, Det Norske Videnskaps-Akademi.
- Porkorny, Julius. (1959) *Indogermanisches etymologisches Wörterbuch*. Bern, A. Francke AG Verlag.
- Rindal, Magnus. (2003) Olsen, Magnus. *Norsk biografisk leksikon*. 2. utgåva, bind VII. s. 148 – 149. Oslo, Kunnskapsforlaget.
- Ross, Immanuel. (1920) Halgheim i Os. *Maal og minne*. 11 (1). S. 34-41.
- Sandnes, Jørn (1973). Datering av navneklasser ved landskyld-metoden. *Maal og Minne*. 64 (1 - 2). s. 12 – 28.
- Sandnes, Jørn & Stemshaug, Ola. (2007) *Norsk personnamnleksikon*. 4. utgåva. Oslo, Det norske samlag.
- Schmidt, Tom. (2007) *Bustadnavn i Østfold 7*. Oslo, Novus forlag.
- Skattematrikkelen X = Fladby, Rolf & Gjermundsen, Jon Ola. (1978) *Skattematrikkelen 1647 X – Rogaland fylke*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Skattematrikkelen XI = Fladby, Rolf & Winge, Harald. (1976) *Skattematrikkelen 1647 XI – Hordaland fylke*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Skattematrikkelen XII = Fladby, Rolf & Marthinsen, Liv. (1977) *Skattematrikkelen 1647 XII – Sog og Fjordane fylke*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Steinsland, Gro. (2005) *Norrøn religion – Myter, riter, samfunn*. Oslo, Pax Forlag A/S.

- Sundqvist, Olof. (2002) *Freyr's offspring – Rulers and religion in ancient Svea society*. Uppsala, Uppsala University Library.
- Særheim, Inge: Ein gard på kvar hol. I: Christensen, Lisbeth Eilersgaard & Bent Jørgensen red. *Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid. Rapport fra NORNA 38. symposium i Ryslinge 12.-15.5.2009*. Uppsala, NORNA-förlaget, s. 301 – 314.
- Tacitus, Cornelius. (1997) *Agricola og Germania*. Oslo, Aschehoug i samarbeid med Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek og Det norske akademi for sprog og litteratur.
- Vikstrand, Per. (2001) *Gudarnas platser – Förkristna sakrala ortnamn i Mälardalsregionen*. Uppsala, Akademisk avhandling, Kungl. Gustav Adolfs akademien för svensk folkkultur.
- Vikstrand, Per. (2009) Magnus Olsen som sakralnamnforskare. *Nytt om namn*. 25 (1). s. 67 – 73.
- Vikstrand, Per. (2011) Sakrala ordnamn – och centrala. Om den religiösa sfärens ställning i dimensionen centrum-periferi under förkristen tid. I: Christensen, Lisbeth Eilersgaard & Jørgensen, Bent red. *Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid. Rapport fra NORNA 38. symposium i Ryslinge 12.-15.5.2009*. Uppsala, NORNA-förlaget, s. 315 – 347.
- Wessén, Elias. (1921) Hästskede og lekslätt. *Namn och bygd*. 9 (1). s. 103 – 131.

Summary

This paper is a thorough study of place names containing *lund(a/e)* on the Norwegian west coast, where I have categorised the names into three groups: ‘sacral names’, ‘profane names’ and ‘undetermined names’. The background for placing these 38 *lund(a/e)* names in these groups is an investigation of the onomastic environment each name occurs in. When other sacral place names can be found in near proximity to a *lund(a/e)* name, there can be a reason to assume a cultic connection between the two names. An example of an onomastic environment containing names with possible cultic connections is Lunde – Sørbo – Hove – Skeie – Skeiane – Høyland (church) in Sandnes municipality. At times the distance between a *lund(a/e)* name and other sacral names can be too great to assume a cultic connection, and other times it can be unclear whether a name truly carries a sacral meaning or not. In cases where there are no sacral names close to a *lund(a/e)* name at all, the interpretation must be profane.

The information given from looking at tax levels of farms have been used to explain size, age and importance of the farms. I have therefore looked at tax levels of all farms within three kilometres from each *lund(a/e)* name, hoping it would be helpful to determine which category the name should be placed in. This, however, has proven to be an unsuccessful approach, and I have suggested this might be due to the sacred *lund* (sacred grove and/or sacrificial grove) being a cultivated outlying field without any larger arable land and production connected to it. In some cases I have used archaeology in this research, and urge any further investigations of Scandinavian *lund(a/e)* names to use archaeology as a method more thoroughly than what I have done in this paper.

In total there is a minimum of 36% sacral *lund(a/e)* names in the three counties Sogn og Fjordane, Hordaland and Rogaland. This number is close to the 30% sacral *lund(a)* names Per Vikstrand (2001) found in his research, indicating a similar distribution of this particular group of names in Norway and Sweden. However, both Vikstrand’s and my own research is on a limited area, and not representative for the countries as a whole. The highest percentage of sacral *lund(a/e)* names can be found in Rogaland, although in total there are more *lund(a/e)* names in Hordaland and Sogn og Fjordane. Regional differences seem to be evident, and further research in the field is required.

Samandrag

Denne teksten er ein gjennomgåande studie av sakrale *lund(a/e)*-namn på Vestlandet. Av dei til saman 44 samansette og usamansette *lund(a/e)*-gardsnamna har eg skrive gjennomgåande om 38 av dei, og delt dei inn i tre kategoriar – 'sakrale', 'profane', og 'usikkert tolka' namn. Grunnlaget for å plassera namna i dei ulike kategoriane, er namnemiljøa kring dei einskilde *lund(a/e)*-namna. I dei tilfella andre sakrale namn opptrer i nærleiken av gardane, har det blitt vurdert om korvidt dette kan vera onomastiske spor etter ein heilag lund eller offerlund. Døme på slike namnemiljø er Lunde – Sørbo – Hove – Skeie – Skeiane – Høyland (kyrkjestad) (i Sandnes), Hellaugvatnet – Frette – Vinja – Lunda (i Etne), og Hovland – Lundeland – Lekva (i Hyllestad). Somme tider er avstandene mellom namna for store til å sjå dei i kultisk samanheng, og andre gonger er tolkinga av mulige sakrale namn for vag. I dei tilfella ein ikkje finn sakrale namn i området, blir namnet tolka profant.

I eit forsøk på å kunna ta i bruk landskyldmetoden som teikn på sentralitet og sakralitet, har eg rekna ut landskylda for alle gardane innanfor tre km radius frå *lund(a/e)*-gardane. Dette har vist seg å ikkje føra meg nærare ei sikker plassering av namna innanfor dei tre kategoriane, og eg har spekulert i om dette kan skyldast at den heilage lunden har vore ei slags kultivert utmark, som ikkje har hatt store og grøderike jordområde knytt til seg. Eg har òg trukke inn arkeologi i enkelte tilfelle, og viser til at vidare undersøkingar av skandinaviske *lund(a/e)*-namn skulle kunna fått god drahjelp av arkeologiske undersøkingar av områder kring desse namna. Dette gjeld både for undersøkingar i andre delar av Skandinavia, og for nøyare gjennomgang av dei gardsnamna eg har gitt 'usikker tolking'.

Totalt er minst 36% av *lund(a/e)*-namna i dei tre vestlandsfylka Sogn og Fjordane, Hordaland, og Rogaland, sakrale. Dette ligg tett opp til dei 30% sakrale namna Per Vikstrand (2001) fant i Mälarskapskapet, og indikerer at ein i Noreg og Sverige har hatt ei nokså lik fordeling av denne namnegruppa. Det er likvelev viktig å hugsa at både min og Vikstrand si undersøking gjeld for eit avgrensa område, og på det viset ikkje representativt for ein landsdekkande heilskap. Sjølv i Vest-Noreg har ein tendensar til ulikskapar mellom fylka, der ein har prosentmessig flest sakrale *lund(a/e)*-namn i Rogaland, mens hovudvekta av namnegruppa er å finna i Hordaland og Sogn og Fjordane. At ein har regionale skilnader ser altså ut til å vera tilfelle, og ein treng vidare undersøkingar for å kartlegga dette.